

VINDAFJORD  
KOMMUNE

# Årsmelding og årsrekneskap 2021

Tekstversjon av digital utgåve publisert på:

[https://pub.framsikt.net/2021/vindafjord/mr-202112-årsmelding\\_og\\_årsrekneskap\\_2021/](https://pub.framsikt.net/2021/vindafjord/mr-202112-årsmelding_og_årsrekneskap_2021/)



## Innhold

Forord.....	3
Organisasjon og medarbeidarar .....	5
HMS og sjukefråvær .....	6
Sjukefråvær .....	7
Etikk .....	8
Rekruttering og lærlingar .....	9
Likestilling.....	10
Internkontroll .....	11
Status overordna mål og strategiar.....	13
Status kommunale planar .....	18
Utvikling i befolkning.....	19
Utvikling i befolkning per år .....	19
Utvikling per aldersgruppe.....	20
Aldersamansetning i Vindafjord samanlikna med Noreg.....	26
Folketal i grendene.....	26
Økonomiske nøkkeltal og analyse.....	28
Handlingsreglar - finansielle måltal .....	28
Økonomisk resultat i 2021 .....	28
Balansen .....	38
Status investeringsprosjekt .....	42
Årsrekneskap .....	46
§5-4 Løyvingsoversikt - drift (Framsikt 1A).....	46
§5-4 Sum løyvingar drift, netto (Framsikt 1B) .....	47
§ 5-5 Løyvingsoversikt - investering (2A).....	47
§ 5-5 Løyvingsoversikt - investering (2B).....	48
Balansen .....	50
§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3) .....	53
§ 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar.....	54
Notar .....	55
Kommunen sine rammeområde .....	72
Administrasjon og fellesdrift .....	75
Oppvekst og kultur .....	89
Helse og omsorg.....	114
Forvaltning, drift og utvikling .....	142
Vedlegg.....	160
1. Gjelds- og finansforvaltning .....	160
2. Resultatmelding revisjonsrapport "Økonomistyring innan helse og omsorg" .....	162



## Forord

Sjølv om Covid-19 pandemien sette sitt preg på den kommunale drifta og i 2021, har det vore jobba godt med både ordinær tenesteproduksjon og omstilling av organisasjonen gjennom året.

I fleire periodar gjennom 2021 vart samfunnet stengt ned, og både samfunnet og dei kommunale tenestene måtte tilpasse seg til dei gjeldande statlege og regionale retningslinjene. Mellom anna måtte oppvekstsektoren justere mellom ulike nivå i trafikklys-modellen, avhengig av den lokale smittesituasjonen.

Både oppfølging av den nasjonale TISK-strategien (Testing, isolasjon, smittesporing og karantene) og gjennomføring av vaksinerings av befolkninga var oppgåver den kommunale organisasjonen vart utfordra på gjennom 2021. Gjennom heile året hadde vi ei eiga "Covid-19-avdeling" i drift for å ta hand om desse oppgåvene, og i tillegg hadde vi svært god støtte frå frivillige som bidrog, særskilt med vaksinerings.

Pandemien har ført til ein god del ekstra kostnader for kommunen, utover det som vart budsjettert hausten 2021. Gjennom auka statstilskot vart dei direkte kostnadane for Vindafjord Kommune i all hovudsak dekkja. Underteikna har ikkje rekna på dei indirekte kostnadane, som mellom anna tidsbruk for heile organisasjonen, utsett arbeid og slitasje på dei tilsette, men ser at organisasjonen er påverka av situasjonen vi har vore gjennom dei siste snart to åra.

Sjølv om pandemien sette sitt preg på den kommunale drifta, er eg av den oppfatning av vi har levert gode tenester til innbyggjarane og i 2021.

Gjennom budsjettvedtaket for 2021 vart det gjort justeringar av budsjettet for å i større grad tilpasse budsjetttrammene i Helse- og Omsorg til behovet som har vist seg dei siste åra. Gjennom vedtaket vart det og gitt opning for å redusere talet på sjukeheimplassar. Gjennom 2021 har det vore arbeidd med å fortsette å tilpasse tenestenivået til budsjetttrammene, inkludert reduksjonen av sjukeheimplassar. Sjølv om det er vanskeleg å drive med slikt omstillingsarbeid i ein pandemi, viser årsrekneskapen at det gjennom 2021 var større samsvar mellom rammer og drift innan Helse og Omsorg, men at det fortsatt er eit meirforbruk i pleie- og omsorgstenestene og med kjøp av tenester for ressurskrevjande brukarar. Ein god del av meirforbruket i rammeområda, og å spesielt i Helse- og Omsorg kom som følgje av at pensjonskostnaden for 2021, vart ein del høgare enn det som var berekna ved budsjettering.

Arbeidet med omstilling av det samla tenestetilbodet i kommunen vil fortsetje i 2022, ei omstilling som vil vere naudsynt for å kunne møte dei demografiske endringane vi no ser starten på.

Og i 2021 var inntektssida av budsjettet unormalt. I heile kommunesektoren vart skatteinngangen betrakteleg høgare enn det som vart berekna ved kommuneproposisjonen frå mai 2020 og frå statsbudsjettet frå oktober 2020. Relativt til landsgjennomsnittet gjekk skatteinngangen for Vindafjord ned frå 112 % til 107 %, men ettersom den nasjonale skatteinngangen hadde ein så stor auke, sat vi likevel igjen med ein betrakteleg høgare skatteinngang enn budsjettert. Vidare var både finansinntekter og -utgifter vesentleg betre enn budsjettert, noko som samla sett gav eit godt positivt bidrag for det økonomiske resultatet. Netto driftsresultat på ca. 5 % er mykje høgare enn det budsjetterte og eit veldig godt resultat som styrkar dei økonomiske reservane til kommunen.

Etter fleire år med nedgang i folketalet, snudde trenden, og kommunen enda med ein auke på 70 innbyggjarar, noko som utgjorde ein auke på 0,8 %. Likevel hadde vi i 2021 det lågaste registrerte fødselstalet for kommunen så lenge dette har vore registrert. Folketalsutviklinga og samansetjinga av



denne (demografien) har stor innverknad på mellom anna rammeoverføringane frå staten, noko som igjen er viktige faktorar for utvikling av kommunen framover.

I 2021 vart det og igjen større aktivitet på det kommunale industriområdet på Dommersnes, der Aker Solutions har produsert understella til dei 11 havvindmøllene i prosjektet Hywind Tampen. Forhåpentlegvis er dette starten på eit nytt industrieventyr på Dommersnes, og kommunen ønskjer å nytte erfaringane frå denne perioden for å få til ei vidare utvikling av området. I 2021 vart og arbeidet med opparbeiding av Ølen Næringspark, der kommunen eig 49 %, starta opp. Ferdig opparbeidd utgjer Ølen Næringspark nærare 90 mål med næringsareal sentralt i kommunen, og mykje av arealet er alt selt. Samla sett blomstra det lokale næringslivet gjennom 2021, der børsnoteringa av Autostore kanskje var den største milepælen i eit aktivt år.

Sjølv om vi i starten på 2022 fekk eit oppsving i smittetala, kunne vi gjennom første del av året i stor grad returnere til ein "normal" kvardag både i arbeidslivet og i samfunnet elles. Likevel ser vi store utfordringar føre oss, gjennom Russland sin invasjon av Ukraina, med ein tilhøyrande forventa flyktingstraum. Etter mitt syn gjev erfaringane frå dei siste åra med unntakstilstand og pandemi og dei gode resultatane frå dei siste åra eit godt fundament for at Vindafjord kommune og vil vere i stand til å handtere dei utfordringane vi vil få framover.

Ølen, 28/3-2022

*Yngve Folven Bergesen*  
Kommunedirektør



## Organisasjon og medarbeidarar


Vindafjord kommune har i underkant av 900 medarbeidarar fordelt på omlag 640 årsverk.

### Organisasjonen

Kommunen leverer tenester "frå vugge til grav" til innbyggjarane i Vindafjord. Kommunen er organisert i sektorar, med kvar sin kommunalsjef for oppvekst, helse/omsorg og samfunnsutvikling.

Kommunedirektøren si leiargruppe består i tillegg av kommunalsjef økonomi og kommunalsjef personal og organisasjon. Kommuneorganisasjonen har 25 resultateiningar, dei fleste av desse innafor oppvekst. Ni av dei er skular. Tre av skulane er oppvekstsentre, med barnehagar integrert. I tillegg er det fire "reine" barnehagar. Det er fire stabsavdelingar: Økonomi, personal og organisasjon (inkl. løn), service og fellestenester og IKT. IKT er eit av fleire interkommunale samarbeid, og i dette tilfellet er vertskommunen Etne.

Vindafjord er vertskommune for fleire interkommunale samarbeid, f.eks. barnevern og PPT. Tenestekontoret er stabsavdeling innafor helse og omsorg, ein sektor med seks resultateningar. Her vart det gjort organisasjonsendringar i 2021, i form av å vidareføra tidlegare omorganisering av omsorgssentra. Der ein tidlegare hadde integrerte tenester i Ølen og Vats, gjekk ein over til delt heimeteneste/institusjon. I 2021 vart institusjonstenesta slått saman til eitt område med felles leiar, medan heimetenesta vart skilt ut som eiga eining. Området for samfunnsutvikling innbefattar kommunalteknisk, areal og forvaltning, reinhald samt kultur og læring.



Vindafjord kommune skal vera ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til beste for innbyggjarane. For å få til dette, er det nokre faktorar som må vera på plass internt i organisasjonen. Me må ha tilsette som har evne og vilje til stadig forbetring, som arbeider saman på tvers av interne skiljeliner, og som er tilsett i ein godt styrt og økonomisk ryddig organisasjon.



## Heiltid

Heiltidarbeidet starta i samband med KS sitt prosjekt "Nytt Blikk" i 2018. I 2021 har ein ikkje kunne samlast fysisk. Prosjektet har også i stor grad gått over i drift, og einingane det gjeld har fokus på heiltid i sitt daglege virke. For øvrig har dei mest relevante einingane vore sterkt påverka av pandemien også dette året. Vindafjord har konkrete mål om å auka heiltidsandelen og gjennomsnittleg stillingsstorleik. Det har me også klart. Heiltidsandelen er auka frå 33,3% i 2016 til 43,2% i 2020 (PAI-tal for 2021 er ikkje klare). Gjennomsnittleg stillingsstorleik er auka frå 73,8% i 2016 til 79,2% i 2020. Dette er kulturarbeid, og vil ta tid å endra. Det er likevel gjort betydelege framskritt på berre nokre få år. Heiltidsarbeidet er svært viktig for kommunen som arbeidsgjevar då auka grad av heiltid vil ha positive konsekvensar både på arbeidsmiljø og tilsette sin trivsel, kontinuitet i tenesta og brukarane sin trivsel samt leiarane sin kapasitet til å følgja opp sine tilsette. Heiltidsstatistikken er også omtalt under kapitlet "Likestilling".

## Tariff 2021

I 2021 vart det gjennomført lokale forhandlingar i alle kapittel, for fyrste gong sidan 2017. Av ulike grunnar var oppgjeret tidkrevjande for både arbeidsgjevar- og arbeidstakersida, så store deler av andre halvår gjekk med til dette arbeidet for deler av organisasjonen.

## HMS og sjukefråvær

Sjukefråværet var på 7,3% i 2021. Medarbeidarundersøkinga vart utsett. Kommunedirektør har jamnleg kontakt med tillitsvalde på sentralt nivå.

Totalt sjukefråvær for heile kommunen i 2021 var på 7,3 %. Av dette er 0,3 % rapportert som koronarelatert. I årsmeldinga for 2020 vart det sagt at pandemien og konsekvensane av den, kunne visa seg på fråvær også i ettertid av utbrot og liknande. Også 2021 vart eit pandemiår, og me fylgjer godt med på fråværsutviklinga no. I 2021 såg ein at Vindafjord stort sett låg lågt samanlikna med resten av kommunane på Haugalandet, og det same gjeld samanlikninga med resten av kommune-Norge.

Vindafjord kommune ligg over sitt mål på 6 % i 2021. Det er ofte store variasjonar i sjukefråværet, både når ein ser frå år til år, men også frå kvartal til kvartal. Når det gjeld korttidsfråværet det siste året rapporterer einingane om at ein del av dette skuldast luftveggssjukdom og koronarelatert fråvær. Særleg i einingar kor ein må vere fysisk til stades på jobb ser ein det igjen på statistikken.

Langtidsfråværet i kommunen skuldast i stor grad tilhøve som arbeidsgjevar ikkje kan gjere noko med, som alvorleg sjukdom, planlagde operasjonar og kroniske lidningar. Særleg i mindre einingar, vil langtidsfråværet slå kraftig ut på statistikken. I dei tilfella kor sjukefråværet skuldast tilhøve på arbeidsplassen, vert det jobba systematisk med. Bedriftshelsetenesta vert aktivt nytta i tilfelle kor det er behov for ekstra bistand i dette oppfølgingsarbeidet. Fleire einingar melder om at dei siste par årene med pandemi har vore krevjande og at dei opplev ein sliten organisasjon. Mange tilsette har som følgje av pandemien opplevd andre og fleire belastningar, både med tanke på tiltak, restriksjonar, stadige endringar, i tillegg til endring av arbeidsmetodikk og eit etterslep av arbeid. Ein ikkje utelukka at noko av fråværet kan skuldast slitasje over tid. Det må likevel også påpeikast at fleire leiarar rapporterer om at tilsette strekk seg langt for å sikre gode tilbod til kommunen sine innbyggjarar. Eit kontinuerleg fokus på sjukefråvær, både førebygging, tilrettelegging og oppfølging av dei som er borte frå jobb, er viktige for å sikre eit lågast mogleg sjukefråvær. Lågt sjukefråvær vil alltid vera både i arbeidsgjevars og arbeidstakers interesse, både ved å sikra effektiv drift, økt trivsel på jobb og eit godt psykososialt arbeidsmiljø.

I 2021 har me fått eit betre og mindre sårbart system for tilbakemeldingar frå einingane til sentral administrasjon på sjukefråvær og høve kring det. Der me før hadde eit reint mailbasert system, har me no gått over til å rapportera i Framsikt saman med økonomirapporteringane. Det gjer også at kommunalsjefane har mykje større innsikt og oversikt over status på sjukefråvær innafør sitt rammeområde.



#### Kvartalsvis sjukefråvær dei siste 10 åra

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1. kvartal	7,2	7,0	7,6	6,2	8,9	6,4	9,6	9,5	7,0	7,5	8,3
2. kvartal	5,0	6,2	6,7	5,2	7,7	6,8	7,5	8,0	5,9	6,1	6,5
3. kvartal	4,2	5,4	4,4	5,2	6,1	5,1	6,0	6,0	4,2	5,7	5,9
4. kvartal	5,9	7,1	5,5	8,1	7,1	6,9	7,7	8,0	7,0	8,9	8,5

Medarbeidarundersøkinga vart på ny utsett pga at me har meint at pandemien gjev ein lite representativ arbeidssituasjon for mange av våre tilsette. Den vil haldast i 2022. Elles har 2021 vore enda eit spesielt år med tanke på lite sosialisering, også på jobb. Mykje har vore avlyst og utsett. Det har naturleg nok påverka arbeidsmiljøet til den einskilde tilsette. Mange har vore på heimekontor og sett på skjerm store deler av året. Dette kan ha hatt negativ påverknad på ergonomiske tilhøve. Ein har likevel vore obs på at dei som har behov for å vera på kontoret, av ulike grunnar, skal vurderast for det. Andre har kanskje vore i situasjonar på jobb, kor ein har kjent på smittefrykt. Me er alle ulike, og for nokre har dette vore svært vanskeleg. 2021 kan difor ha vore eit utfordrande år på mange måtar, og me fylgjer med på verknadene av dette i året som kjem.

#### Tillitsvalde og verneapparat

Samarbeidet mellom kommunedirektør og hovudtillitsvalde, inkludert hovudverneombod, vert opplevd som godt. Det er halde jamlege møte også i 2021. Kommunedirektøren har kontaktmøte med hovudtillitsvalde omtrent kvar måned, kor heile strategisk leiargruppe plar vera tilstades. Dette kjem i tillegg til ei rekke andre drøftingsmøte for eksempel i samband med omorgansieringar, budsjett, overtal og anna. I samband med covid-19 vart det også oppretta ein chat-kommunikasjon i Teams som gjorde det mogleg å informera tillitsvalde raskt og effektivt.

#### Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og administrasjonsutvalet (ADMU)

Det vart halde fem AMU-møte og fire ADMU-møte i 2021.

#### Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,37 %	4,75 %	6,12 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,66 %	5,47 %	7,13 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,45 %	5,83 %	7,28 %

#### Sjukefråvær per måned

Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Denne måned i fjor
Korttid		0,81 %	0,43 %	1,36 %	1,76 %	0,39 %	0,38 %	0,12 %	0,16 %	3,72 %	2,25 %	2,46 %	0,14 %	1,71 %
Langtid		8,40 %	9,11 %	8,35 %	5,90 %	8,71 %	12,44 %	8,26 %	6,18 %	11,05 %	7,51 %	6,54 %	8,10 %	6,80 %
Samla	Administrasjon og fellesdrift	9,21 %	9,54 %	9,71 %	7,65 %	9,10 %	12,82 %	8,38 %	6,34 %	14,77 %	9,76 %	9,00 %	8,24 %	8,51 %



Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Denne måned i fjor
<b>Korttid</b>		1,48 %	1,08 %	1,53 %	1,15 %	0,63 %	0,90 %	0,23 %	0,77 %	2,05 %	2,00 %	2,33 %	2,09 %	1,29 %
<b>Langtid</b>		6,45 %	7,31 %	5,90 %	5,33 %	5,04 %	4,11 %	3,66 %	2,59 %	4,34 %	5,78 %	6,03 %	6,75 %	6,07 %
<b>Samla</b>	<b>Oppvekst og kultur</b>	<b>7,93 %</b>	<b>8,39 %</b>	<b>7,43 %</b>	<b>6,48 %</b>	<b>5,67 %</b>	<b>5,02 %</b>	<b>3,89 %</b>	<b>3,36 %</b>	<b>6,39 %</b>	<b>7,78 %</b>	<b>8,36 %</b>	<b>8,84 %</b>	<b>7,35 %</b>
<b>Korttid</b>		1,57 %	1,85 %	1,85 %	1,17 %	1,20 %	1,09 %	0,95 %	1,50 %	2,35 %	2,01 %	2,74 %	2,12 %	1,48 %
<b>Langtid</b>		8,10 %	7,85 %	6,60 %	4,93 %	5,98 %	5,06 %	5,01 %	5,03 %	5,01 %	5,64 %	6,22 %	5,62 %	9,46 %
<b>Samla</b>	<b>Helse og omsorg</b>	<b>9,66 %</b>	<b>9,70 %</b>	<b>8,45 %</b>	<b>6,09 %</b>	<b>7,17 %</b>	<b>6,15 %</b>	<b>5,96 %</b>	<b>6,53 %</b>	<b>7,36 %</b>	<b>7,64 %</b>	<b>8,95 %</b>	<b>7,75 %</b>	<b>10,93 %</b>
<b>Korttid</b>		0,90 %	0,65 %	0,33 %	1,15 %	0 %	1,27 %	0,23 %	0,99 %	0,90 %	1,75 %	1,51 %	0,09 %	1,68 %
<b>Langtid</b>		7,10 %	9,86 %	8,95 %	5,56 %	6,39 %	5,34 %	3,37 %	2,78 %	6,49 %	5,45 %	8,18 %	9,05 %	3,32 %
<b>Samla</b>	<b>Forvaltning, drift og utvikling</b>	<b>8,00 %</b>	<b>10,52 %</b>	<b>9,28 %</b>	<b>6,71 %</b>	<b>6,39 %</b>	<b>6,61 %</b>	<b>3,61 %</b>	<b>3,78 %</b>	<b>7,39 %</b>	<b>7,19 %</b>	<b>9,69 %</b>	<b>9,14 %</b>	<b>5,00 %</b>
<b>Korttid</b>		1,43 %	1,34 %	1,55 %	1,19 %	0,82 %	0,99 %	0,54 %	1,07 %	2,15 %	1,99 %	2,44 %	1,81 %	1,43 %
<b>Langtid</b>		7,34 %	7,87 %	6,61 %	5,20 %	5,77 %	5,10 %	4,48 %	3,84 %	5,17 %	5,77 %	6,34 %	6,56 %	7,35 %
<b>Samla</b>	<b>Sum sjukefråvær</b>	<b>8,78 %</b>	<b>9,21 %</b>	<b>8,17 %</b>	<b>6,39 %</b>	<b>6,59 %</b>	<b>6,09 %</b>	<b>5,02 %</b>	<b>4,91 %</b>	<b>7,32 %</b>	<b>7,76 %</b>	<b>8,78 %</b>	<b>8,37 %</b>	<b>8,78 %</b>

## Etikk

Vindafjord kommune har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde.

Eit levande og sunt lokaldemokrati byggjer på eit gjensidig tillitsforhold mellom innbyggjarane og dei folkevalde. Innbyggjarane sin tillit til dei folkevalde og offentleg tilsette er ein føresetnad for at lokaldemokratiet skal fungere. I ein kommune med godt omdøme, vil dei folkevalde sitt handlingsrom auka. Dette gjer det mogleg for kommunen å fylle rolla som ein god tenesteytar, samfunnsutviklar, forvaltningsmyndighet og arbeidsgjevar. Vindafjord kommune er ansvarleg for grunnleggjande velferdstenester og forvaltar store ressursar på vegne av alle kommunen sine innbyggjarar. Dette er eit ansvar som krev høg etisk bevisstheit. Vindafjord kommune har etiske retningslinjer utarbeidd både for folkevalde og tilsette. Dei etiske retningslinjene vart vedteke av kommunestyret i 2008, og er meint som eit tillegg til det lov- og avtaleverk som kommunen styrer si verksemd etter. Retningslinjene er oppsummert:

1. *Lovverk, interne reglar og vedtak skal fylgjast.*
2. *Vindafjord kommune skal leggja vekt på god forvaltningsskikk.*
3. *Sakshandsaminga skal vere open og redeleg.*
4. *Habilitet i sakshandsamiga.*
5. *Lojal framferd ovafor folkevalde.*
6. *Lojal framferd ovafor arbeidsgjevar.*
7. *Plikt til å varsle.*
8. *Vern mot straff forvarsling.*
9. *Tillitsvalde og verneomboda sine roller.*
10. *Det skal visast varsemd knytt til økonomiske forhold.*
11. *Lojal framferd mellom tilsette i alle ledd.*

Kva me gjer som folkevalde og tilsette i Vindafjord, påverkar omdømet til kommunen. Det er difor av betydning at me har evne til å handtera etiske problemstillingar. Mange står i større eller mindre etiske problemstillingar dagleg. Det har tidlegare vore eigne etikk-prosjekt i kommunen, men det er no i stor grad opp til einingane kva dei gjer i praksis. Det ligg mykje informasjon og verktøy i vårt kvalitetssystem under «Verdigrunnlag og etikk».

Nokre av einingane har god erfaring med etisk refleksjon. I nokre år hadde me Verdighetskonferansen/Vindafjordkonferansen, som tok opp ulike tema tilknytt etikk. Elles er etikk eit integrert tema i arbeidet for mange tilsette og folkevalde. Det blir f.eks. snakka om på personalmøte, i samband med diverse kommunale planar, i etterkant av medarbeidarundersøkingar, i



arbeidsgjevarstrategien, heiltidsarbeidet, sjukefråværsprosjekt, bruk av sosiale medier og i drift/arbeidsmetodar. 2020 og 2021 førte med seg ein pandemi som i aller høgaste grad utfordra kommunesektoren på etiske dilemma.

Etiske spørsmål er nært knytt til både leiar-, medarbeidar- og organisasjonsutvikling.

Medarbeidarundersøkinga er eitt tiltak som kan avdekka eventuelle utfordringar innafor etiske spørsmål. Undersøkinga har vore utsett på grunn av det me har vurdert som ein lite representativ arbeidssituasjon for mange dei siste åra, men er sett i gong i 2022. Tillitsvaldsapparatet er også ein del av kvalitetssikringa for ein etisk berekraftig organisasjon. Kommunedirektøren samarbeider mykje med tillitsvalde, blant anna med månadlege kontaktmøte på sentralt nivå og ei rekke drøftingar i løpet av eit år. Det har diverre ikkje vore mogleg å avholda tillitsvalddag dei siste åra på grunn av at ein på denne måten samlar ein god del menneske, meir enn det som har vore lovleg under smittevernsrestriksjonane. Tilsette og folkevalde pliktar å halda dei lovar, forskrifter, reglement og vedtak som gjeld for Vindafjord kommune. Den andre sida av dette er at ein som tilsett og folkevald også har eit ansvar for å ta opp forhold som ein meiner ikkje er i samsvar med kommunen sine etiske retningslinjer. Her kan ein for eksempel nytta varslingsystemet, eller *læringsystemet* som ein også kan kalla det. Vindafjord er i gong med arbeidet med innføring av nytt kvalitetssystem.


## Rekruttering og lærlingar

Det kan vera utfordrande å rekruttera f.eks. sjukepleiarar, legar, i nokon grad tilsette innafor oppvekstsektoren, fagarbeidarar på teknisk og av og til leiarar.

### Lærlingar

Me har sidan 2012 hatt 15 lærlingplassar i Vindafjord. Det vart då auka frå tolv plassar. Vindafjord kommune er ei anerkjent lærebedrift, og har motteke mykje ros for måten ein følgjer opp lærlingane på og det systemet ein har rundt det. Det krev ressursar å ta imot lærlingar. Kommunen er med i Haugaland Opplæringskontor, og har fast plass i styret der. Opplæringskontoret tar mykje av arbeidet kring lærlingane, og samarbeidet fungerer godt. Som vist under, er Vindafjord kommune den største lærebedrifta i Opplæringskontoret si portefølje. Kommunen har tatt samfunnsansvar i mange år. Som omtalt i budsjett og økonomiplan frå 2021, er det ikkje lengre budsjett til å ta inn 15 lærlingar. Dette skuldast delvis at lærlingane i 2020 fekk nye pensjonsrettar. Frå 1.1.2020 er lærlingane med i pensjonsordninga, noko som har gitt ekstra utgifter på lærlingbudsjettet på 15% .

I 2021 var det budsjett til 11-12 lærlingar, men på grunn av lågare innsøking så vart ikkje alle plassane fylt opp.



Biletet over viser tal lærlingkontraktar for dei største lærlingbedriftane i Haugaland Opplæringskontor si portefølje. Tala er ei oppsummering av alle kontraktar frå oppstart av Opplæringskontoret i 1996. Gamle Ølen kommune sine kontraktar er med i tillegg.

Lærlingane våre har tradisjonelt vore mange innafor helsefag og barne- og ungdomsarbeidarfaget. I tillegg har me hatt inne lærlingar på kontorlag, institusjonskokk, IKT og feiar. I 2021 hadde me lærlingar innafor helsefag og barne- og ungdomsfaget. Tilsøkinga på helsefag har hatt ein kraftig nedgang dei siste åra, som forhåpentlegvis er forbigåande. Me har i stor grad klart å gi søkjarar frå Vindafjord plass, og me prioriterer førstegangslærlingar for å få til det.

I 2021 hadde me totalt 13 lærlingar inne i løpet av året. Fem av desse i helsefag, resten i barne- og ungdomsfaget. Alle kvalifiserte søkjarar fekk tilbod om læreplass. Seks lærlingar bestod fagprøven i 2021. Kommunen har også opna for deltaking i ordninga «Fagbrev på jobb». Her er det mogleg å ta fagbrev på anna vis, ei ordning som ofte passar godt for dei som allereie har jobba nokre år hjå oss. Fagbrev via denne ordninga kan tas medan ein går i jobb, og ein får uttelling for praksis. Me veit om fleire av desse. I 2020 var det fleire som tok fagbrev på denne måten. Desse går ikkje via sentral administrasjon i kommunen, så her kan det også vera tilsette som tar fagprøven utan at me har oversikt over dei før dei eventuelt skal ha endra stilling/løn.

## Likestilling

Vindafjord kommune har ca. 90 % kvinnelege tilsette. Dette er ein stor del, også samanlikna med kommunesektoren elles. Kommunesektoren i Noreg, har omtrent 75 % kvinnelege tilsette. På einingsleiarnivå er kvinnedelen 86 % (24 av 28 leiarar på dette nivået er kvinner), og i strategisk leiargruppe er kvinnedelen 33 %. Kommunen har ei relativt tradisjonell fordeling mellom kjønn, kor det er få menn for eksempel i barnehagane og fleire for eksempel på teknisk. Me har tru på at eit mangfald er godt både for arbeidsmiljø og andre ting, og ynskjer difor gjerne ei litt mindre tradisjonell fordeling her.

Me ynskjer å utvikla heiltidstanken for alle våre tilsette. Det viser seg likevel at det stort sett er kvinner som går i deltidstillingar. Dette arbeidet er difor på mange måtar eit likestillingsarbeid, og ei kulturendring som i stor grad påverkar kvinner. Pr. 01.12.2019 hadde me ein total heiltidsdel på 40 %. Det har vore ei positiv utvikling her, frå 33,3 % i 2016. Kvinnelege tilsette har 35,8 % heiltid, og menn har 75,3 %. Dei siste åra har det vore ei lita auke på kvinner, og ei stor auke på menn. Den store auka på



menn handlar om at brannmennene no er ute av kommunen og inne i eit IKS. Desse utgjorde ein relativt stor del av mannlege tilsette, men hadde stort sett svært små stillingar. Gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen er 77,4 %. Den har til liks med heiltidsdelen auka dei siste åra, frå 73,8 % i 2016. Her er gjennomsnittet for kvinner 76,2 % medan menn har 75,3 %. Dette er altså høgare for kvinner, og tyder på at me i Vindafjord har ein ganske liten del kvinner i heiltidsstillingar, men at dei likevel går i relativt store stillingar, f.eks. i 80%. Dette kjenner me igjen frå røynda i organisasjonen, kor det ser ut til at mange kvinner aller helst vil ha stillingar i storleik 60-80 %. Det er i endring, men dette handlar om å endra kultur. Det vil difor gå sakte, men forhåpentlegvis fortsetja å betra seg. Arbeidsgjevar ynskjer seg i utgangspunktet tilsette i fulle og store stillingar, der det er mogleg å få til.

Likestilling kan også handla om integrering basert på andre faktorar enn kjønn. Menneske med funksjonsnedsettingar, menneske med anna etnisk bakgrunn, menneske med ulik seksuell orientering eller kjønnsidentitet og menneske med hol i CV-en kan også vera del av dette. Kommunen ynskjer å vere ein arbeidsplass som integrerer og involverer alle våre ulike medarbeidarar, og dermed redusere risikoen for diskriminering og andre hindre for likestilling.

Me ynskjer også eit mangfald i alderssamansetning i kommunen. Per no ser aldersfordelinga slik ut:

Alder	Tal tilsette	Prosent
0 - 29	93	10,86 %
30 - 39	175	20,44 %
40 - 49	230	26,87 %
50 - 59	222	25,93 %
60 - 69	136	15,89 %
Sum	856	100 %

I 2020 blei likestillings- og diskrimineringslova endra med tanke på arbeidsgjevarar aktivitets- og redegjæringsplikt. Lova omtalar arbeidsgjevarar aktivitetsplikt på følgjande måte:

*«Alle arbeidsgivere skal, innenfor sin virksomhet, arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling, hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjoner av disse grunnlagene, og søke å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vold.*

*Arbeidet skal blant annet omfatte områdene rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremmelse, utviklingsmuligheter, tilrettelegging og mulighet for å kombinere arbeid og familieliv.»*

Det er naturleg å inkludere dette i Vindafjord kommune sin arbeidsgjevarstrategi. Covid-19 har gjort at dette arbeidet ikkje er kome fullt i gang.

## Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhald av lov, og sikre at erfaringar som er hausta i organisasjonen vert nytta til å gje betre tenester til innbyggjarane.



Internkontroll er:

- Skildring av administrasjonen sine hovudoppgåver, mål og organisering
- Prosedyrar
- Avvik og risiko for avvik
- Dokumentasjon av internkontrollen
- Evaluera og forbetra prosedyrar og tiltak for internkontroll

Standarden for oppgåvene/tenestytinga er skildra i prosedyrar i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem. Dersom oppgåvene/tenestytinga ikkje vert levert i samsvar med prosedyrane, dannar det grunnlag for å melda avvik. Slike avviksmeldingar vert sendt elektronisk, til dei er følgt opp og lukka. Avviksmeldingar har til føremål å bringa avvik til opphøyr, gjenoppretta normaltilstand og hindre gjentakning. Avvik kan også gje viktige statistiske data over kor organisasjonen har forbetringspotensiale. Kvalitetssikringsarbeidet handlar også om å identifisere suksessfaktorane for å lykkast på ulike arbeidsområde i organisasjonen.

### **Avvik**

Samla sett vart det innlevert 396 avvik gjennom avvikssystemet i løpet av 2021. Per 31.12.21 var 16 av dei fortsatt til behandling. Nær 52 % av avvika var knytt til tenestekvalitet, medan nær 37 % av avvika var knytt til HMS. To avvik var som følgje av ein ekstern klage. Dei resterande var knytt til informasjonstryggleik, branntryggleik og andre høve ved arbeidsplassen. HMS-avvika er jamleg på sakslista til Arbeidsmiljøutvalet (AMU).

### **Statlege tilsyn**

Statsforvaltaren i Rogaland (dåverande Fylkesmannen i Rogaland) gjennomførte i november/desember 2020 eit dokument-tilsyn av Vindafjord kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, med ein førebels rapport oversendt 7. januar 2021, oppsummeringsmøte 14. januar 2021 og endeleg rapport datert 25. februar 2021.

Som oppfølging av dette tilsynet har Vindafjord Kommune vedteke ein revidert Risiko- og Sårbarhetsanalyse med tilhøyrande handlingsplan, samt utarbeidd ny beredskaps-plan for organisasjonen.

### **Forvaltningsrevisjon**

Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon i fjor "Internkontroll i barnehage og skule" med 9 tilrådingar. Rapporten blei behandla i kommunestyret i desember 2021.

Kommunestyret behandla og oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport "Økonomistyring innan helse og omsorg" frå 2020.

Kommunestyret bad i oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen kommunedirektøren å utarbeide ei resultatmelding som skal syne status for og resultat i oppfølginga av revisjonsrapporten. Resultatmeldinga ligg som vedlegg til årsmelding og årsrekneskap for 2021.

### **Beredskap**

Både 2020 og 2021 var år for mykje beredskapsarbeid og kriseleiing. På slutten av 2021 hadde me også eit tredagars beredskapskurs bestående av ulike element innafor krisehandtering. Det var beredskapsgruppa som var målgruppe, men også heile Vindafjord kommune sitt leiarforum deltok på deler av kurset. Me ser for oss at dette er eit kurs som me vil halda jamleg framover, f.eks. ein gong i året. Nytt kurs er bestilt for 2022.



## Status overordna mål og strategiar

Kommunen har i 2021 jobba med dei tre hovudmåla effektiv tenesteyting, berekraftig organisasjonsutvikling og framtidsretta samfunnsutvikling.

### Visjon

*Vital og sentral*

”Vindafjord kommune – VITAL OG SENTRAL” er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetjing som livskraftig distriktskommune på Indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder. I ordet VITAL ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg framføre oss. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val.

I ordet vital ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nytta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggjarane. Kommunen skal vera stadig på leit etter betre løysingar for innbyggjarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene.

Ordet SENTRAL femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet. Det er forpliktande i høve til utvikling av Ølen sentrum og å leggja til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetjing at kommunen er sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablere seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

### Verdiar

- Den kommunale tenesteytinga skal vera prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplever meistring av eigen kvardag og eige liv.
- Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vera prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
- Vindafjord kommune skal vera i takt med utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prega organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikla god praksis.
- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
- Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

Kommunestyret vedtok i Budsjettet for 2020 3 hovudmål det skulle jobbast med i 2020.

Situasjonen med utbrotet av Covid-19 har påverka arbeidet med desse hovudmåla gjennom 2020, og det vert her gjort kort greie for status på dette arbeidet gjennom året.

### Effektiv tenesteyting

*I løpet av dei neste åra er det viktig å utvikla tenestene med tanke på meir førebygging og meir hjelp til sjølvhjelp. Kommunen skal i større grad leggja til rette for den einskilde sin moglegheit til å klara seg sjølv og i mindre grad «ta over» ansvaret. Dette krev meir satsing på førebygging og tilrettelegging, haldningsendringar hjå dei tilsette og nytt blick på den einskilde sitt reelle behov. Motivasjon og arbeids glede hos den einskilde tilsette er viktig for å få til haldningsendring, vilje og lyst til å ta nye utfordringar i naudsynt tenesteutvikling.*



*For å få dette til, satsar kommunen på å rekruttera og utvikla leiarar med fokus på desse hovudområda innan arbeidsmiljø:*

*- leiing og organisering, psykososialt arbeidsmiljø og kultur, fag, fysisk arbeidsmiljø og ergonomi og individuelle tilhøve.*

*Innsats her vil på sikt føra til naudsynt nedgang i sjukefråvær.*

#### **Kommunestyret vedtok følgjande delmål under dette hovudmålet:**

- *Enkeltmenneska skal i størst mogeleg grad meistra eige liv. Tenestetilbodet basert på samarbeid og medansvar skal byggja opp om dette*
- *Ha butilbod som er tilpassa menneske i ulike livssituasjonar*
- *Tilretteleggja for gode bu- og oppvekstvilkår for born og unge*
- *Vera eit ope og inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking*

#### **Status**

I løpet av 2020 inngjekk Vindafjord kommune, saman med ei rekkje andre kommunar på Haugalandet inn ein rammeavtale om tryggleiks- og mestringsteknologi. Denne avtalen gjer det mogeleg å ta i bruk moderne teknologi som gjer det mogeleg for fleire av våre tenestemottakarar å bu i eigen heim. Gjennom 2021 er det utrulla utstyr i samsvar med denne avtalen.. I tillegg har ein i større grad tatt i bruk elektroniske medisindispensarar for våre heimebuande tenestemottakarar. Vidare har ein gjennom 2021 jobba med ei omstilling av tenestetilbodet i Pleie- og Omsorg, der ein i større grad skal vri tenestetilbodet mot heimebaserte tenester.

Vindafjord kommune har i 2021 jobba vidare med BTI-modellen (Betre Tverrfagleg innsats). Dette er ei satsing som sikrar betre samhandling mellom tenestene som gjev tilbod til barn i kommunen.

#### **Berekraftig organisasjonsutvikling**

*Vindafjord kommune skal vera ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til beste for innbyggjarane. For å få til dette, er det nokre faktorar som må vera på plass internt i organisasjonen. Ein må ha tilsette som har evne og vilje til stadig forbetring, som arbeider saman på tvers av interne skiljeliner, og som er tilsett i ein godt styrt og økonomisk ryddig organisasjon. Skal ein få dette til, er det viktig å involvera tillitsvalde tidleg i omstillingsprosessar. Leiarane må vera tydelege, ha god leiarkompetanse og ta ansvar for å få til eit godt samarbeid*

#### **Kommunestyret vedtok følgjande delmål under dette hovudmålet:**

- *Ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for våre innbyggjarar*

#### **Status**

Vindafjord kommune vart, som i 2020 utfordra på å ta i bruk verktøy som sikrar utvikling og samhandling i ein "unormal" kvardag med heimekontor og få fysiske møteplassar. Sjølv om Covid-19-pandemien har vore utfordrande for kommunen, har den og stilt store krav til omstilling i tenestene, og dette har gjort det mogeleg å gje innbyggjarane gode tenester i ei utfordrande tid.

I tillegg til endringane som har vore ein følge av Covid-19 har administrasjonen og innført fleire ulike verktøy og system som, saman med endra arbeidsprosessar, vil forenkle kvardagen for dei tilsette.



Mellom anna har ein tatt i bruk planmodul og vidareutvikla rapportering gjennom Framsikt og oppdatert sak/arkivsystem i eit samarbeid med 6 andre kommunar på Haugalandet.

### Framtidsretta samfunnsutvikling

*Lokal samfunnsutvikling spenner vidt. Det handlar om kommuneplanen, stadsutvikling, å skapa engasjement og tilhøyre, utradisjonelle og nyskapande grep i utviklinga av tenestetilbodet, å stimulera til demokratisk deltaking, samferdsle, transport og digital infrastruktur for å nemna noko.*

*Samfunnsutviklingsrolla handlar i stor grad om å utnytta det lokalpolitiske handlingsrommet og å organisera arenaer for samhandling og utvikling av nettverk mellom dei ulike aktørane i lokalsamfunnet. Kommunen har ei nøkkelrolle i å få til ei positiv samfunnsutvikling. Kommunen må ta ansvar for heilskap i prosessane, sørgja for at alle grupper blir høyrte og representerte. Kommunen må mobilisera til lokale krafttak og utløysa og støtta opp om lokale initiativ. Dette arbeidet må gjerast i nært samarbeid med grendelaga, med frivillige lag og organisasjonar og med næringslivet. Kommunen har tradisjon for dugnadsarbeid, både frå næringslivet, frivillige lag og organisasjonar og enkeltindivid. Den dugnadsanda blir viktig å pleia.*

*Ny vekst i Vindafjord!*

*For å få ny vekst innan eit variert næringsliv må kommunen vera på «offensiven» som ein attraktiv kommune å etablera seg i. Vekst i næring og etablering innan så vel handel, tenesteyting, industri og landbruk vil skapa nye arbeidsplassar, auka inntekter og få nye innbyggjarar til kommunen. Eit viktig tiltak for å nå dette målet er å ha ei strategisk satsing på tilrettelegging, utvikling og marknadsføring av ledige næringsareal i heile kommunen. Dette gjelder både kommunale og private næringsareal som er avsett i arealplanen til kommunen. Det skal og vera fokus på samarbeid og ei effektiv førstelinjeteneste for næringslivet som kontaktar kommunen. Det er viktig å vera synleg og vera klar til handling når nytt næringsliv vil etablera seg i kommunen.*

### Status

#### **Mål: Forvalta naturressursar og menneskeskapte verdiar forsvareleg**

*Strategi: I arealplanlegginga skal ein sikra at viktige jord- og skogbruksområde og andre naturressursar ikkje vert nedbygde*

Det er ei viktig oppgåve i planlegginga og forvaltning å ta vare på naturressursane og særskilt verna om god matjord. Samstundes veit me at jordvernet må balanserast mot storsamfunnet sine behov. Denne balansen arbeidast det med i kvar sak og plan som er oppe til behandling gjennom året. Denne balansen er særleg viktig i revisjonsarbeidet til kommuneplanen som har hatt oppstart i 2020.

Særleg fokus er knytt til arbeid om god økologisk tilstand i våre vassdrag som følgjast opp i interkommunal koordinering av vannnormådearbeidet. Prosjekt frivillige tiltak har bidratt med mange gode prosjekt i den 3 årige i landbruket

#### **Mål: Fremja folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader**

*Strategi: Arbeida heilskapleg og sektorovergripande med folkehelse*

Kommunen skal ha «folkehelse i alt me gjer».

#### Folkehelsearbeidet

Arbeidet med folkehelse i kommunen er organisert gjennom folkehelseforum. Folkehelseforumet er tverrfagleg med representantar frå alle fagområda i kommunen. Forumet utarbeidar og arbeidar etter



årlege tiltaksplanar. Det meste av arbeidet foregår i heileorganisasjonen og mest i ordinær drift, men med eit lite årleg tilskot på ca 100 000. Arbeidet i 2020 og 2021 er sterkt råka av korona og mange tiltak var derfor ikkje mogleg å gjennomføre.

Det interkommunale prosjektet "trygge foreldre", finansiert gjennom folkehelseprograammet hadde oppstart i 2020 og er godt i gang. Vindafjord, Sauda, Tysvær, Karmøy og Haugesund skal i løpet av dei 5 prosjektåra kurse alle førstegangforeldre i cos-p som er eit kurs som skal trygge foreldrerolla i betre tilknytting mellom foreldre og barn. Det første kurset blei gjennomført i 2021 og det vil bli gitt ei statusrapport for dette prosjektet midtvegs i kommunestyret i løpet av 2022.

#### **Mål: Ha energi-, og klima- og miljøfokus med i kommunal planlegging og i konkrete tiltak**

*Strategi: Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima- og miljø.*

Kommunen har starta bygginga av Solbakken som skal legge til rette for 7 nye omsorgsbustadar. I planlegginga av dette bygget energi- og miljøtiltak blitt vurdert og bygget blir kopa til flisfyringsanlegget i Ølen og får solcellepanel på taket. Ladepunkt for elbil blir planlagt og bygd ved nye kommunale bygg og for nye parkeringsplassar. I 2020 blei me med i det interkommunale prosjektet som arbeidar fram klimavennleg innkjøp.

Vidareutvikling og auka bruk av «digitale møte», ved bruk av Teams har blitt innført i heile organisasjonen og brukast også i utstrakt bruk etter pandemien også. Vidareutviklinga og auken er komen som ein direkte konsekvens av korona-pandemien, men viser at dette kan gje betydelege økonomiske og miljømessige innsparingar.

Hausten 2021 jobba kommunen fram sitt første klimabudsjett og vil frå 2022 ha fleire direkte klimabudsjett-tiltak å rapportere på.

#### **Samfunnstryggleik og beredskap**

*Strategi: Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima- og miljø.*

Revisjon av "Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vindafjord kommune" blei vedteken våren 2020. Handlingsplanen for samfunnstryggleik og beredskap blei vedteken i november 2020. Etter tilsyn frå statsforvalteren i desember 2020 måtte kommunen revidere både ROS-analysen og handlingsplanen. Begge blei endeleg vedteken til sommaren 2022.

#### **Mål: Årleg befolkningsvekst på 1 %**

*Strategi: Det er viktig å utvikla og marknadsføre Vindafjord kommune*

#### **Attraktivitet og busetnad**

Kommunen hadde ein befolkningsauke på omlag 1% i ca 10 år fram til 2015. Den kurva flata så ut og dei siste åra har det vore ein reduksjon i folketallet. Pr. 4 kvartal i 2021 var det **8 775 innbyggjarar** i Vindafjord kommune. Det siste året har det vore ei svak auke i folketallet igjen og dette må med arbeide aktivt vidare med.

Prosjekt Vakre Vindafjord har vore eit viktig arbeid dei 3 siste åra. Hovudmålet er å få fleire til å busetja seg i kommunen. Hausten 2020 blei det vedtatt at prosjektet skal vidareførast i 3 nye år frå 2020-2023. 2020 har også her vore sterkt prega av korona og mykje av arbeidet har måtte vente og fleire tiltak har blitt mellombels stoppa.



Arbeid med marknadsføringsprosjektet og særleg ny underside for Vakre Vindafjord var særleg viktig i 2021 og blei [lansert](#) 08. juli. Det har og vore drift av handlebussen i heile 2021.

### **Næringsliv og handel**

Den største næringsgruppa i Vindafjord kommune er industriverksemd, etterfølgd av helse- og sosialtenester og jordbruk, skogbruk og fiske. Vindafjord er kjent for eit sterkt næringsliv. Vindafjord kommune er på 22 plass på [NHOs kommunebarometer](#). Barometeret rangerar kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi.

2021 har vore prega av korona- pandemien og for næringsliv og handel har 2021 både vore svært vanskeleg, men og gitt nye moglegheiter og hausten 2021 varsla store deler av næringslivet stor framtidstru. Det lokale næringslivet har vist stor omstillingsevne.

Svært mange bedrifter, særleg små og mellomstore, har framleis store utfordringar og store tap som følgje av pandemien. Vindafjord kommune har fått tildelt midlar til kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemdar i fleire omgangar gjennom heile 2021 (og 2020). Kommunen har i til saman 4 rundar blitt tildelt kroner 2 218 935. Lokalt næringsliv i Vindafjord har søkt og fått utbetalt desse midlane.

I 2021 vart det og igjen større aktivitet på det kommunale industriområdet på Dommersnes, der Aker Solutions har produsert understella til dei 11 havvindmøllene i prosjektet Hywind Tampen. Forhåpentligvis er dette starten på eit nytt industrieventyr på Dommersnes, og kommunen ønskjer å nytte erfaringane frå denne perioden for å få til ei vidare utvikling av området. I 2021 vart og arbeidet med opparbeiding av Ølen Næringspark, der kommunen eig 49 %, starta opp. Ferdig opparbeidd utgjer Ølen Næringspark nærare 90 mål med næringsareal sentralt i kommunen, og mykje av arealet er alt selt. Samla sett blomstra det lokale næringslivet gjennom 2021, der børsnoteringa av Autostore var det største hendiga i eit aktivt år.

Kommunen samarbeider tett med næringslivet særleg gjennom tett kontakt med medvind24 og Fikse næringsutvikling. I 2021 har det og blitt sett opp faste fellesmøte mellom administrasjonen i Etne og Vindafjord saman med medvind24 og Fikse næringsutvikling. Me har i 2021 fått starta aktivt med besøk til bedriftene i kommunen. Medvind24 har og ansvar for førstelinjetenesta til Vindafjord kommune. Årsrapport frå medvind24 ligg vedlagt denne rapporten.

Det er viktig at Ølen som kommunesenter og regionalt senter får ei god utvikling når det gjeld aktivitet og handel.

Ein viktig del av tettstadprosjektet i Ølen har vore å få utarbeida ein moglegheitstudie. Denne blei utarbeida og ferdigstilt våren 2021. [Moglegheitstudien](#) viser mange spennande moglegheiter for Ølen framover. Moglegheitene må løftast fram i planar og budsjett og bør realiserast i samarbeid med både næring og andre frivillige lag og organisasjonar.



## Status kommunale planar

Arbeid med kommunale planar skal skje i samsvar framdriftsplan i vedteken planstrategi. Her viser oversikt over arbeid i 2021.

Status for arbeid med strategiske planar i 2021:

PLANBEHOV	Status 2021
Kommuneplanen - samfunnsdelen 2021-2033	Planprogram vedtatt juni 2021. <i>Omfattande arbeid med medverknadsprosessen til samfunnsdelen og arealdelen sommaren og hausten 2021.</i>
Kommuneplanen - Arealdelen 2021-2033	Planprogram vedtatt juni 2021. <i>Omfattande arbeid med medverknadsprosessen til samfunnsdelen og arealdelen sommaren og hausten 2021.</i>
Barnehage- og skulebruksplan	<i>Arbeid med intern medverknad , vurdering av høyringsinnspel og utarbeiding av saksframlegg til Barnehage- og skulebruksplan som skal leggsat ut på høyring i januar 2022</i>
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg	<i>Arbeid med revisjon er starta opp men er blitt kraftig forseinka grunna koronapandemien</i>
Plan for oppfølging av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap i Vindafjord kommune	<i>Revidert plan for oppfølging av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap er utarbeida og vedtatt november 2020. Statsforvaltaren sitt tilsyn i desember gjorde at denne først blei endeleg vedteken sommaren 2021.</i>
Plan for pedagogikk og strategi for skulane og barnehagane i Vindafjord kommune	Utsatt på grunn av LK2020
Arbeidsgjevarstrategi	Oppstart revisjon 2022.

Status for arbeid med temaplanar i 2021

PLANBEHOV	Status 2021
Plan for kommunal beredskap og kriseleing i Vindafjord kommune	Slutført Vedteken i juni 2021
Ferdigstille trafikksikringsplanen.	Slutført <i>Denne er forseinka pga av manglande kapasitet og korona-pandemien</i>
Plan for sysselsetting og Integrering	Ikkje starta
Hovudplan for vassforsyning	Oppstart 2021. Hovudplan er under arbeid
Revidera NMSK-strategi (nærings- og miljøtiltak i skogbruket)	Ikkje starta
Gjennomgang og planprosess for oppheving av gamle planar som er til hinder for utviklinga	Ikkje starta
OPPGÅVER PÅ OPERATIVT NIVÅ	
Bli trafikksikker kommune.	Oppstart <i>Denne er forseinka grunna korona-pandemien, men planlagt ferdig seinast hausten 2022.</i>




## Utvikling i befolkning

### Utvikling i befolkning per år

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>Folketal ved inngangen av kvartalet</b>	<b>8 298</b>	<b>8 447</b>	<b>8 615</b>	<b>8 753</b>	<b>8 780</b>	<b>8 788</b>	<b>8 828</b>	<b>8 793</b>	<b>8 743</b>	<b>8 714</b>	<b>8 705</b>
Fødde	119	114	101	109	94	113	107	88	103	80	75
Døde	79	71	72	78	86	69	80	81	81	72	61
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>40</b>	<b>43</b>	<b>29</b>	<b>31</b>	<b>8</b>	<b>44</b>	<b>27</b>	<b>7</b>	<b>22</b>	<b>8</b>	<b>14</b>
Innvandring	154	180	171	138	103	80	63	56	56	67	114
Utvandring	45	28	56	79	49	79	47	74	61	27	72
Innflytting, innanlands	245	239	250	219	246	256	228	207	225	242	298
Utflytting, innanlands	248	266	263	291	284	263	306	246	272	300	282
<b>Netto innvandring og flytting</b>	<b>106</b>	<b>125</b>	<b>102</b>	<b>-13</b>	<b>16</b>	<b>-6</b>	<b>-62</b>	<b>-57</b>	<b>-52</b>	<b>-18</b>	<b>58</b>
<b>Folkevekst</b>	<b>149</b>	<b>168</b>	<b>132</b>	<b>18</b>	<b>23</b>	<b>40</b>	<b>-35</b>	<b>-50</b>	<b>-29</b>	<b>-9</b>	<b>70</b>
<b>Folketalet ved utgangen av kvartalet</b>	<b>8 447</b>	<b>8 615</b>	<b>8 747</b>	<b>8 765</b>	<b>8 788</b>	<b>8 828</b>	<b>8 793</b>	<b>8 743</b>	<b>8 714</b>	<b>8 705</b>	<b>8 775</b>

### År



I løpet av 2021 auka folketalet i Vindafjord med 70 personar, noko som svarar til ein vekst på om lag 0,8 %. Endringa er sett saman av eit fødselsoverskot på 14 personar, og ei netto innflytting på 58 personar. Vindafjord kommune har ei målsetting om ein årleg vekst i folketalet på 1 % eller meir.



I 2021 blei det født berre 75 barn i Vindafjord kommune, det er det lågaste fødselstalet som er registrert i kommunen dei siste 70 åra. Tidlegare var det lågaste registrert talet 80 barn i 2020. 61 daude er langt under snittet dei 10 siste åra på om lag 76 personar. Fødselsoverskotet i 2021 var på 14 personar, godt under snittet for dei 10 siste føregåande år på 25,2 personar.

I 2021 var det for fyrste gang på mange år ei netto innflytting innlands til kommunen på 18 personar. Dei ti føregåande åra har det berre vore netto utflytting, i snitt om lag 38 personar årleg. Talet innlands innflyttarar er med nesten 300 godt over normalen dei siste 10 åra som i snitt har vore om lag 235 personar. Netto innvandring var positiv i 2021, med totalt 42 personar. Dette er om lag det same som i 2020 (40 personar).

Ved årsskifte var det 8 775 innbyggjar i kommunen. Det blei 70 fleire Vindafjordingar i løpet av 2021, sjølv om fødselstalet var det lågaste som er registrert.


### Utvikling per aldersgruppe

Vindafjord kommune har eit mål om ein årleg befolkningsvekst på 1 %. Dei siste 10 åra er det berre i 2013 (2,0 %) og 2014 (1,5 %) ein har klart målsettinga. Veksten frå 2021 til 2022 på 70 personar svarar til 0,8 %. Like viktig som ha vekst i folketalet er det kva aldersgrupper som veks. Dei yngste gruppene (0-19 år) har samla blitt redusert med over 200 personar dei siste 10 åra. Gruppa 20-66 år har auka med 289 personar, og gruppa med personar over 67 år har auka med 250 år. Gruppa 0-19 år utgjorde i 2021 27,8 % av befolkninga i Vindafjord, ved starten på 2022 er de redusert til 24,3 %. Tilsvarende har gruppa 67+ år auka frå 14,5 % i 2012 til 16,8% i 2022. Gruppa 20 - 66 år har og ein liten auke, frå 57,8 % i 2012 til 58,9 % i 2022.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>0 - åringar</b>	116	120	104	113	99	112	106	89	98	80	<b>78</b>
<b>Barnehage (1-5 år)</b>	531	577	579	584	586	570	555	547	520	510	<b>491</b>
<b>Grunnskule (6-15 år)</b>	1 205	1 199	1 184	1 155	1 147	1 131	1 117	1 129	1 115	1 129	<b>1 136</b>
<b>Videregående (16-19 år)</b>	494	483	509	511	498	509	513	493	486	457	<b>429</b>
<b>Vaksne (20-66 år)</b>	4 879	4 991	5 101	5 129	5 187	5 189	5 171	5 119	5 107	5 101	<b>5 168</b>
<b>Eldre (67-79 år)</b>	746	758	778	788	807	851	865	915	936	980	<b>1 014</b>
<b>Eldre (80-89 år)</b>	389	392	390	378	363	357	362	345	353	345	<b>353</b>
<b>Eldre (90 år og eldre)</b>	87	95	102	107	101	109	104	106	99	103	<b>106</b>
<b>Total</b>	<b>8 447</b>	<b>8 615</b>	<b>8 747</b>	<b>8 765</b>	<b>8 788</b>	<b>8 828</b>	<b>8 793</b>	<b>8 743</b>	<b>8 714</b>	<b>8 705</b>	<b>8 775</b>




## 0 - åringar



	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>0 år</b>	116	120	104	113	99	112	106	89	98	80	<b>78</b>
<b>Total</b>	<b>116</b>	<b>120</b>	<b>104</b>	<b>113</b>	<b>99</b>	<b>112</b>	<b>106</b>	<b>89</b>	<b>98</b>	<b>80</b>	<b>78</b>

Tal 0-åringar viser både fødselstal og eventuell flytting i denne aldersgruppa. Fødselstalet i 2021 var med 75 det lågaste som er registret i Vindafjord kommune. Fødselskulla dei siste 10 åra har i snitt vore på rundt 100 barn, med ekstra store kull i 2012 og 2013. Dei to siste åra har vore markant under snittet.

## Barnehage (1-5 år)




	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>1 år</b>	110	124	118	103	117	103	110	111	93	99	<b>83</b>
<b>2 år</b>	112	118	124	122	104	117	104	109	108	94	<b>97</b>
<b>3-5 år</b>	309	335	337	359	365	350	341	327	319	317	<b>311</b>



<b>Total</b>	<b>531</b>	<b>577</b>	<b>579</b>	<b>584</b>	<b>586</b>	<b>570</b>	<b>555</b>	<b>547</b>	<b>520</b>	<b>510</b>	<b>491</b>
--------------	------------	------------	------------	------------	------------	------------	------------	------------	------------	------------	------------

Barn i barnehagealder hadde ei ganske stor auke frå 508 i 2010 til toppen på 586 i 2016. Frå 2016 har trenden vore nedgåande, og det var 491 barn i denne gruppa ved inngangen til 2022. Det gir ein nedgang på 21 barn i løpet av 2021.


### Grunnskule (6-15 år)



	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>6-9 år</b>	444	444	433	420	429	450	462	477	467	464	<b>443</b>
<b>10-12 år</b>	393	382	366	329	339	317	324	320	335	342	<b>364</b>
<b>13-15 år</b>	368	373	385	406	379	364	331	332	313	323	<b>329</b>
<b>Total</b>	<b>1 205</b>	<b>1 199</b>	<b>1 184</b>	<b>1 155</b>	<b>1 147</b>	<b>1 131</b>	<b>1 117</b>	<b>1 129</b>	<b>1 115</b>	<b>1 129</b>	<b>1 136</b>

Barn i skulealder låg på omlag 1200 for 10 års sida og har sidan då hatt ein svak nedgang nesten kvart år fram til 1115 i 2020. Dei to siste åra har det vore ei svak auke. Auken har vore i gruppene over 10 år, medan gruppa 6-9 år er noko redusert.


### Vidaregåande (16-19 år)



	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>16-17 år</b>	268	276	244	245	257	264	271	237	223	234	<b>214</b>
<b>18 år</b>	99	113	152	117	125	121	128	130	133	99	<b>121</b>
<b>19 år</b>	127	94	113	149	116	124	114	126	130	124	<b>94</b>
<b>Total</b>	<b>494</b>	<b>483</b>	<b>509</b>	<b>511</b>	<b>498</b>	<b>509</b>	<b>513</b>	<b>493</b>	<b>486</b>	<b>457</b>	<b>429</b>

Aldersgruppa 16 til 19 år er relativt liten og vil vere sensitiv for utslag for alderskull som avviker frå normalen. Gruppa har variert mellom 450 og 510 personar, men trenden har vore nedgåande sidan 2018. Ved utgangen av 2021 var det 429 personar i denne aldersgruppa som er markant lågare enn normalen dei siste 10 åra.

### Vaksne (20-66 år)




	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>20 år</b>	116	135	97	114	145	109	116	106	116	123	<b>116</b>



<b>21 år</b>	111	120	130	90	107	139	105	110	103	103	<b>118</b>
<b>22 år</b>	100	120	110	125	85	108	127	102	102	100	<b>101</b>
<b>23-29 år</b>	701	714	768	761	801	759	727	759	740	703	<b>700</b>
<b>30-34 år</b>	511	526	544	566	556	545	555	544	535	560	<b>571</b>
<b>35-44 år</b>	1 068	1 072	1 075	1 082	1 080	1 083	1 086	1 064	1 088	1 082	<b>1 099</b>
<b>45-49 år</b>	561	575	598	571	559	592	580	563	540	544	<b>538</b>
<b>50-66 år</b>	1 711	1 729	1 779	1 820	1 854	1 854	1 875	1 871	1 883	1 886	<b>1 925</b>
<b>Total</b>	<b>4 879</b>	<b>4 991</b>	<b>5 101</b>	<b>5 129</b>	<b>5 187</b>	<b>5 189</b>	<b>5 171</b>	<b>5 119</b>	<b>5 107</b>	<b>5 101</b>	<b>5 168</b>

Den store aldersgruppa med vaksne frå 20 til 66 år har hatt ein nedgang sidan 2017, men fekk ei auke på 67 personar (1,3 %) frå 2021 til 2022. Sett over dei to siste åra har det vore ei auke med omlag 290 personar dei siste 10 åra. Nesten 75 % av denne auken har vore i gruppa 50 til 66 år.


### Eldre (67-79 år)



	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>67-79 år</b>	746	758	778	788	807	851	865	915	936	980	<b>1 014</b>
<b>Total</b>	<b>746</b>	<b>758</b>	<b>778</b>	<b>788</b>	<b>807</b>	<b>851</b>	<b>865</b>	<b>915</b>	<b>936</b>	<b>980</b>	<b>1 014</b>

Aldersgruppa 67 til 79 år har hatt ei jamn stigning kvart år dei siste ti åra, frå 746 i 2012 til 1014 i 2022. Det svarar til ein vekst på nesten 36 % i perioden.


### Eldre (80-89 år)



	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>80-89 år</b>	389	392	390	378	363	357	362	345	353	345	<b>353</b>
<b>Total</b>	<b>389</b>	<b>392</b>	<b>390</b>	<b>378</b>	<b>363</b>	<b>357</b>	<b>362</b>	<b>345</b>	<b>353</b>	<b>345</b>	<b>353</b>

Aldersgruppa 80 til 89 år hadde ein nedgang på nesten 50 personar frå 2014 til 2019, men har dei siste åra stabilisert seg rundt 350 personar.

### Eldre (90 år og eldre)



	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>90 år eller eldre</b>	87	95	102	107	101	109	104	106	99	103	<b>106</b>
<b>Total</b>	<b>87</b>	<b>95</b>	<b>102</b>	<b>107</b>	<b>101</b>	<b>109</b>	<b>104</b>	<b>106</b>	<b>99</b>	<b>103</b>	<b>106</b>



Aldersgruppa 90 år er ei relativt lita aldersgruppe som dei siste 10 åra har vore på rundt 100 personar. Ved årsskifte var det 106 personar over 90 år i Vindafjord kommune.

### Aldersamansetning i Vindafjord samanlikna med Noreg

Samanlikna med landssnittet hadde Vindafjord eit fødselskull (og innflyttarar under 1 år) som utgjorde 0,89 % av den totale befolkninga i kommunen, noko under landssnittet på 1,04 %. Vindafjord kommune har relativt sett noko høgare del av befolkninga både i skule og barnehagealder. I gruppa 20-44 år ligg kommunen betydeleg lågare enn landssnittet, heile 2,35 %. Den raskast vaksande gruppa, 57-79 år, ligg relativt sett litt under landssnittet. For begge dei eldste gruppene ligg Vindafjord noko over landssnittet. Tala viser alt anna likt at Vindafjord kommune er ein litt dyrare kommune å drive enn landssnittet då kommunen har relativt fleire innbyggjarar i dei aldersgruppene som har flest tenestar frå kommunen.

	Vindafjord	Noreg	Differanse
<b>0 år</b>	0,89 %	1,04 %	<b>-0,15 %</b>
<b>1-5 år</b>	5,60 %	5,24 %	<b>0,36 %</b>
<b>6-12 år</b>	9,20 %	8,19 %	<b>1,01 %</b>
<b>13-15 år</b>	3,75 %	3,62 %	<b>0,13 %</b>
<b>16-19 år</b>	4,89 %	4,68 %	<b>0,21 %</b>
<b>20-44 år</b>	30,83 %	33,18 %	<b>-2,35 %</b>
<b>45-66 år</b>	28,07 %	28,01 %	<b>0,06 %</b>
<b>67-79 år</b>	11,56 %	11,62 %	<b>-0,07 %</b>
<b>80-89 år</b>	4,02 %	3,57 %	<b>0,45 %</b>
<b>90 år eller eldre</b>	<b>1,21 %</b>	<b>0,86 %</b>	<b>0,35 %</b>


### Folketal i grendene

Dem samla folketalet i dei ulike grendene visar at folketalet i Ølen er størst, medan Imsland er minst. I løpet av 2021 har det vore størst vekst i Sandeid og Skjold.

Utviklinga per grend det siste året viser største vekst i Sandeid med 2,89 % (31 personar) og Skjold med 2,34 % (37 personar). Størst nedgang har Imsland med -1,92 % (6 personar). I dei andre grendene er det små endringar. Over dei siste 5 åra har det vore sterkast vekst i Skjold med 5,42 % (83 personar) og Sandeid med 1,57 % (17 personar). Nedgangen er størst i Bjoa med -7,96 % (-37 personar) og Vats med -7,3 % (-95) personar.



## Folketalet i grendene, 2017 til 2022





## Økonomiske nøkkeltal og analyse

Framstilling av økonomisk status per 31.12.21 og utviklinga i økonomiske nøkkeltal. Forklaring av vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap.

### Handlingsreglar - finansielle måltal

Vindafjord kommune vedtok hausten 2020 tre økonomiske handlingsreglar som det skal styrast etter og rapporterast på. Dei finansielle måltala er lokale økonomiske handlingsreglar som skal vere retningsgivande for kommunen si økonomistyring og bidra til ei forsvarleg langsiktig økonomisk utvikling.

Finansielle måltal	2019	2020	2021	Mål
Netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.	1,53 %	5,77 %	5,02 %	1,75 %
Netto lånegjeld* bør utgjere maksimalt 80 % av brutto driftsinntekter	61,11 %	59,68 %	54,47 %	80 %
Disposisjonsfond bør utgjere minimum 7,5 % av brutto driftsinntekter	9,62 %	18,36 %	17,42 %	7,5 %

Ved utgangen av 2021 var kommunen godt innafor alle dei tre handlingsreglane/måltala. Status for dei ulike finansielle måltala vert kommentert i aktuelle punkt nedanfor.

\* Netto lånegjeld er langsiktig gjeld - ubrukte lånemidlar og utlån. For 2021 har kommunen store ubrukte lånemidlar, justert for dette talet er resultatet 65,3 %.

### Økonomisk resultat i 2021

2021 var det andre året med ei drifta prega av korona, men som i 2020 enda året med eit veldig godt netto driftsresultat på 5 %. Det gode resultatet skuldast hovudsakleg sentrale meirinntekter, spesielt frå skatt. Både landet og kommunen hadde også i 2021 ein høgare skatteinngang enn venta. I tillegg fekk kommunen eit veldig godt finansielt resultat, med lågare renteutgifter og store gevinstar på finansielle omlaupsmidlar.

Utgangspunktet for 2021 var eit budsjett med netto driftsresultat omlag som målalet. Merk at i dette talet låg det omlag 8 millionar ekstra i rammetilskot (budsjettet avsett til fond) som skulle gå til koronameirutgifter, og som kommunedirektøren hadde fullmakt til å bruke i rammeområda. 2021 blei som året før prega av koronapandemien, både i drifta og i forhold til økonomi. Som i 2020 blei også resultatet likevel mykje betre enn venta. Endeleg netto driftsresultat enda på 42,551 millionar (5,02 %). Merk at på grunn av korrigeringar etter den fyrste rapporteringsfristen til KOSTRA, er førebels KOSTRA-tal er noko høgare (tala vil vere korrigert ved publisering av endelege KOSTRA-tal som kjem 15. juni).

Den viktigaste enkeltgrunnen til det gode resultatet var ein veldig god skatteinngang, både lokalt og spesielt nasjonalt. Samla skatteinngang ble 30 millionar høgare enn 2020 og heile 36,8 millionar over budsjett. Justert for høgare trekk i inntektsutjamninga fekk kommunen eit netto positivt budsjettavvik



frå skatt på litt over 28 millionar. Isolert sett svarar dette til eit netto driftsresultat på 3,3 %, altså fekk kommunen nesten to tilrådde netto driftsresultat “på toppen” på grunn av skatteinngangen.

Finansområdet bidrog også positivt og gav eit netto positivt budsjettavvik på 15,8 millionar. Obligasjonar og eigenkapitalbevis hadde ei samla avkastning på 10 %. Det er spesielt eigenkapitalbevis som drar opp resultat med ei avkastning på nesten 40 %. Det låge rentenivået heldt stort sett fram gjennom året og gav 2,8 millionar i mindreutgifter. Samla gir dette eit litt spesielt utfall med kjempegod avkastning på kommunen sine midlar, samstundes som renteutgiftene relativt sett var rekordlåge.

Når det gjeld rammeområda blei det rapportert eit meirforbruk på 15 millionar i 1. tertialrapport. Denne var justert ned til 9 millionar i 2. tertialrapport. Resultatet viser eit netto meirforbruk på omlag 14 millionar (før delegert avsetting). Utviklinga frå 2. tertialrapport til endeleg resultat skuldast hovudsakleg høgare pensjonsutgifter som det ikkje var tatt høgde for i 2. tertialrapporten. Samla utgjere meirkostnaden på pensjon omlag 7 millionar for rammeområda. Meirforbruket ligg som dei siste åra i helse og omsorg, men utviklinga er samla sett positiv. Dei har størsteparten av avviket knytt til pensjon (ca. 5 millionar). Størsteparten av avviket elles er knytt til ressurskrevjande brukarar. Avvika i rammeområda er omtala under kvart rammeområde.

## Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

Beløp i 1000	Rekneskap 2021					
	Rammeområde	Opph. budsjett 2021	Budsjett 2021	Utgift	Inntekt Rekneskap	Avvik i kr
Finans	0	100	-14 655	-6	-14 661	14 761
Administrasjon og fellesdrift	52 315	50 320	52 099	-4 667	47 432	2 887
Oppvekst og kultur	225 142	222 935	268 787	-47 723	221 064	1 871
Helse og omsorg	239 648	244 865	374 304	-108 061	266 242	-21 377
Forvaltning, drift og utvikling	48 112	47 934	129 466	-82 116	47 351	583
<b>Sum</b>	<b>565 217</b>	<b>566 153</b>	<b>810 000</b>	<b>-242 572</b>	<b>567 429</b>	<b>-1 275</b>

## KOSTRA hovudtall

Prioritet	Vindafjord 2020	Vindafjord 2021	Kostragruppe 11	Rogaland	Landet uten Oslo
Avsetning til bundne fond (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	3,3	0,7	0,0	0,0	-0,1
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B)	96 563	99 695	90 339	91 746	96 800
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	3,2 %	2,0 %	2,7 %	3,6 %	2,9 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	93 518	97 719	87 899	88 484	94 022
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	18,4 %	18,8 %	10,9 %	15,4 %	13,7 %
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) **)	64 919	68 261	62 882	64 271	64 887
<b>Økonomi</b>					
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	2,3 %	3,0 %	3,6 %	4,0 %	4,0 %
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	7,0 %	9,8 %	12,4 %	13,4 %	14,3 %
Frie inntekter i kroner per innbygger (B) **)	61 497	64 748	61 800	63 417	62 977



<b>Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)</b>	5,8 %	5,4 %	3,6 %	6,4 %	4,2 %
<b>Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)</b>	57 070	53 927	79 886	72 097	90 332
<b>Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter</b>	59,1 %	54,1 %	88,4 %	78,1 %	92,7 %

Vindafjord kommune ligg relativt godt an på dei økonomiske hovudindikatorane, samanlikna både med kommunegruppa (KOSTRA-gruppe 01) og resten av landet.

Kommunen har noko høgare frie inntekter per innbyggjar. 64 748 kr per innbyggjar i Vindafjord, samanlikna med 62 977 kr for landet utgjere omlag 15,5 millionar meir i frie inntekter i Vindafjord enn landssnittet. Samstundes bukar også kommunen meir pengar per innbyggjar enn landssnittet. Brutto tal viser det same biletet.

Merk at kommunen har korrigert rekneskapen noko etter at KOSTRA-tala blei levert inn, dette vil bli retta opp når endelege KOSTRA-tal blir publisert i juni. Netto driftsresultat på 5,26 % (5,4 % ifølge KOSTRA) er eit veldig godt resultat, og godt over kommunen sitt måltal på 1,75 %. Samla fekk kommunesektoren eit veldig godt resultat i 2021, men kommunen ligg likevel godt over KOSTRA-gruppe 01 som hamna på 3,6 % og vel ein prosent over snittet av landet (4,2 %).

Netto lånegjeld i % på 54,1 % av brutto driftsinntekter ligg også markant under landssnittet på 92,7 %, og godt under kommunen sitt måltal på 80 %. Samstundes ser me at investeringsnivået i kommunen er noko lågare i forhold til brutto driftsinntekter enn landet, og at kommunen bruker ein relativt sett lågare del av brutto driftsinntekter til å betene gjeld.

Kommunen sitt disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter er med 18,8 % nesten dobbelt så stort KOSTRA-gruppe 01, og godt over landssnittet. Størrelsen seier likevel ikkje noko om i kor stor grad midlane er bunde opp i planlagte investeringar og premieavvik.

KOSTRA-tal for dei ulike tenestane kommunen leverer kjem fram under omtale i rammeområda.

## Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev.bud. 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kr
<b>Frie disponible inntekter</b>					
<b>Rammetilskudd</b>	-252 604	-256 207	-264 658	-256 150	-8 508
<b>Inntekts- og formuesskatt</b>	-308 048	-302 000	-302 000	-338 883	36 883
<b>Eiendomsskatt</b>	-30 197	-35 500	-35 258	-35 263	5
<b>Andre generelle driftsinntekter</b>	-27 600	-15 550	-15 550	-15 245	-305
<b>Sum Frie disponible inntekter</b>	<b>-618 449</b>	<b>-609 257</b>	<b>-617 466</b>	<b>-645 540</b>	<b>28 074</b>

Dei sentrale inntektene hamna på kr 645,54 millionar, heile kr 28,074 mill. over justert budsjett. Avviket skuldast hovudsakleg høgare skatteinntekt med kr 36,9 millionar, som gav ei auka trekk i inntektsutjamninga med kr 8,65 millionar. Veksten i dei sentrale inntektene var 4,2 % frå 2020.

## Rammetilskudd

Kommunen fekk samla kr 256,15 millionar i rammetilskot mot eit justert budsjett på 264,658 millionar som gir eit avvik på 8,5 millionar. Avviket skuldast høgare skatteinngang enn venta og dermed høgare trekk i inntektsutjamninga. Opphavleg budsjett var 256,207 millionar og justeringane skuldast i all hovudsak justeringar som følgje av koronapandemien gjennom året, og det var justeringar i begge tertialrapportane og i tillegg etter delegert fullmakt.



Kommunen fekk om lag 16 millionar ekstra i rammetilskot knytt til koronapandemien i 2022. Av dette blei 8,104 mill. løyvd allereie før budsjettet blei vedteke i kommunestyret og var innarbeidd i det opphavlege budsjettet med avsetting til disposisjonsfond.

Etter 1. tertialrapport blei budsjettet justert opp med løyving på kr 807 000 til koronavaksinasjon i Innst. 233 S (2020-2021) vedteke 19. februar, kr 1,614 mill. i generell koronakompensasjon (RNB) og kr 1,222 mill. til vaskinasjonskostnadar (RNB). Rammetilskotet blei i 1. tertialrapport i tillegg justert med kr 133 000 som skulle dekke auka basistilskot under knekkpunkt til fastlegane etter forslag i RNB. Etter behandling av RNB i Stortinget blei det i tillegg vedteke at kapitaltilskott for private barnehagar for 2. halvår 2021 skulle vidareførast på 2020-nivå. Kommunen fekk fått kr 121 000 i auka rammetilskot til dette.

I 2. tertialrapport blei rammetilskotet auka opp med kr 1,059 mill., der kr 800 000 av desse var ekstra skjønntilskot.

I desember blei det utbetalt eit ekstra rammetilskot på kr 1,555 mill. som mellom anna skulle dekke meirutgifter til sosiahjelp pga høge straumprisar (kr 137 000) og ekstra koronautgifter (kr 1,417 mill.).

### **Skjønntilskot**

Samla skjønntilskot blei 6,18 millionar. Kommunen fekk kr 700 000 i skjønntilskot til koronautgifter for 1. halvår, og kr 2 200 000 for 2. halvår som blei utbetalt i desember. Vindafjord kommune fekk i tillegg kr 100 000 ekstra i skjønntilskot til slutføring av felles arkivprosjekt til Haugalandet. Midlane blei overført til Etne kommune som administrerer fellesøkonomien i tråd med vedtak i 2. tertialrapport, og fordelt denne mellom kommunane som reduksjon i felles utgifter.

### **Inntektsutjamning**

Inntektsutjamninga avhenger av skatteinngangen i Vindafjord samanlikna med landet. Vindafjord kommune hadde høgare skatteinngang enn gjennomsnittet (107 %) og blei etter dette trekt 17,25 mill. Dette er vel 8,65 millionar over budsjettet. Høgare trekk heng saman med høgare skatteinngangen enn venta, og må sjåast i samanheng med skatteinngangen (sjå omtale under skatt på inntekt og formue nedanfor).


### **Inntekts- og formuesskatt**

Samla skatteinntekter i Vindafjord enda på 338,8 millionar, 10,1 % høgare enn 2020. Dette gav eit positivt avvik mot budsjett på 36,9 millionar.

Det var gjennom året knytt stor spenning til korleis skatteinntektene ta seg opp frå 2020 og det var lagt til grunn ein vekst for landet på 7 %. Skattøre for 2021 ble justert opp til 12,15 % for kommunane, i 2020 var nivået 11,10 %. I Revidert nasjonalbudsjett (RNB) blei det nasjonale forventa vekst auka til 8,6 %. Skatteinngangen etter 1. tertial var i tråd med periodisert budsjett for kommunen. Både i mai og juni var skatteinngangen mykje høgare enn periodisert budsjett og ved 2. tertial låg skatteinngangen vel 22,1 millionar over periodisert budsjett. I statsbudsjett for 2022 blei det lagt til grunn ein ytterlegare vekst, samla 5 milliardar over anslaget i RNB. Skatteinntektene for kommunane samla enda på 195,5 mrd., vel 0,7 % lågare enn i 2019 og omlag 7,56 milliardar høgare enn lagt til grunn i Statsbudsjett 2022.




## Vekst i skatteinngangen per måned samanlikna med landet



Samla for landet blei veksten heile 16 % høgare enn 2020. Det vil seie at Vindafjord hadde ein noko svakare vekst enn landet i 2021. Viss ein samanliknar skatteinngangen per innbyggjar hamna Vindafjord kommune på 107,1 % av landet. Dette er ein god del svakare enn 2020 då den var 112,3 %. Skatteinngangen i høve landet har varierer ein god del gjennom året alle dei tre sist åra.



## Skatteinntang og inntektsutjamning for Vindafjord kommune i % av landet



### Eiendomsskatt

Samla inntekt frå eigedomsskatt enda på 35,263 mill., i tråd med revidert budsjett. Budsjettet blei justert ned med kr 242 000 i 1. tertialrapport. Inntekter frå eigedomsskatt auka med omlag 5 millionar (16,7 %) frå 2020. Dette skuldast ei auke i den generelle skattesatsen for hus og hytter på 0,8‰.

### Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter består av tre hovudpostar, integreringstilskot, utbetaling frå Havbruksfondet og rente- og avdragskompensasjon.

#### Havbruksfondet

Det var budsjettert med 4 millionar frå Havbruksfondet i 2021 ut i frå signal om utbetaling. Endeleg utbetaling viste ei utbetaling på 2,79 millionar, 1,21 millionar under budsjett. Avviket skuldast mellom anna at samla lokalitetsmasse i kommunen er redusert, samtidig som landet har auka. Dermed fekk kommunen ein mindre del av den samla utbetalinga. Utbetalingane frå Havbruksfondet variera ganske mykje frå år til år, kommunen fekk heile 9,8 millionar i 2020. Dette er forklaringa på at andre generelle driftsinntekter er så mykje lågare i 2021 enn 2020.

#### Integreringstilskot

Det var budsjettert med omlag 8,9 millionar i generelle flyktningstilskot. Budsjettet la til grunn 10 nye flyktningar i 2021, men kommunen fekk ikkje oppmoding om ny busetting. Endeleg rekneskap viser at kommunen fekk utbetalt 10,142 millionar, omlag 1,2 millionar over budsjett. Dette skuldast at kommunen tok i mot 8 flyktningar i samband med familiesameiningar og i tillegg fekk kommunen etterbetalt for mottak av flyktningar på slutten av 2020.

#### Rente- og avdragskompensasjon

Det var budsjettert med 2,65 millionar i rente- og avdragskompensasjon. Rentenivået er veldig lågt, og




det er knapt utbetalt kompensasjon for renter. Rekneskapen viser utbetalinger på 2,31 millioner, 340 000 under budsjett.

## Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev.bud. 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kr
<b>Finansinntekter/-utgifter</b>					
<b>Renteinntekter</b>	-6 371	-2 408	-2 408	-4 024	1 616
<b>Utbytter</b>	-13 072	-12 000	-12 720	-14 671	1 951
<b>Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler</b>	0	0	0	-9 431	9 431
<b>Renteutgifter</b>	9 414	9 937	9 937	7 090	2 847
<b>Avdrag på lån</b>	19 037	25 745	25 745	25 745	0
<b>Sum Finansinntekter/-utgifter</b>	<b>9 007</b>	<b>21 274</b>	<b>20 554</b>	<b>4 710</b>	<b>15 845</b>

Netto finans viser eit positivt budsjettavvik på nesten 16 millioner. Avviket skuldast hovudsakleg veldig god bokført gevinst på kommunen sine finansielle plasseringar i eigenkapitalbevis, men det var også positive budsjettavvik på renteinntekter, utbytte og renteutgifter.



Netto resultat frå finansområdet dei fem siste åra viser at netto utgift frå finans har blitt redusert dei siste åra. 2020 var noko spesielt då avdrag blei redusert betraktleg ned som ei kortsiktig tiltak på grunn av den økonomiske usikkerheita rundt koronapandemien. 2021 skil seg ut, saman med 2019, med veldig gode inntekter frå verdipapir og utbytte. Dette kombinert med rekordlåge renteutgifter gav ei særskilt godt finansielt resultat.

## Renteinntekter

Renteinntektene består av bankinnskott, direkteeigde rentebærande verdipapir som vert forvalta på vegner av kommunen etter avtale og ansvarlege utlån. Rekneskapen viser inntekter på rett over 4 millioner, vel 1,6 millioner over budsjett.

Renter på bankinnskott gav samla rett under 2 millioner i inntekter, og renter frå obligasjonar utgjorde omlag 1,15 millioner. Ansvarlege lån til Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark AS gav ei renteinntekt samla på om lag 450 000. Rentevilkåra på desse låna er basert på rente året før rekneskapsåret, slik at grunnlaget var den relativt låge renta i 2020.



## Utbytter

Vindafjord kommune fekk kr 14,671 millionar i utbytte, 1,95 millionar over budsjett. Det var opphavleg budsjettert med kr 12 millionar i utbytte. Budsjettet blei justert opp frå 12 millionar til 12,72 mill. i 1. tertialrapport i tråd med vedteke utbytte frå Haugaland kraft. I tillegg fekk kommunen utbytte frå aksjeposten i Skånevik Ølen Kraftlag AS på kr 625 99 og utbytte frå kommunen sine eigenkapitalbevis med 1,325 millionar. Merk at i 2020 blei utbytte frå eigenkapitalbevis bokført som renteinntekter, så postane kan ikkje samanliknast direkte.

## Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler

Bokført gevinst på verdistigning på kommunen sine finansielle instrument for 2021 endte på heile 9,431 millionar. Dette skuldast ein verdiauke på omlag 40 % på kommunen sine eigenkapitalbevis i norske sparebankar. Merk at gevinsten for 2020 blei ført på renteinntekter.

## Renteutgifter

Det var samla budsjettert med omlag 9,9 millionar i renteutgifter. Rekneskapen viser samla renteutgifter på 7,09 millionar som er 2,847 millionar under budsjett.

Budsjettet tok høgde for noko auke i renta, og det var lagt til grunn ei rente på 1,5 % på lån som ikkje hadde fast rente. Nye lån og refinansieringar gjennom året blei gjennomført mellom 0,318 og 0,827 % rente, og det blei gjennomført ein relativt kortsiktig strategi. Vekta snittrenta i heile porteføljen var ved utgangen av året 1,19 %.

## Avdrag på lån

Avdrag på kommunen sine lån blei betalt i tråd med budsjett, årets avdrag var skilt ut som eit eige avdragslån og hadde forfall i slutten av november. Dette blei gjort for å dra nytte av positiv rentemargin mot eigne innskot.

## Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev.bud. 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kr
<b>Avsetnader og bruk av avsetnader</b>					
<b>Overføring til investering</b>	2 349	2 050	50 489	50 489	0
<b>Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond</b>	-38 407	0	0	-99	99
<b>Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond</b>	71 711	20 715	-19 731	23 012	-42 743
<b>Netto avsetnader</b>	<b>35 653</b>	<b>22 765</b>	<b>30 758</b>	<b>73 402</b>	<b>-42 644</b>

## Overføring til investering

I opphavleg budsjett var ikkje posten er ikkje justert for overføring til investering for bruk av disposisjonsfond. Bruk av disposisjonsfond var budsjettert direkte i investeringsbudsjettet. I 2021 er all finansiering ved bruk av disposisjonsfond til investeringar overført til investeringsrekneskapen som budsjettert.

I tillegg er det overført midlar til eigendeltiskot i KLP og innskot i Rogaland Revisjon IKS i tråd med budsjett.



## Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond

Avviket gjeld utbetalt bustadtilskot frå bunde fond som ikkje er budsjettert.

## Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond viser 28,813 mill. mot eit justert budsjett på 54,138 mill. Det er i tråd med justert budsjett samla ført 104 100 til finansiering av tilskot i Rogaland revisjon IKS, 5,5 mill. til oppretting av finansielt bufferfond og kr 200 000 til riving på Fjellstøl. Netto finansiering av investeringar er kr 21,925 millionar. Det er ei netto avvik på bruk av disposisjonsfond på kr Kr 25,325 mill. som hovudsakleg skuldast strykningar. Det er i tillegg gjort følgjande ikkje budsjetterte avsetningar og bruk av fond etter delegert fullmakt:

- Kr 1,083 mill. frå disposisjonsfond for framtidige pensjonsforpliktingar som gjeld årets premieavvik (SPK)

Samla avsetning til disposisjonsfond var 51,825 millionar. Det er i tråd med justert budsjett sett av 5,5 mill. til finansielt bufferfond, 16,062 mill. til fond korona og udisponert resultat med kr 14,892 mill. Det er i tillegg sett av 17,471 mill. meir enn justert budsjett. Det skuldast at det er gjort følgjande ikkje budsjetterte avsetningar etter delegert fullmakt:

- kr 14,857 mill. til disposisjonsfond for framtidige pensjonsforpliktingar som gjeld årets premieavvik (KLP)
- kr 2,560 mill. til finansielt bufferfond som skuldast eit godt finansielt resultat som tilseier at bufferfondet må styrkast for å kunne tole eit tap på 25 % på kommunen sine eigenkapitalbevis.

## Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000


	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap
<b>Bruk av avsetninger</b>				
Bruk av bundne driftsfond	-46 530	-2 508	-3 868	-12 346
Bruk av disposisjonsfond	-2 996	-643	-82 130	-57 125
<b>Sum bruk av avsetnader</b>	<b>-49 526</b>	<b>-3 151</b>	<b>-85 998</b>	<b>-69 471</b>
<b>Avsetninger</b>				
Overføring til investering	2 349	2 050	50 489	51 004
Avsetninger til bundne driftsfond	18 318	554	2 166	6 167
Avsetninger til disposisjonsfond	75 964	21 000	34 493	54 851
<b>Sum avsetnader</b>	<b>96 631</b>	<b>23 604</b>	<b>87 147</b>	<b>112 022</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-47 105</b>	<b>-20 453</b>	<b>-1 149</b>	<b>-42 551</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-816 207</b>	<b>-774 315</b>	<b>-789 309</b>	<b>-847 461</b>
<b>Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter</b>	<b>5,8 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>0,1 %</b>	<b>5,0 %</b>

Netto driftsresultat enda på 5,02 %, betydeleg over både budsjettet, tilrådd nivå og Vindafjord kommune sitt finansielle måltal på 1,75 %.

Ser ein kommunen sine resultat over dei siste 10 åra hadde kommunen betre resultat både i 2021,2013, 2017 og 2020 enn i 2021. Samstundes har det vore ganske store variasjonar mellom åra. Med unntak for perioden 2014 til 2016 har kommunen hatt eit netto driftsresultat betydeleg over opphavleg budsjett.



### Netto driftsresultat, ti siste år



### Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter				
Rammetilskudd	-252 604	-256 150	-256 207	-264 658
Inntekts- og formuesskatt	-308 048	-338 883	-302 000	-302 000
Eiendomsskatt	-30 197	-35 263	-35 500	-35 258
Andre generelle driftsinntekter	-27 600	-15 245	-15 550	-15 550
<b>Sum skatt og rammetilskot</b>	<b>-618 449</b>	<b>-645 540</b>	<b>-609 257</b>	<b>-617 466</b>
Netto finansutgifter				
Renteinntekter	-6 530	-4 117	-2 488	-2 488
Utbytter	-13 072	-14 671	-12 000	-12 720
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	-9 431	0	0
Renteutgifter	9 416	7 093	9 938	9 938
Avdrag på lån	19 037	25 745	25 745	25 745
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>8 851</b>	<b>4 620</b>	<b>21 195</b>	<b>20 475</b>
<b>Sum sentrale inntekter og finansposter</b>	<b>-609 599</b>	<b>-640 920</b>	<b>-588 062</b>	<b>-596 991</b>
<b>Tenesteområda - drift</b>	<b>562 493</b>	<b>598 370</b>	<b>567 608</b>	<b>595 841</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-47 105</b>	<b>-42 551</b>	<b>-20 453</b>	<b>-1 149</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-816 207</b>	<b>-847 461</b>	<b>-774 315</b>	<b>-789 309</b>
<b>Driftsresultat i prosent av driftsinntekter</b>	<b>5,8 %</b>	<b>5,0 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>0,1 %</b>

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	71 711	23 012	20 715	-19 731
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-38 407	-99	0	0
Overføring til investering	2 349	50 489	2 050	50 489
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	0	0	0	0
<b>Netto avsetninger - sentrale poster</b>	<b>35 653</b>	<b>73 402</b>	<b>22 765</b>	<b>30 758</b>
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	10 195	-6 080	-1 954	-1 702
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	1 257	-25 287	-358	-27 907




	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Overføring til investering	0	515	0	0
Netto avsetninger i tenestoområda	11 452	-30 851	-2 312	-29 609
Sum sentrale inntekter og finansposter	47 105	42 551	20 453	1 149

## Balansen

### Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er eit mål på kommunen si likvide stilling, og gir eit uttrykk for kommunen sin evne til betale sine betalingsforpliktingar etter kvart som disse forfell. Arbeidskapitalen er omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Utviklinga skapast av frigjorte midlar, med frådrag for dei som brukast til investeringar.




I 2021 blei arbeidskapitalen styrka frå 257,426 millionar til 309,612 millionar. Korrigert for premieavvik er arbeidskapitalen 250,838 millionar. Til samanlikning var samla driftsutgifter per månad i 2021 gjennomsnittleg på kr 69 millionar.

### Likviditetsgrad

Likviditetsgraden gir eit uttrykk for kommunen si evne til å dekke sine kortsiktige forpliktingar, og er forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 1 består av alle omløpsmidlar sett i høve til kortsiktig gjeld. Omløpsmidlar bør vere delvis finansiert av langsiktig kapital, og bør difor vere større enn den kortsiktige gjelda. Forholdstalet på god likviditet er sett til 2.


Likviditetsgrad 2 består av dei mest likvide omløpsmidlane (bank og obligasjonar) sett i høve til kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omløpsmidlane bør vere minst like store som kortsiktig gjeld, altså eit forholdstal på 1.



Likviditetssituasjonen i Vindafjord kommune er noko svekka i 2021. Det er størst endring for grad 2, dette skuldast at den kortsiktige gjelda har auka omlag like mykje som midlar i bank og obligasjonar. Ein auke i både premieavvik og kundefordringar bidrar til at Likviditetsgrad 1 er omlag uendra.

### Fondsmidlar

Dei kommunale fonda er delt inn i disposisjonsfond, bundne driftsfond, ubundne investeringsfond og bundne investeringsfond. Bundne drifts- og investeringsfond er midlar som er avsett til bestemte formål i samsvar med lov, forskrift, rekneskapsprinsipp eller eksterne vilkår (døme arv eller gåve til særskilte formål). Under desse kjem unytta øyremerka midlar som må betalast attende dersom dei ikkje vert nytta i samsvar med føresetnaden. Ubundne investeringsfond gjeld midlar som må settast av til og nyttast i investeringsrekneskapen, og kor kommunen sjølv kan velje til kva formål. Disposisjonsfond vil sei avsette midlar som ikkje er øyremerka for bestemte formål.



I 2021 er disposisjonsfond blitt redusert med 2,3 millionar. Generelt disposisjonsfond er redusert med 26,1 millionar, hovudsakleg til å finansiere investeringar og 5,5 millionar til å opprette bufferfond til finansielle tap. Reell overføring er omlag 50,5 millionar, men på grunn av det gode resultatet er nesten halvparten av fondsbruken redusert gjennom stryking. Dette inneberer i praksis ei styrking av



disposisjonsfondet. Bufferfondet er og styrka med omlag 2,5 millionar etter rekneskapsavslutninga på grunn av det gode finansielle resultatet i 2021 og er no på rett over 8 millionar.

Type disposisjonsfond	IB 1.1	Endring	UB 31.12
Pensjonsfond (premieavvik)	38 926 394	13 774 090	52 700 484
Generelt disposisjonsfond	98 582 494	-26 170 296	72 412 198
Buffer finansielle tap på langsiktige plasseringar	-	8 059 705	8 059 705
Fjellstøl parkering	705 249	-17 946	687 304
Integreringstenesta	4 236 782	-442 583	3 794 199
Breiband	-	1 103 175	1 103 175
Delegert avsetting rammeområda	1 650 000	1 740 000	3 390 000
Andre	5 794 991	-320 657	5 474 333
<b>Sum</b>	<b>149 895 910</b>	<b>-2 274 511</b>	<b>147 621 399</b>

Bunde fond er redusert med 6 millionar, der omlag 2,4 millionar gjeld sjølvkost, 1,8 millionar gjeld tilskot i samband med Covid-19 i 2020 og 1 million gjeld fond forskottering spelemidlar. For meir detaljer vert det vist til eigen note.

Bunde investeringsfond er redusert med 10,2 millionar som er gått med til å finansiere investeringar. Dei resterande 0,6 millionane som står på fond er knytt til Startlån. Ubunde investeringsfond er styrka gjennom avsetting av sal tomter i Ølen Næringspark med kr 12,9 millionar og så er det brukt vel 6,5 millionar til finansiering. Netto auke er 6,3 millionar.

## Status investering og finansiering

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
Investeringer i varige driftsmidler	4	54 210	72 540	192 723	78 178
Tilskudd til andres investeringer		1 517	300	8 541	4 583
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	5	2 214	2 050	2 458	1 649
Utlån av egne midler	6	0	0	0	0
Avdrag på lån	10	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>		<b>57 941</b>	<b>74 890</b>	<b>203 723</b>	<b>84 410</b>
Kompensasjon for merverdiavgift		-6 938	-4 920	-18 969	-4 508
Tilskudd fra andre		-18 317	-800	-24 816	-4 612
Salg av varige driftsmidler		-1 379	0	-14 432	-20 300
Salg av finansielle anleggsmidler		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler		0	0	0	0
Bruk av lån		-29 132	-67 120	-86 398	0



Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
Sum investeringsinntekter		<b>-55 766</b>	<b>-72 840</b>	<b>-144 615</b>	<b>-29 419</b>
<b>Videreutlån</b>	6	3 553	4 000	16 424	10 764
<b>Bruk av lån til videreutlån</b>	6	-3 553	-4 000	-16 424	-10 764
<b>Avdrag på lån til videreutlån</b>	6	1 469	1 100	1 100	1 413
<b>Mottatte avdrag på videreutlån</b>	6	-1 493	-1 100	-1 100	-1 683
Netto utgifter videreutlån		<b>-24</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-270</b>
<b>Overføring fra drift</b>		-2 349	-2 050	-50 489	-51 004
<b>Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond</b>	13	24	0	-13 709	-10 179
<b>Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond</b>		-27	0	5 090	6 462
<b>Dekning av tidligere års udekket beløp</b>		200	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger		<b>-2 152</b>	<b>-2 050</b>	<b>-59 108</b>	<b>-54 721</b>
Framført til inndecking i seinare år (udekt)		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året			
	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Kommentar
<b>Oppgradering kommunale vegar og infrastruktur</b>	2 879	411	Forsinka	Midlar sett av til oppgradering eller rehabilitering av eksisterende kommunale vegar.
<b>Oppgradering tilrettelagde og kommunale bustader</b>	6 540	1 263	Iht. plan	Midlane er satt av til generell oppgradering av dei kommunale bustadane, oppgradering av kommunale bustadar i Skjoldali og nødvendig ombygging på bufellesskapet i Sandeid. Arbeid pågår med bustadane i Skjoldali. Prosjektering pågår for bufellesskapet i Sandeid. Auka behov for midlar vart meldt inn i budsjettprosessen for 2022.
<b>Sal eigedommar</b>	0	163	Iht. plan	Kommunen har i samsvar med bustadsosial handlingsplan solgt eigedommane Steinbruvegen 22-24 og 26-28 i år.
<b>Solbakken - 7 nye tilrettelagde bustadar</b>	31 954	7 307	Iht. plan	Midlar til bygging av 7 omsorgsbustader for psykisk/fysisk funksjonshemma i Ølen for å erstatte Seljebakken, som skal nyttast til andre føremål. Utvida kostnadsramme vedtatt i september. Byggestart i oktober og mesteparten av grunnarbeid var ferdig i desember 2021. Bygget skal stå ferdig i løpet av oktober 2022.
<b>Strategisk eigedomskjøp</b>	22 475	2 871	Forsinka	Det er sett av 6 mill. kr til strategisk eigedomskjøp i planperioden. Det gjeld særleg eigedomar som eignar seg til areal for kommunal tenesteyting, samt næringsutviklings- og bustadføremål.
<b>Trafikksikring</b>	4 923	3 363	Iht. plan	Avsette midlar vert nytta til trafikksikringstiltak i hovudsak knytt til strekninga 4 km frå skule og til tiltak som kan fjerne behov for skuleskyss grunna farleg skuleveg mellom heim og busstopp. Midlane vert også nytta som kommunal eigenandel i prosjekt der kommunen får fylkeskommunale trafikksikringsmidlar. For dette arbeidet vert det gjeve tilskot frå fylket på 50 %. Aktuelle prosjekt erfortau rundt Karineset, Skjold - ferdigstilt
<b>Velferdsteknologi - løysingar</b>	1 940	0	Iht. plan	Investeringsbehov knytta til velferdsteknologi er justert frå teknologi til heimebuande til institusjon og heildøgnomsorg bustader. Velferdsteknologi for heimebuande er dekkta av felles avtale for alle kommunane på Haugalandet. Ny teknologi for pasientvarsling og tilsyn er eit anbefalt prosjekt i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Prosjekt er under oppstart
<b>Brann, ambulanse, legevakt, legekontor</b>	-2 558	-466	Ferdig	Beredskapssenteret er ferdigstilt. Overskriding er i hovudsak knytt til leveranse av spesialutstyr, manglar ved prosjektering og endringar og tilleggsbestillingar undervegs. Nokre av kostnadane for tilleggsutstyr skal dekkast av HBR IKS og Helse Fonna. Det vil bli utarbeidd sluttrapport på prosjektet.
<b>Dagsturhytte</b>	1 100	536	Iht. plan	Det er vedtatt at kommunen deltek i "Dagsturhytteprosjektet" til Rogaland fylkeskommune. I tråd med vedtak i kommunestyre er det føresett at kommunen får dekkta alle sine utgifter til sjølve hytta gjennom ekstern finansiering og mva-kompensasjon. Ved val av plassering i Kolbjørnshauglia vedtok formannskapet i ny sak at ekstrautgifter i samband med oppføring av toalett kan dekkast av kommunen med inntil kr 100 000. Grunnarbeid for hytta er ferdig og resten av



## Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Kommentar
<b>Eigenkapitaltilskot KLP</b>	2 354	1 533	Iht. plan	hytta vil bli ferdigstilt i mars 2022. Sjå elles omtale av Dagsturhytta under oppvekst og kultur. På grunna av god soliditet i KLP er satsane for eigenkapitaltilskot til KLP redusert i 2021. Det vil bli eit mindreforbruk i høve ramma på ca. kr 500 000.
<b>Fornyng av IT-utstyr</b>	296	416	Iht. plan	Investeringa er fullført og sett i drift. Det er etablert ei redundant løysing der Vindafjord og Etne vil ta over for kvarandre dersom det er behov for det. Til dagleg jobbar datasentra parallellt og brukarane merker ikkje noko forskjell om dei jobbar opp mot Etne eller Vindafjord.
<b>Gjenoppbygging Skjold skule - Vindafjord</b>	487	352	Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt med kostnadar noko under budsjett.
<b>Idrettshallstomt Ølen</b>	4 000	1 338	Iht. plan	Kommunen har kjøpt eigedom i tiknytting til SR-stadion i Ølen for å sikre utviklinga til eigdommen som i første omgang vil gjere det mogleg å få bygd eit nytt idrettsanlegg/idrettshall. Området er regulert til idrettsføremål og det er tillate å opparbeide vegar, parkering, tribunar, idrettsanlegg, garderober og klubbhus. Planen opnar for utbygging, men i forkant av ei utbygging er det krav om arkeologisk utgraving av store deler av det automatisk freda kulturminne som ligg innafor same område. Dette er kostnadsrekna til ca. 3,8 millionar kronar og utgravinga blei gjennomført sommaren 2021. I gjeldande reguleringsplan er det utfordringar med tilkomsten til idrettsanlegga og reguleringsplanen er derfor nå under revisjon for å sikre god tilkomst og oppdatere idrettsformål som er framtidsetta. Planen har vore oppe til 1. gangsbehandling. I høyringa kom det fram krav om større grunnborringar. Første del av dette arbeidet er gjort, men blir svært kostnadskrevjande.
<b>IT-plan skule</b>	1 026	1 086	Ferdig	Det er kjøpt inn storskjermer til skulane, pluss fornyng av dei eldste iPadane på skulane - innkjøp er gjort fortløpande i løpet av året.
<b>Kloakk</b>	43 431	10 709	Iht. plan	Midlar nytta til fleire prosjekt knytt til avløpshandtering. Aktuelle prosjekt er t.d.:kloakkleidning på strekninga Isvik - Dalavik, samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen - arbeid pågårkloakksanering Litle Nerheim, Ølen - samarbeidsprosjekt med Ølen vassverk og Haugaland kraft - ferdigstiltrehabilitering av kloakkleidningar i Vikedal sentrum, samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen - arbeid pågåroppgradering Karineset reinseanlegg, Skjold - prosjektering pågåroppgradering av pumpestasjonar, t.d. Nesheim, Nedre Vats - prosjektering pågår
<b>Kommunale bygg og uteanlegg</b>	8 308	2 283	Iht. plan	Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for kommunale bygg og uteanlegg. Aktuelle prosjekt nå er ombygging knytt til samlokalisering av NAV - arbeidet er ferdigstiltombygging garderobe Ølen omsorgssenter - arbeidet er ferdigstiltmiljøstasjon Steinsland - arbeid pågåropparbeiding av uteområde Sandeid samfunnshus - på vent grunna tilbakemeldingar frå Rogaland fylkeskommuneoppgradering av ventilasjonsanlegg på Rådhuset - det er gjort fleire tiltak på eksisterande anleggiving av gammalt bygg Fjellstøl - arbeidet er ferdigstiltal av hardbruskbustadar - arbeid pågår



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Status Kommentar
<b>Kultur- og idrettspark</b>	303	172	Ferdig Parken er i all hovudsak ferdigstilt, kun avvik etter 1 års-befaring gjenstår å rette. Fekk utbetalt 1,3 mill. frå VAF i desember 2020. Rest spelemidlar 600 000,-. Innvilga søknad på spelemidlar gir betre uttelling enn budsjettet. Sluttoppgjer gjenstår.
<b>Kultur og læringscenteret Sjøperlo</b>	-7 049	1 470	Ferdig Prosjektet er ferdigstilt. Sluttoppgjer pågår. Meirkostnadane skuldast bl.a. dyrare grunn- og betongarbeid (pæling) enn forutsatt, manglar ved prosjektering og endringar og tilleggsbestillingar undervegs. Prosjektet inkluderer også inventar, som tidlegare har vore ført på eiga prosjektnummer (21013). Det vil bli utarbeidd sluttrapport på prosjektet.
<b>Nerheim - næringsstomter</b>	17 849	21 128	Iht. plan Kostnadar her er knytt til konsulenttenester og juridisk bistand i arbeidet med å danne utbyggingselskap for området. Ølen næringspark AS er stifta. Selskapet har kjøpt opp området og står for utbygginga av området. Arbeidet her er godt i gang. Området er ikkje overskøyta til selskapet enda, då endeleg tomteinnndeling skal på plass først.
<b>Oppgradering bruer og kaiar</b>	2 797	0	Forsinka Midlar sett av til oppgradering av kommunale bruer og kaiar. Det er i 2020 utført inspeksjon på alle bruer og kaiar i kommunen, som viser at det er behov for store utbetringar framover.
<b>Oppgradering omsorgssenter</b>	8 895	1 091	Iht. plan Ventilasjonsanlegg for delar av Vindafjordtunet er gamle og fungerer dårleg. I første omgang skal eit av dei 4 anlegga skiftast ut. Dette vert eit omfattande prosjekt som vil påvirke både tilsette og bebuarar. Prosjektering pågår. Det er og planlagt å installere naudstraumsaggregat ved Vindafjordtunet. Arbeid med dette er ikkje starta, då det har vist seg utfordrande å finne gode løysingar for dette.
<b>Prosjektleiing/kostkontroll</b>	1 490	1 484	Iht. plan Årleg prosjekt med utgifter til prosjektleiing og kostkontroll av investeringsprosjekta. Midlane er trekt ut på eit prosjekt i staden for å fordele det til kvart enkelt prosjekt.
<b>Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar</b>	1 067	716	Iht. plan Midlar for 2021 er overført til fellesrådet etter medgått på slutten av året. Mesteparten av restmidlane frå tidlegare år er no brukt opp.
<b>Skule og barnehagebygg</b>	5 217	325	Iht. plan Midlane her er sett av til nødvendig oppgradering av skule/bhg-bygg. Aktuelle prosjekt er reparasjon av el-tavle for Ølen gymbygg - ferdigstiltutskifting av ventilasjonsanlegg på Ølen gymbygg - VVS konsulent startar med dette når prosjektering av ventilasjonsanlegg på Vindafjordtunet er ferdig.
<b>Tilrettelegging ladepunkt elbil</b>	0	5	Ikkje vurdert
<b>Utbygging kommunale vegar</b>	9 074	1 773	Iht. plan Rammeløyving til utbygging nye kommunale vegar. Det er sett av midlar til ny veg i Liofeltet i Vikebygd og veg Gartnerihagen i Ølen. Arbeidet med ny veg i Gartnerihagen i Ølen pågår.
<b>Vatn</b>	26 484	14 816	Iht. plan Midlar nytta til fleire prosjekt knytt til vassforsyning. Aktuelle prosjekt er t.d.:ny vassleidning på strekninga Isvik - Dalavik, samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen - arbeid pågårrehabilitering av vassleidningar i Vikedal sentrum, samarbeidsprosjekt med Rogaland Fylkeskommune - arbeid pågårny inntaksleidning for vassverket i Skjold - ferdigstiltoppgradering Imsland vassverk - ferdigstiltoppgradering Vikebygd vassverk - ferdigstiltoppgradering av reinseanlegg Skjold vassverk



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Status Kommentar
Vindafjordhallen - KS-sak 060/18 - kr 950	902	-141	Ferdig – ferdigstiltTvingleidingning over Vikedalselva - ferdigstilt Prosjektet er avslutta og entrepenørkostnadar er refundert.
<b>Overføringer</b>	-113	-300	-300	-57
<b>Finansinntekter</b>	-1 084	-80	-332	-351
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-5 517</b>	<b>-3 264</b>	<b>-2 957</b>	<b>-3 487</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>47 388</b>	<b>52 315</b>	<b>50 320</b>	<b>47 432</b>

### Driftsutgifter og inntekter (graf)



### Detaljvisning drift (graf)



## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

	Vindafjord 2020	Vindafjord 2021	Kostragruppe 11	Rogaland	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>					
<b>Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) **</b>	5 537	5 990	5 145	5 598	5 936
<b>Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) **</b>	418	430	317	404	425
<b>Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B) **</b>	110	112	71	89	132
<b>Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) **</b>	4 323	4 629	3 952	4 357	4 466
<b>Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B) **</b>	665	661	588	672	663
<b>Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter (B)</b>	1,1 %	0,9 %	1,0 %	1,1 %	1,0 %

\*\*) Justert for utgiftsbehov

### Status økonomiplantiltak



## Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak

Vedtak førre periode

	Ramme år 1	Status Beskriving
<b>Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot</b>	-250	Ferdig I tråd med plan, sjåast i samanheng med nytt tiltak 2021.
<b>Bortfall av økonomiske seniorpolitiske verkemiddel</b>	-200	Ferdig I tråd med plan.
<b>Val - uttrekk</b>	450	Ferdig Stortingsval gjennomført hausten 2021.
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

Nye tiltak

<b>Prosjekt felles arkiv Haugalandet - slutføring</b>	150	Ferdig Prosjektet er teknisk slutført, og felles rutinar og opplæringsmateriell er utvikla. Administrativt er det vedteke å fortsetje samarbeidet med ei overordna styringsgruppe som koordinerer nettverksgrupper for dei ulike fagområda.
<b>Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot</b>	250	Ferdig I tråd med plan, sjåast i samanheng vedtak frå førre periode.
<b>Sum</b>	<b>400</b>	

Innsparingstiltak

<b>Statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen i 2020 - heilårseffekt 2021</b>	-467	Ferdig I tråd med plan.
<b>Tilskot til trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkje</b>	-345	Ferdig I tråd med plan.
<b>Sum</b>	<b>-812</b>	

Sum tiltak

**-412**

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året			
	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Kommentar
<b>Fornyng av IT-utstyr</b>	296	416	Iht. plan	Investeringa er fullført og sett i drift. Det er etablert ei redundant løysing der Vindafjord og Etne vil ta over for kvarandre dersom det er behov for det. Til dagleg jobbar datasentra parallellt og brukarane merker ikkje noko forskjell om dei jobbar opp mot Etne eller Vindafjord.
<b>Prosjektleiing/kostkontroll</b>	322	332	Iht. plan	Årleg prosjekt med utgifter til prosjektleiing og kostkontroll av investeringsprosjekta. Midlane er trekt ut på eit prosjekt i staden for å fordele det til kvart enkelt prosjekt.
<b>Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar</b>	0	716	Iht. plan	Midlar for 2021 er overført til fellelrådet etter medgått på slutten av året. Mesteparten av restmidlane frå tidlegare år er no brukt opp.
<b>Sum</b>	<b>618</b>	<b>1 464</b>		

## Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,48 %	8,37 %	9,85 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,18 %	6,73 %	7,90 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,13 %	8,42 %	9,55 %

Sjukefråværet i rammeområdet har vore relativt høgt. Det skuldast i all hovudsak nokre få langtidsfråvær i store/heile stillingar som viser godt igjen på tala. Desse fråværa er fylgt opp etter rutine våre.

## Status politiske vedtak

### Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
<b>Betre digitale tenester</b>	<b>Administrasjon og fellesdrift</b>  Utarbeida nye og meir innhaldsrike nettsider. Utvikla søknadssenteret og intranett.	Ferdig	Nye heimesider blei publisert i midten av april. ACOS-prosjektet er vidareført. Intranett er påbegynt. Ny modul i løns- og personalsystemet er under innføring. Innføring av nytt kvalitetssystem er det neste som står for tur. Det er gjennomført felles anbod i lag med fleire andre kommunar på Haugalandet. Planmodulen i styringsverktøyet Framsikt er tatt i bruk, og ny modul for intern rapportering utover økonomi og delegering vil bli tatt i bruk i 2022.
<b>Ny eigarskapsmelding</b>	<b>Administrasjon og fellesdrift</b>  Det er store verdiar og viktige samfunnsoppgåver som blir forvalta gjennom kommunen sine ulike eigarskap og samarbeid. Etter kommunelova § 26-1 skal kommunestyret minst ein gang i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding. Eigarskapsmeldinga skal å slå fast kommunen sine prinsipp for eigarstyring, gje ei oversikt over alle selskap som Vindafjord kommune har eigarinteressar i og drøfte kommunen sine ulike motiv for å delta i desse.	Ikkje starta	Arbeidet har blitt utsett og det vil etter planen bli lagt fram sak i 2022.
<b>Oppretting av klima-, energi- og miljøpris</b>	<b>Administrasjon og fellesdrift</b>  Rådmannen legg fram ei sak for DUK om oppretting av klima-, energi- og miljøpris.	Ikkje starta	
<b>Revidere gjelds- og finansreglement</b>	<b>Administrasjon og fellesdrift</b>	Ferdig	Nytt reglement blei vedteke av kommunestyret i juni.



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
---------	------------	--------	----------------------

Gjeldende finans- og gjeldsreglement for Vindafjord kommune er blei vedteke i desember 2017. I reglementet står det at det skal reviderast i kvar kommunestyreperiode. Reglementet er heimla i den gamle kommuneloven, så det bør uansett oppdaterast i tråd med ny kommunelov.


## Politisk

### Omtale av rammeområde

Tenesteområdet omfattar folkevalde, støtte til politiske parti, kontrollutvalet, val og næring. Under næring er tilskot til Medvind næringshage, turistinformasjon, Destinasjon Haugesund & Haugalandet og omdømmeprojekt.

### Utvalde resultat

### Politisk organisering 2019-2023



### Oversikt over politiske saker og møter 2021

Kommunestyret: 8 møter (1 ekstraordinært og 4 digitalt)

Formannskapet: 11 møter (6 digitale)

DUK: 6 møter (2 digitale)

OPOM: 6 møter 2(digitale)



	KS	FS	OPOM	DUK
<b>Faste saker</b>	29 (24)	38 (32)	28 (24)	<b>28 (24)</b>
<b>Sum ( ) = Tal frå 2020</b>	<b>87 (80)</b>	<b>98 (82)</b>	<b>51 (67)</b>	<b>52 (48)</b>

#### Integreringsrådet (VIR):

Kommunestyret vedtok 23.03.23 i sak 021/21 - Rådsorgan for å sikre brukarmedverknad i integreringsarbeidet i Vindafjord kommune.

Og i møte 21.09.21 og sak 053/21 - Reglement for integreringsråd, vart reglement for integreringsrådet vedtatt.

Etter informasjon publisert på nett, i lokalmedia, plakatar i nærmiljø og konkret etterspørsel vart Vindafjord integreringsråd valt i kommunestyret 14.12.21.

3 medlemmer med integreringsbakgrunn og 2 politikarar.

Trygve Espevold er leiar i rådet og Ane Kesia Fatland (Einingsleiar for kultur og læring) repr administrasjonen.

Første møte i integreringsrådet er planlagt gjennomført i mars 2022.

#### Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har i 2021 hatt **6** (6) møter fordelt på tre møte første halvår og tre møter andre halvår. Utvalet held møta på rådhuset. Kontrollutvalet har opne møte, men dei skal og kan lukke når det er heimla i lov. Møtet i januar og november blei gjennomført digitalt på Teams.

Utvalet har hatt **34** (38) saker til handsaming, kor **5** (8) av sakene blei vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **49** (46) saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På dei digitale konferansane i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i april og Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni deltok leiar og nestleiar. På dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland i desember deltok nestleiar. Leiar måtte melde avbod på kort varsel. Fullstendig årsmelding i sak 011/21 i Kommunestyret i møte 16.02.2021.

#### Ungdomsrådet (VUR):

Det er 7 medlemmer i VUR i alderen 14-19 år.

VUR har hatt 5 møter i 2021. 2 av desse digitalt på teams.

Ungdomsrådet har handsama 11 saker pluss orienterings- og referatsaker og gitt uttale i 3 av desse sakene.

Etter val kvart andre år, skal nytt ungdomsråd veljast.

I kommunestyret 26.10.21 og sak 067/21 Val av ungdomsråd for perioden 2021-2023 vart nytt råd valt.

Ungdomsrådet har godkjent eiga årsmelding.

#### Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting (REF)

REF har hatt 6 møter i 2021.

Rådet har hatt 6 møte og har handsama 11 saker pluss orienterings- og referatsaker.

Av desse hat rådet gitt uttale 5 av sakene.

Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting har godkjent eiga årsmelding i sak 006/21 i møte 04.03.2021.

[Ungdomsrådet si årsmelding for 2021](#)

[Kontrollutvalet si årsmelding for 2021](#)



## [Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting si årsmelding 2021](#)

### Viktige hendingar

#### Covid19:

Smittesituasjonen har påverka den politiske aktiviteten i kommunen. Fleire av møtene i alle utvala har vore gjennomført digitalt.

Kommunestyret har leigt Ølen Kulturhus 3 gonger for å kunne gjennomføre møtet etter gjeldane smittevernreglar. Dei digitale møtene er gjennomført på teams.

#### Ordførar tilbake i full jobb:

I frå juli var ordførar Ole Johan Vierdal tilbake på jobb etter eit år med sjukemelding. Han var uheldig og hadde eit stygt fall i juni 2021. Dette førte til sjukemelding eit heilt år. Varaordførar Tove Elise Madland fungerte som ordførar i perioden.

#### Stortingsval 2021:

Det vart tidleg bestemt at stortingsvalet 2021 skulle gjennomførast tross pandemi. Valdirektoratet kjørte digital opplæring og vallova vart tilpassa situasjonen. (fristar for oppteljing og gjennomføring ved karantene og isolasjon)

Det kom og egne veiledarar for val-gjennomføring i pandemi. Dette førte til at valstyret vedtok at førehandsrøystinga vart gjennomført på Sjøperlo, fleire dagar for førehandsrøysting, lengre opningstider, større moglegheit for å røyste heime og eignedrive-thru lokaler for å røyste ved karantene. Val i pandemi krevde meir planlegging og kartlegging, innkjøp av fleire valavlukk, smittevernutstyr og bruk av meir personalressurser. Val oppslutninga var god og ikkje ulik tidlegare stortingsval tross pandemi. Og fleire nytta seg av førehandsrøysting. Resultatet var eit godt gjennomført val.

#### Val av ny varaordførar

Varaordførar Tove Elise Madland(Ap) vart ved stortingsvalet vald inn på Stortinget.

I møte i kommunestyret 26.10.21, sak 061/21 Behandling av søknad om fritak som varaordførar, vart Madland gitt fritak frå rolla som varaordførar. I same møte og sak 062/21 - Val av ny varaordførar, vart Gustav Løge Fosse (Krf) vald til ny varaordførar.

#### Politiske reglementet:

Etter ny kommunelov er det bestemt at godtgjerslereglement skal vedtas som forskrift. Formannskap og kommunestyre fekk godtgjerslereglementet opp til sak og vart behandla i møte 23.03.2021

I møte i kommunestyret 26.10.21 vart sak 068/21 Arbeidsgruppe for vurdering av politisk organisering og godtgjersle til politikarane etter kommunevalet i 2023, og vurdering av dei politiske reglementa i Vindafjord Kommune, behandla.

Det vart vedtatt at eit arbeidsutval leiar av varaordførar Løge Fosse (Krf) skulle jobbe vidare med dette. Grunna ny smitteoppblomstring er dette arbeidet først i gong i 2022.

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	4 811	5 111	5 781	669



## Kommunedirektør

### Omtale av rammeområde

Ansvarsområdet har 4 årsverk, kommunedirektøren og 3 kommunalsjefar.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	6 323	5 851	5 247	-603

## Økonomiavdeling

### Omtale av rammeområde

Økonomiavdelinga har ansvar for overordna økonomisk planlegging og budsjettering, kontroll og analyse, rekneskap, finans, innkjøp og fakturering. Avdelinga har og ansvaret for rekneskap, faktura inn og ut for fellesrådet og sokneråda. Avdelinga har 5,6 årsverk.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	13 777	12 881	12 646	-236

## Personalavdeling

### Omtale av rammeområde

Personalavdelinga har overordna ansvar for alt innafor området løn, personal og organisasjon. Dette er blant anna HMS, tilsetjingsarbeid, oppseiingsarbeid, tariff, velferd, arbeidsmiljø, lærlingar, vernetenesta, tillitsvalde/drøftingar, nærvær, personalsaker, inkluderande arbeidsliv, ferispørsmål, AMU og ADMU, konfliktløsning, omplassering, lønsfastsetjing, lokale forhandlingar, rettleiing og støtte, pensjon, kompetanse, arbeidstidsspørsmål, arbeidsavtalar, leiing og leiarutvikling, omorganisering, løn, reiserekningar, tilsetjingssystem, sjukepengar og refusjonar. Det er organisert slik at kommunalsjef personal og organisasjon er ansvarleg for service og fellestenester samt IKT/digitalisering i tillegg til løns- og personalavdelinga.

Det er fem årsverk totalt på løn og personal, inkludert kommunalsjef personal og organisasjon.



## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	7 176	7 534	9 562	2 028

## IKT avdeling

### Omtale av rammeområde

Etne kommune har sidan 2015 vore vertskommune for felles IKT-eining for Etne og Vindafjord kommunar. Eininga har ansvar for drift og utvikling av Etne og Vindafjord kommune sine IKT system, og har 6 tilsette og 1 lærling.

### Utvalde resultat

Me har eindel utdatert nettverksutstyr som skulle bli bytta i 2021, men pga leveringssituasjon fekk me det ikkje levert, og det er faktisk litt usikker om me får det levert i 2022.

Kommunen har eit stort etterslep på gammalt PC utstyr, dette er adressert og ein har for 2022 fått milder til å gjer noko med dette.

Tanken er at alle PCer skal oppdaterte med gjeldande WIndows og være yngre enn 5 år.

Framover i åra som kjem vil me fortsette med denne utbyttinga for å holde PCer og anna utstyr oppdatert.

### Viktige hendingar

I 2020 og utover våren 2021 fortsette diskusjonar rundt eit eventuelt felles IKT på Haugalandet ilag med Vindafjord, Tysvær, Karmøy og Sveio. Etter ei heilheits vurdering valte Etne som første kommune å trekke seg frå dette arbeidet, og like etter valte Vindafjord å gjer det same. Det blei ilag med Vindafjord då bestemt at Etne og Vindafjord fortset ilag som tidlegare men også ska sjå på kor me kan forbetre samarbeidet, bl.a. med tanke på Digitalisering.

I 2021 har me jobba med å fullføre nettverk og serveromlegginga som blei påbegynt i 2020. Ein person har jobba nesten full tid med dette i 2021. Me har nå fått ei robust og god løysing som også er langt tryggare, enklare å drifte og har langt meir kapasitet enn me hadde tidlegare.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	6 278	6 094	7 387	1 293

## Service- og fellestenester



## Omtale av rammeområde

Tenesteområdet for service- og fellestenester inkluderer drift av servicetorg og arkiv, samt merkantile tenester for barnevern, PPT og tilrettelagde tenester. Servicetorget er kontaktpunktet for innbyggjarane via sentralbord, skranke, nettsider inkl. søknadssenter og facebook og tenesteområdet er ansvarleg for å vedlikehalde og utvikle desse tenestene. I tillegg er servicetorget kontaktpunkt for tilsette i kommunen når det gjeld diverse fellestenester som intranett, booking av møterom og bilar, og informasjon som skal ut til innbyggjarar og tilsette.

## Utvalde resultat

### 1. Prosjekt felles arkivsystem på Haugalandet

Vindafjord kommune har hausten 2021 slutført prosjektet med å oppgradera til ny versjon av arkivsystemet, ved at også sikker sone i WebSak er installert og tatt i bruk til personsensitiv saksbehandling. Kommunane på Haugalandet vil i 2022 fortsetja eit samarbeid kring felles saks- og arkivsystem for å vedlikehalda rutinar og opplæringsmateriell, samt planlegging av felles oppgradering av systemet når det er naudsynt.

### 2. Prosjekt nye nettsider

SFT lanserte våren 2021 nye nettsider for Vindafjord kommune. Målsetjinga med å oppgradere til nye nettsider var å auka kvaliteten på informasjon ut til innbyggjarane, samt gjera innbyggjarane meir sjølvhjulpne i å finne fram til informasjonen dei treng om tenestene til kommunen. Som ein viktig del av prosjektet er det utarbeida ein ny profilmanual for Vindafjord kommune. Denne har kome til uttrykk på nye nettsider, i annonseringa og profileringa av Vindafjord kommune. framover.

I løpet av året har det også blitt utvikla og lansert ein underportal til nettsida som heiter Vakre Vindafjord. Denne portalen har til formål å markedsføre kva kommunen vår har å tilby. Nettstaden framhevar moglegheiter anten du vil bu, jobba eller oppleve Vindafjord.

### 3. Prosjekt nytt intranett

I løpet av året har SFT utvikla og etablert eit intranett for tilsette i Vindafjord kommune. Intranettet skal lanserast tidleg 2022. Intranettet har som formål å betra den interne informasjonsflyten, slik at tilsette opplev rask og enkel tilgang til informasjon dei treng i sin arbeidskvardag.

## Viktige hendingar

Koronasituasjonen har påverka det økonomiske resultatet til eininga i form av at fellesutgifter/driftsutgifter har blitt redusert på grunn av reiserestriksjonar, sosiale restriksjonar og utstrakt bruk av heimekontor.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	<b>8 089</b>	<b>9 110</b>	<b>9 591</b>	<b>481</b>



## Felles Administrasjon og fellesdrift

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	935	851	105	-746



## Oppvekst og kultur

### Omtale av rammeområde

#### Barnehage

Tenesta omfattar Skjold, Sandeid, Vats og Vågen barnehage, og oppvekstsentera Bjoa-, Vikebygd- og Imsland barnehage og skule. I tillegg er det tre private barnehagar i kommunen: Ølensjøen FUS barnehage, Vikedal FUS barnehage og Nausthaugen barnehage.

Private barnehagar er inkludert i kompetanseutvikling og BTI-arbeidet, og deltek i fagmøte med dei kommunale barnehagane. Det er samordna opptak for kommunale og private barnehagar, og rekneskapen for dei kommunale barnehagane gjer grunnlag for tilskotsatsar til dei private barnehagane. Barnehagane driv med barnehagebasert kompetanseutvikling, gjennom regional kompetanseutvikling (ReKom), i partnerskap med Høgskulen Vestlandet, HVL. Sandeid barnehage er pilot og dei andre kommunale barnehagar, samt Nausthaugen barnehage, er knytt til utviklingsarbeidet som klyngebarnehagar i lærande nettverk med eigne kompetanseutviklingsplanar. FUS barnehagane deltek i læringsmiljøutviklingsprosjekt (LMP) og samarbeider tett med Ølen skule og Vikedal skule her.

Dei kommunale barnehagane varierer i storleik, frå 13 barn i barnehagen i Imsland til 104 barn i Skjold barnehage. Det er også stor variasjon knytt til funksjonalitet i kvardagen, og utbetningsbehov ved einingane. Det er med unntak av Skjold barnehage redusert tal på barn i dei kommunale barnehagane, med ei endring frå 321 barn i 2015 til 285 i 2021. Samla for både private og kommunale barnehagar er 58 færre barn i barnehagane i 2021 samanlikna med 2016.

Framskrivning av folketalet viser at talet på barn i barnehagealder vil gå ned dei næraste åra, og ein vil i 2023 ha omlag 100 færre barn i barnehagealder enn i toppåret 2015. I 2021 var det 50 færre barn i barnehagealder samanlikna med 2015.

Det er omlag 79 årsverk, med 105 tilsette, i kommunale barnehagar, inkludert leiarstillingar, assistentar/fagarbeidarar og barnehagelærarar. Kommunen fyller pedagognorma og det har ikkje vore naudsynt å gi dispensasjon til private barnehagar. Samla utgjer private og kommunale barnehagar 126 årsverk.

#### Skule

I Vindafjord er det totalt ni skular, tre kombinerte 1.-10.kl, tre 1.-7.kl og tre oppvekstsenter (barnehage og skule). Elevtalet held seg nokolunde stabilt, men fleire av skulane vil gradvis få ein nedgang av elevar fram mot 2023.

Det kom ny læreplan hausten 2020, skulane bruker mykje tid på å jobba med den overordna delen som gir ein del rammer for korleis ein skal tenke rundt elev og undervisning. Desentralisert modell for kompetanseutvikling, DeKomp er ei ordninga der ein er i partnerskap med Høgskulen på Vestlandet (HVL), som skal vera delaktige for å heva kompetansen på skulane. Vågen - og Sandeid skule har avslutta partnerskapet etter to skuleår med fokus på å få opp lesegeda på mellomsteget og eit profesjonsfagleg fellesskap. Ølen, Skjold og Vikedal skular er allereie i gong med partnerskapet med tema lesing i eit inkluderande fellesskap. Denne måten å jobbe på er og i tråd med samarbeidet kommunen har hatt med NordR (kommunane i Nord Rogaland), der ein har jobba mykje med å auka analysekompetansen til skulane. Pedagogisk analyse skal hjelpa skulane å sjå ein raud tråd i å analysere og følgja opp elevresultat.



I samband med vidareutdanningsmodellen til Utdanningsdirektoratet, Kompetanse for kvalitet, jobbar kommunen målbevisst for å nå måla om at lærarar som underviser i norsk, matte og engelsk skal ha 30/60 stp, høvesvis barnesteg og ungdomssteg. Kommunen har tida fram til 2025 til å nå dette målet. I 2021/22 tek 7 lærarar vidareutdanning gjennom denne ordninga.

Det er 170 årsverk i skulen, inkludert leiarstillingar, assistentar/fagarbeidarar og lærarar.

## **SFO**

Det er tilbod om SFO ved alle ni skulane våre. Brukarane kan velje dagar fritt, i tillegg kan dei velje om dei vil ha med eller utan morgontilbod.

I dagens SFO tilbyr kommunen ti alternative val. Etter ei administrativ vurdering hausten 2021 vart ein samde om å halda fram med alle pakkane. Ein må truleg ha ein ny politisk runde i 2022 grunna planar om gratis kjernetid for 1. klasse.

Kvalitetsplan for SFO er dei godt i gong med å implementera, planen må sjåast saman med innføring av nasjonal rammeplan for SFO. Dette for å sikre enda meir kvalitet i SFO framover.

## **Kultur og læring**

Eininga dekkjer over eit breitt fagfelt og fleire ulike lovverk. Hovudområda er kultur og idrett, kulturskule, vaksenopplæring, bibliotek og frivilligsentral. Eininga held til i kultur- og læringscenteret på Sjøperlo i Ølen sentrum.

## **Utvalde resultat**

### **Barnehage**

447 barn totalt, av dei går 285 barn i kommunale barnehagar og 162 i private barnehagar. Spesialpedagogisk hjelp på 5,37 % dekker alle barn i førskulealder.

Barnehagane fyller pedagognorm, både i kommunale og private barnehagar.

### **Grunnskulen**

1130 elevar totalt, av desse er det 543 gutar og 587 jenter. 807 av desse elevane går i 1-7 klasse, 323 går i 8-10 klasse. Skulane våre fyller lærarnorma totalt i kommunen.

For tida manglar me kompetanse i engelskfaget, men gjennom kompetanse for kvalitet så er det fleire lærarar som no tek vidareutdanning i blant anna engelsk.

Det vert jobba mykje med det psykososiale miljøet i barnehage og skule, fleire av einingane våre er med i ulike prosjekt. Arbeidet med felles overordna plan for det psykososiale arbeidet i barnehage og skule har vore mykje på agendaen dette året, målet er å ferdigstille denne til oppstart barnehage - og skuleår 2022/23. Ølen og Vikedal skule har vore med i læringsmiljøprosjekt som vert avslutta våren 2022. Her har også dei private barnehagane i Ølen og Vikedal deltatt.

Totalt får 8,14% av elevmassen spesialundervisning.



## Kultur og læring

Biblioteket har mange arrangement i løpet av året. Totalt har det vore avvikla 34 kulturelle arrangement, kor 18 av desse var retta mot barn/familiar med totalt 492 deltakarar. Det vart halde totalt 31 arrangement i kategorien kurs/opplæring/verkstad, kor 14 av desse var retta mot barn/unge, med totalt 456 deltakarar.

2021 vart det mellom anna søkt om midlar for aktivitet for å leggje tilrette for å motverke einsemd, for eldre. Me mottok til saman 200 000, og det vart i løpet av året gjennomført flott kulturturne i bygdane. oppstart av seniormøteplass i regi av frivilligsentalen.

Kommunen har dette året vedteke å arbeide i tråd med fritidserklæringa.

	2018	2019	2020	2021
Kulturskule elevar (GSI)	232	187	186	186
Kulturskule elevplasser (GSI) *	261	191	191	191
Kulturskule venteliste	41	33	36	27
Kulturskule, musikk for barnehagebarn	100	100	0	0
Bibliotek, utlån (barn og vaksne)	22196	21189	16429	18473
Bibliotek utlån digitale bøker	2702	1624	2014	1254
Bibliotek besøk alle	11531	15733	13925	21418
Bibliotek SF, tal besøk/ snitt pr. veka	2034/42,5	1940/40,5	997/26,5	1610/47
Bibliotek SF, samla utlån bøker og digitale	4069	4187	1739**	2398
Vaksenopplæring, elevar norsk og sam.k.	44	37	26	37
Grunnskule, §4A-1 gr. Dugleikar og fag (1.-7.) (GSI)	42	35	23	34
Grunnskule, §4A-1 eksamensretta (GSI)	6	10	13	13

\* elevar kan ha fleire elevplassar

\*\* ikkje digitale bøker

## Viktige hendingar

Året 2021 har også vore prega av covid-19 og periodar med mykje smitte, nedstenging og drift på ulike nivå etter Udir sin trafikklysmoell. Alle tilsette i barnehage og skule har jobba knallhardt for at alle barn og elevar skal få eit best mogleg kvalitetstilbod i desse vanskelege tider. Barn, elevar og føresette har også vore veldig samarbeidsvillige og flinke også dette året når det gjeld Corona.

Det har vore eit godt tverrfagleg samarbeid i Vindafjord kommune med tanke på dei sårbare barna og elevane. Med faste statusmøte og god samhandling, med BTI-modellen til grunn, mellom tenestene, har desse både blitt sett og høyrte, og ikkje minst fått god oppfølging.

Eksamen vart også dette året avlyst grunna Covid-19, det var veldig synd då mange elevar hadde sett fram til å vise kva dei har lært gjennom skuleløpet.

Store delar av året har ein jobba med grunnlag for planutkastet til barnehage - og skulebruksplanen. Utviklingsarbeid gjennom dei statlege ordningane Rekom og Dekom (bhg/skule) har gått sin gang, mykje har føregått digitalt, men også nokre fysiske samlingar. Dessverre vart den årlege "PåGlimedBTI" digital, men til trass for det så vart det eit vellukka arrangement med tema "Laget rundt barnet". Endringa i



barnehagaelova vedkomande trygt og godt barnehagemiljø (§42) kom i januar og har blitt jobba med på felles overordna nivå. Ny plan saman med skule vert publisert våren 2022.

Vedtak om å vere med på dagsturhytta, plassering og finansiering blei gjort i løpet av 2021. Eit godt samarbeid mellom kommune, Vindafjord turlag, grendautval og andre frivillige og private bedrifter har sikra finansiering, grunneigaravtale, grunnarbeid og mange timar dugnad. Alt er klart for at Vadhytta i Kolbeinhausglia skal bli sett opp og vil bli ferdigstilt i mars 2022.

Bygdeboka, Heimar og folk i Sandeid, vart lansert i februar 2021. Under Årets vakraste bøker 2021, blei det gull til Heimar og folk i Vikebygd, Vikedal og Sandeid. Bygdebøkene frå Vindafjord kan dermed skryta av å vera Noregs vakraste bygdebøker.

I desember 2021 blei biblioteket meirope, slik at lånarar etter særskilt avtale kan bruke biblioteket 07-22 alle dagar.

Også 2021 blei prega av Covid 19 blant anna ved at biblioteket var stengt i perioden 17/3 til 14/4. Korona resulterte også i ekstra statlege midlar til sommarskule og vart planlagt og arrangert på rekordtid. Eit vellukka tilbod.

Kulturskulen har eit desentralisert tilbod, og lærarar som underviser på fleire skular, og 2021 har vore utfordrande med tanke på situasjonen med Covid 19. I periodar har ein nytta digitale løysingar for å halda kontinuiteten i undervisninga.

Frivilligsentralen har gjennom heile året vore aktivt inne med å koordinera frivillige til vaksineringsarbeidet i kommunen.

## Status økonomi

### Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
1100-Skjold skule	28 528	30 729	30 694	-35
1110-Ølen skule	29 632	30 555	30 299	-256
1120-Vikedal skule	15 528	16 327	16 614	287
1130-Vikebygd skule og barnehage	7 920	8 233	8 457	224
1140-Bjoa skule og barnehage	6 560	6 836	7 253	417
1150-Vats skule	10 832	11 505	11 270	-235
1160-Vågen skule	9 323	10 422	10 076	-347
1170-Sandeid skule	10 155	11 528	11 000	-528
1180-Imsland skule og barnehage	5 726	6 077	6 214	138
1210-Sandeid barnehage	7 376	8 216	7 907	-309
1220-Vågen barnehage	5 482	5 945	5 496	-449
1230-Vats barnehage	4 669	4 730	4 914	184
1240-Skjold barnehage	12 757	14 171	14 470	299
1250-PPT	3 800	4 326	4 382	55
1260-Kultur og læring	13 793	14 585	15 661	1 076
1295-Felles Oppvekst og kultur	43 068	36 879	38 227	1 348
<b>Sum</b>	<b>215 149</b>	<b>221 064</b>	<b>222 935</b>	<b>1 871</b>

## Kommentar til status økonomi



Samla mindreforbruk i 2021 for rammeområdet var kr 1 870 816. Mesteparten av dette skuldast færre barn i dei private barnehagane. Som følge av dette mindre overføring av driftstilskot. Kultur og læring har eit relativt stort mindreforbruk. Elles er det varierende grad av mindre - og meirforbruk i einingane.

### Skule

Ekstra tiltak i samband med utfordringar med læringsmiljøet ved nokre skulane våre. Det er også skular som leverer eit nokså stort mindreforbruk. Dette vert tatt med i neste runde med ressursfordeling, det kan vera feilbudsjettering.

Skulane har generelt hatt store utgifter til vikarar, spesielt mot slutten av året.

### SFO

Det er tilbod om SFO ved alle ni skulane våre. Brukarane kan velje dagar fritt, i tillegg kan dei velje om dei vil ha med eller utan morgontilbod. I dagens SFO tilbyr kommunen ti alternative val. I utgangspunktet er det nok budsjettert med for høg foreldrebetaling, når ein gjennom skuleåret får oppseiingar blir det utfordrande då dette fører til enda mindre inntekt enn budsjettert. Dei tilsette er som regel tilsett for heile skuleåret.

### Barnehage

Totalt viser denne sektoren nokolunde balanse. Nokre einingar går med overforbruk grunna barn som treng styrking. Styrkingsmidlar er ikkje tilført budsjettet. Dette vert rydda opp i ved neste ressurstildeling. Elles er det mindre overføring enn budsjettert til private barnehagar. Dette skuldast nedgang i barnetalet. Det er også eit meirforbruk på styrking spesialpedagogisk hjelp i barnehage

### PPT

Tenesta har eit samla overskot på på 55471 kr, eit avvik på 1,3%. Utgifter til kurs, kjøring og innleige av eksterne tenester, har vore på eit minimum i 2021 grunna Covid-19.

### Kultur- og læring

Samla mindreforbruk per desember 2021 er omlag kr 1 076 000. Avviket skuldast hovudsakleg at det er motteke meir norsktilskot enn budsjettert. Vakante stillingar utan tilsetjing og i periodar dårleg dekning av vikar ved sjukemeldingar, her spesielt kulturskulen. Mindre utdeling av tilskot til lag og foreiningar då det har vore mindre søknader inn grunna mindre aktivitet. Den spesielle korona situasjonen har også bidratt til mindre aktivitet totalt i eininga, som då har vore med å dekkje opp for meirutgifter som til dømes grunnskule for vaksne.

### Felles Oppvekst og kultur

Totalt er det er det eit samla mindreforbruk som kan forklarast med at det vart mindre overføring enn budsjettert til private barnehagar. Dette skuldast nedgang i barnetalet. Elles var det eit meirforbruk på styrking spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Lovheimla skuleskyss har eit relativt stort meirforbruk, dette vil bli justert i budsjettet for 2022.

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000


	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2021
Lønn	191 651	199 672	199 015	205 948
Refusjon lønn	-8 436	-4 598	-4 712	-10 156
<b>Sum Lønn</b>	<b>183 216</b>	<b>195 074</b>	<b>194 303</b>	<b>195 792</b>
Drift	17 464	17 656	18 850	19 212
Kjøp av produksjon	34 293	35 422	35 422	32 545




Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2021
<b>Overføringer</b>	10 517	4 868	5 062	7 823
<b>Finansutgifter</b>	10 389	0	0	3 260
<b>Sum Utgifter</b>	<b>72 662</b>	<b>57 947</b>	<b>59 335</b>	<b>62 839</b>
<b>Brukerbetaling</b>	-13 164	-14 361	-14 387	-15 168
<b>Refusjoner</b>	-14 497	-11 175	-14 460	-15 668
<b>Overføringer</b>	-7 553	-1 842	0	-1 545
<b>Finansinntekter</b>	-5 514	-500	-1 856	-5 186
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-40 729</b>	<b>-27 879</b>	<b>-30 703</b>	<b>-37 567</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>215 149</b>	<b>225 142</b>	<b>222 935</b>	<b>221 064</b>

## Driftsutgifter og inntekter (graf)



## Detaljvisning drift (graf)





## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

	Vindafjord 2020	Vindafjord 2021	Kostragruppe 11	Rogaland	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>					
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 402	1 955	2 375	3 093	2 670
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgif (B)	25,0 %	25,6 %	22,2 %	24,4 %	23,1 %
Netto driftsutgifter i prosent 201 førskole (B)	11,2 %	10,8 %	12,4 %	13,8 %	12,2 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) (**)	103 170	111 095	95 687	94 449	98 947
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (B) (**)	126 132	136 259	118 226	116 898	125 125
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) (**)	9 270	8 484	5 730	8 189	6 806
<b>Produktivitet</b>					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	158 693	178 380	182 231	187 329	185 441
<b>Dekningsgrad</b>					
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	62,5 %	63,8 %	44,7 %	51,1 %	49,6 %
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i al (B)	15,5 %	15,8 %	9,5 %	14,3 %	13,3 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	7,5 %	8,1 %	8,1 %	7,7 %	7,9 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	48,7 %	47,6 %	59,3 %	52,9 %	57,4 %
Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	1,6	2,4	2,9	4,8	3,2
<b>Kvalitet</b>					
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,3	4,3		4,1	
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	47,0	47,0		50,0	
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	48,0	46,0		50,0	

(\*\*) Justert for utgiftsbehov

### Status økonomiplaniltak

#### Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Vedtatt førre periode		
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot	-1 850	Ferdig Justering av budsjett. Forskyve i tid og erstatta av nye tiltak.
Sum	<b>-1 850</b>	
Nye tiltak		
Øymerka tilskot til Frivilligsentralen	-430	Ferdig Justering av budsjett
Auka driftstilskot museumsdrift (K-018/18)	345	Ferdig Justering av budsjett
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot	1 850	Ferdig Justering av budsjett. Forskyve i tid og erstatta av nye tiltak



Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Sum	1 765	
Sum tiltak	-85	

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Status Kommentar
IT-plan skule	1 026	1 086	Ferdig Det er kjøpt inn storskjermar til skulane, pluss fornying av dei eldste iPadane på skulane - innkjøp er gjort fortløpande i løpet av året.
Sum	1 026	1 086	

## Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,26 %	4,41 %	5,68 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,52 %	4,75 %	6,27 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,37 %	5,27 %	6,64 %

Samla sjukefråvær i oppvekst 2021 var på 6,64 %, det er (av dette er 0,2% korona-relatert i skule, og 0,3% i barnehage) under totalen i kommunen, som var på 7,3%. Måtalet i kommunen er 6%, så oppvekst ligg litt over dette. Eit kontinuerleg fokus på sjukefråvær, både førebygging, tilrettelegging og oppfølging av dei som er borte frå jobb, er viktige for å sikre eit lågast mogleg sjukefråvær i oppvekst.

## Status politiske vedtak

### Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
<b>Evaluerer SFO-tilbodet</b>	<b>Oppvekst og kultur</b>  Dagens ordning med eit stort tal valmoglegheiter for SFO gjer det utfordrande for einingsleiarane å planlegge bemanning mv. Det er behov for å evaluere ordninga med sikte om å finne eit tilbod som både gjev valfridom for familiane og samstundes held kostnadane for kommunen nede.	Ferdig	Det har vore ein prosess gjennom året der ein har konkludert med at ein ønskjer å oppretthalde dagens tilbod.
<b>Utvikla og bruka rutinar i samhandling</b>	<b>Oppvekst og kultur</b>  Utvikla rutinar i samhandling for opplæring på alternative læringsarenaer og for fosterheimsplasserte barn/elevlar. Kvalitetssikra «den raude tråden» frå uro til spesialpedagogisk arbeid i praksis.	Ferdig	Er viktig å sjå i samheng med oppvekstreforma, pågåande arbeid fram mot politisk sak i 2022.
<b>Vurdere oppretting av logopedstilling</b>	<b>Oppvekst og kultur</b>  Over tid har det vist seg at det er stort behov for logopedtenester i kommunen, både oppvekst og helse. Ein logoped er særskild viktig i å byggja kompetanse for førebyggjande arbeid i barnehage og skule og i arbeidet med intensive tiltak for barn og unge med bl.a. kommunikasjonsvanskar, stemmevanskar, språk- og talevanskar, taleflytvanskar (stamming eller løpsk tale) og svelgevanskar.  Vindafjord kommune har i fleire år måtta kjøpt tenesta av dyre konsulentar.	Ferdig	Oppstart 30% logopedstilling frå 01.08.21



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	<p>Hausten 2021 har kommunen utdanna sin eigen logoped, og vil då sjå på om det er mogleg å opprette ei stilling som logoped ved å omdisponera innafor ramma. Med å ha vår eigen kommunal logoped, vil ein time tilsvara tre timar med innleigd konsulent.</p> <p>Ein vil også sjå på moglegheit med å leige ut denne tenesta til andre kommunar, som ein del av ei eventuell stillingsauke.</p>		
<b>Vurdere utvida opningstid i barnehage</b>	<b>Oppvekst og kultur</b> <p>Det er behov for å sjå på vedtektene for barnehage og vurdere utvida opningstid. Ved utvida opningstid vil kostpris pr time gå ned, noko som vil gje verknad på tilskotet til dei private barnehagane. Kommunale barnehagar ville samstundes få same opningstid som dei private barnehagane i kommunen, og imøtekome føresette som på grunn av lang arbeidsveg i dag ikkje rekk å hente i barnehagen før stengetid. Ved endring i vedtektene kan det bli vurdert om kommunen skal gje tilbod om alt frå 40% til 100% plass, og gje mogelegheit for utvida feriestenging.</p>	Ferdig	Det har vore ein runde på dette og konklusjonen er at det ikkje vert gjort endringar med opningstidene i denne omgang.

## Skjold skule

### Omtale av rammeområde

Skjold skule er ein 1-10 skule med 314 elevar og 52 tilsette. Skulen ligg fint til med mykje flott natur rundt. I tillegg har skulen et stor idrettsanlegg som blir mykje brukt både på dagtid og kveldstid. Uteområdet for småskulen treng ei oppgradering, da det er tatt bort leikeapparatar dei siste åra. Skulen er delvis rehabilitert, med ny administrasjon, mellomstegsfløy samt nytt skulekjøken og naturfagrom.

### Utvalde resultat

På nasjonale prøvar ser me at på 5. trinn ligg me under landsgjennomsnittet, mens med ligg over snittet på ungdomsskulen.

Olweusundersøkinga vart gjennomført hausten 2020. Denne blir nytta for å kartlegge om der går føre seg mobbing på skulen. Her viste undersøkinga at tal på elevar som opplever mobbing har gått ned, men me må bruka tid i enkelte klassar for å finna ut kva som ligg bak nokon av tala. Udir si Elevundersøking blir tatt på 7.-10. trinn. Denne viser positive tal. Skulen kan vise til høge tal når det gjeld trivsel.

I 2021 vart det ikkje gjennomført eksamen ved Skjold skule.



## Viktige hendingar

Året 2021 har vore eit roleg år. På grunn av Covid-19, har me lagt til sides mange av dei tradisjonane og arrangementet me til vanleg har i løpet av året.

Fram til desember 2021 hadde me ingen smitta elevar/tilsette på skulen, men fekk ei oppblomstring like før jul. Skulen har dermed hatt tilnærma normal drift gjennom året.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
Sum	28 528	30 729	30 694	-35

## Ølen skule

### Omtale av rammeområde

Ølen skule er ein 1-10 skule med 280 elevar. 110 av elevane går på ungdomstrinnet. Om lag 85 av elevane er minoritetsspråklege. Introtilbodet for barn med fluktbakgrunn, velkomstklassen, er plassert på Ølen skule. SFO har 44 barn. Det er 50 tilsette på skulen, Fleire går i reduserte stillingar. Gjennom 2021 har Ølen skule hatt praksiselevar frå vaksenopplæringa, vidaregåande og personar i arbeids trening. . Det er blitt sett inn ekstra for å ivareta nyankomne barn med fluktbakgrunn. Ein ser og i periodar med stort press grunna C19 at ein har måtte sett inn ekstra for å halde kohortstorleik.

Me har og måtte sett inn auka bemanning på ein klasse med store utfordringar.

### Utvalde resultat

Ølen skule er med i Læringsmiljøprosjektet, dette har auka fokuset på rutinar rundt det psykososiale arbeidet på skule og SFO. I 2020 var det 35 aktivitetsplanar, 20 av desse har vore til vurdering hjå Statsforvaltar. Statsforvaltar har gitt tilbakemelding om at sakene er avslutta og dei ser at skulen systematisk og strukturert med det psykososiale miljøet.

I løpet av 2021 har Ølen skule hatt gode resultat med tanke på læringsmiljø. Det har i løpet av 2021 vore 10 aktivitetsplanar. Skulen arbeider systematisk med å utarbeida gode rutinar kontinuerleg.

Ølen skule har hatt tilsyn frå Arbeidstilsynet, dette blei lukka desember 2021

## Viktige hendingar

På trass av pandemi og smitteomsyn har alle tilsette jobba svært godt med ulike typar utviklingsarbeid, Me har forsett arbeidet via Læringsmiljøprosjektet, som går ut på å forbedre det psykososiale miljøet. Me har fått rettleiing og støtte frå Universitetet i Stavanger, Læringsmiljøsentret og Statsforvaltar. Læringsmiljøprosjektet varer til sommaren 2022. Samtidig blir det jobba mykje med Fagfornyninga. I tillegg har skulen starta på Dekom arbeidet der ein har satsing på lesing.



I periodar med stort smittepress og raudt nivå har u-trinnet på Ølen vore på ulike leigde lokale. Det har fungert bra, me ser at det ikkje har vore bra for sårbare barn med fjernundervising. Me ønskjer i størst mogleg grad å ha alle på skulen.

I 2021 har me ikkje avlyst møter, men halde dei digitalt. Dette har fungert bra, men ønsker å halde møter i større grad fysisk i løpet av 2022.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	29 632	30 555	30 299	-256

## Vikedal skule

### Omtale av rammeområde

Vikedal skule er ein 1-10 skule med 157 elevar. 83 av elevane går på ungdomstrinnet. SFO har litt over 20 barn. I 2021 var det 27 tilsette fordelt på ulike stillinga og stillingstorleikar. Det har også vore innom personar i praksis og arbeidstrening. Det har gjennom 2021 vore periodar der det har vore naudsynt å setja inn ekstra bemanning, men dette har ein teke høgde for i planlegginga av skuleåret.

### Utvalde resultat

Skulen har arbeidd vidare med gode rutinar knytt til psykososialt miljø, noko som også viser igjen i Elevundersøkinga, I 2021 var det omlag 15 opne aktivitetsplanar.

Det er god fagleg utvikling på elevane frå 8. -9. klasse, ein løftar seg over gjennomsnittet i landet på nasjonale prøvar. Dette er ein positiv trend.

### Viktige hendingar

Skulen jobbar strukturert og godt med utviklingsarbeid og er no i siste fase i prosjektet som starta i 2020 der Vikedal skule saman med Ølen skule og barnehagane arbeider med det psykososiale miljøet. Ein har hatt og har støtte frå Universitetet i Stavanger og læringsmiljøseneteret, og statsforvalteren er med. Skulen er no i sise fase av dette prosjektet og fokuset fram til sommaren ligg på vidareføring av arbeidet. Fagfornynging er ei stor satsing på skulen som det blir brukt mykje utviklingstid til.

2021 har også vore prega av Covid -19. Vikedal skule har på ungdomstrinnet store klassar med 27, 28 og 28 elevar. Dette har ført til at då skulen var på raudt nivå har 2-3 grupper hatt fjernundervising/heimeskule. Elevar og tilsette har etterkvart fått mykje erfaring med slik undervisning og har takla dette greit.

Dei tilsette har i stor grad gjennomført alle møte og utviklingsarbeid digitalt, dette har fungert overraskande bra.

## Status økonomi



Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	15 528	16 327	16 614	287

## Vikebygd skule og barnehage

### Omtale av rammeområde

Vik skule og barnehage har 33 elevar i skulen og 19 barn (26 plasser) i barnehagen. Skulen er 3-delt og me har 2 avdelingar i barnehagen. Det er ca. 12 årsverk med til saman 14 tilsette i eininga. SFO har ope til kl. 16.30 kvar dag og me har morgontilbod frå kl. 06.45 i samarbeid med barnehagen.

Vik skule og barnehage har eit stabilt og godt personale. På skulen har lærarane godkjent kompetanse i alle fagområde dei underviser i. I barnehagen har me full dekning av barnehagelærarar i pedagogiske stillingar.

### Utvalde resultat

I barnehagen har me vore med på kompetanseutvikling gjennom RekomP (Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen). HVL har drive dette arbeidet og det har vore godt planlagt, utviklande og kjekt. Vårt satsingsområdet har vore: «*Korleis kan personalet sin kommunikasjon rundt bordet påverka til trivsel og den gode samtalen*»? Gjennom dette har det kome mange gode problemstillingar og diskusjonar. Kva er kommunikasjon i småbarns-gruppa? Kva er godt samspel og kva er støy? Korleis sikre at alle får komme til?

Hausten 2020 vart det innført ny læreplan for grunnskulen. Også i 2021 har me brukt mykje tid på å setje oss inn i fagfornyinga og på å prøve ut nye læreverk. Fagfornyinga har ført til endringar i undervisninga og det tar mykje tid og arbeid å få dette under huden. Djupnelæring og tverrfaglege tema er døme på ting me er blitt godt kjent med dette året. Spennande arbeid som går vidare også i 2022.

Vik skule og barnehage har fokus på lokalmiljø og lokale tema. Me nyttar naturen rundt oss aktivt og barnehagen er mykje på tur og i lavvoen i skogen. På skulen har me bindande tur-plan slik at me sikrar at alle elevane i løpet av skuletida si er med på 12 utvalde turar til toppar og område i heile bygda. Me har også bindande plan for å sikra at alle elevane blir kjent med Vindafjord kommune og Ålfjorden.

### Viktige hendingar

Sjølv om det siste året har vore prega av korona og periodevis oppdeling i kohortar meiner me at skuledagane for elevane har vore gode.

Me har gode undervisningsrom, gode uteområde og fleksibelt og positivt personale. Dette har gjort at me ikkje har hatt så stor endring i skuledagen og gitt elevane både god undervisning og godt leike og aktivitetstilbod. Det me har sakna mest er å ikkje få ha stor juletrefest og kulturettermiddag med mykje publikum på bygadhuset. Det er særleg trist for elevane på mellomtrinnet å ikkje ha fått gjennomføre desse arrangementa då dei pleier å ha mykje ansvar og vere mykje på scenen. Me håpar dei får ta dette igjen dei neste skuleåra.

Det mest utfordrande i "kohortperiodane" har vore å ha tilbod om morgon-SFO då skulen og barnehagen til vanleg samarbeider om dette. Men med godt samarbeid med føresette og fleksibelt personale har det gått greit, og me har heile tida klart å gi tilbod til dei som har behov for det.



I barnehagen har det også gått greit i koronaperioden. Me har også her fleksibelt og positivt personale gode rom og gode uteområde.

Det har vore vanskeleg å få tak i vikarar dette året. Det har gjort at dei tilsette har stått på ekstra mykje og gjort ein fantastisk jobb.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	7 920	8 233	8 457	224

## Bjoa skule og barnehage

### Omtale av rammeområde

Bjoa skule og barnehage har 28 elevar i skulen og 16 barn i barnehagen året 2021-22. Det er 11 tilsette i eininga, omlag 10 årsverk til saman.

### Utvalde resultat

Arbeidet mot mobbing og eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø er eit felles fokusområde for oppvekstsenteret. Me er ein Olweus-skule og aktivitetsplikta i barnehagen og skulen ligg til grunn i utviklingsarbeidet vårt.

Inkludering og aktiv og tverrfagleg undervisning med bruk av nærmiljøet er sentralt. Me har ein stor del framandspråklege barn og elevar (over 30%) og jobbar med språk og kommunikasjon i det daglege.

### Viktige hendingar

Det siste året har og vore prega av korona, men for oss som ei lita eining har det fått få konsekvensar og avgrensingar. Me har hatt lite smitte blant tilsette og barn/elevar. Me har kunne gjennomført aldersblanda grupper store delar av året. Då har 1.-7.klasse undervisning på tvers av klassane.

Samarbeidet med barnehagen og SFO har me kunne hatt som planlagt, og skulestartarane er på god veg til å bli kjent med skulen.

Uteområdet i skogen som eininga brukar mykje, har blitt oppgradert. Foreldra i barnehagen har fått sponsa og skifta duk på lavvo, og nytt utstyr skal bli bestilt inn.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	6 560	6 836	7 253	417



## Vats skule

### Omtale av rammeområde

Vats skule ligg i Nedre Vats omgitt av flott natur.

I 2021 har skulen hatt 107 elevar fordelt på 1.- 7. klassar .

Personalet har i 2021 vore 13 lærarar og 6 fagarbeidarar/assistentar, ein lærling og rektor, tilsaman 21 personar.

Vats skule har hatt 4 lærarar på utdanning innanfor kompetanse for kvalitet.

### Utvalde resultat

- Vats skule har i året 2021 hatt 107 elevar fordelt på 1.- 7.klasse. skulen har og ein del tospråklege elevar men ingen flyktningar.
- Skulen har hatt hatt 3 aktivitetsplanar gjennom året, pr. dags dato er alle lukka.

### Viktige hendingar

Covid-19 har påverka drifta av Vats skule på ulike måter i 2021.

Mange slitne tilsette, mykje sjukdom og sjukemeldingar.

Har og hatt ein del ekstra hjelp inne særst varen 2021.

Fellestema for heile skulen vert i år " Miljøagenter" der alle klassane hadde ein dag dei rydda Vatsbygda. Av dette materiellet dei fann laga dei ulike kunst av. Avslutning på temaet blei ein flott utstilling og underhaldning for føresette på kunstgrasbanen.

Ellers var heile skulen på Hatteland og tok i mot kronprinsen på hans besøk der.

Skulen feira 17. mai fredag 14.mai med tog på sjukeheimen.

Siste dag før jul gjekk skulen lystog til sjukeheimen og sang julesanger.

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	10 832	11 505	11 270	-235

## Vågen skule

### Omtale av rammeområde

Vågen skule ligg i Ølensvåg og har to avdelingar: Grunnskule 1-7 og SFO.



## Utvalde resultat

Vågen skule er ein barneskule med 97 elevar pr 31.12.2021. Elevtalet er stigange og hausten 2022 blir me 102 elevar. Skulen har ein klasse på kvart trinn, og klassane varierer mellom 10 og 18 elevar.

Skulen har 14,6 stillingar fordelt på 18 tilsette: 11 lærarar, 1 vernepleiar, 4 fagarbeidarar, 1 merkantil og rektor.

På SFO er det 25 elevar, og det er 35 påmelde til hausten 2022.

## Viktige hendingar

To større hendingar har påverka året 2021:

Covid-19 pandemien: Den har ført til endra rutinar og organisering. Dette har hatt både positive og negative konsekvensar for elevane og tilsette. Me er heldige og har eit elevtal som gjer at kvar klasse kan vera ein kohort på alle nivå. Dette føret til at me slepp dei store omorganiseringane mellom dei ulike nivåa. Me har fått ein ny "normal" og det er GULT nivå.

Ny læreplan: Hausten 2020 vart det innført ny læreplan for grunnskulen. Dette har ført til ein del arbeid med å setja seg inn i dei endringane dette medfører for undervisninga. Vågen skule har saman med Sandeid skule hatt eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet i dette arbeidet. Dette prosjektet vart avslutta våren 2021.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	9 323	10 422	10 076	-347

## Sandeid skule

### Omtale av rammeområde

Sandeid skule er ein 1-7 skule med ca 100 elevar og 20 tilsette.

Me er lokalisert sentralt i Sandeid, har eit godt samarbeid med lokale aktørar i bygda. Det har gjort at skulen har eit attraktivt uteområde som er flittig i bruk også utanom skuletid. Det lokale idrettslaget nyttar også skulen sin gymsal til treningar for store og små.

### Utvalde resultat

Skulen har i 2021 hatt 103 elevar dette er eit flott elevtal frå skulen. Det er god tilvekst.

SFO har og mange barn ca 25 stk har valt å nytte seg av dette tilbodet.

Skulen har i dei seinaste månadene oppretta inntil fire aktivitetsplanar, sakane har blitt løyst på lågast mogleg nivå.



## Viktige hendingar

Sandeid skule har i løpet av skuleåret 2021 vore noko prega av Covid situasjonen. Det har ikkje vore naudsynt å stenge skulen eller la nokon av klassane ha heimeskule, men me må ha redusert tilbodet på SFO og leksehjelp i periodar. Skulen har løyst pandemien på ein god måte ved at me har klart å dekke opp kvarandre, vore svært nøye med hygiene. Klassane har hatt ad skilde ute- og inneområder og me har prøvd å begrense at personalet har gått mykje mellom klassane. Sjølvsgt har dett vore utfordrande og det har ikkje vore eit optimalt fagleg utbyte gjennom heile perioden. Det har vore utfordrande å få tak i kvalifiserte vikarar.

På SFO har dei måtte dele gruppa i fire ulike kohortar til tider og det har kanskje vore det som har vore mest utfordrande. Ein har ofte inntil tre vaksne på ettermiddagstid. Elevane r dei same og me nokon som krev ekstra oppfølging og kanskje har vanskelegheiter me å forstå at ein ikkje kan vera i lag har dette vore heftig i periodar.

Alt i alt har skulen gitt eit tilfredsstillande tilbod til elevane. Håper på lettare kvardagar framover.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	10 155	11 528	11 000	-528

## Imsland skule og barnehage

### Omtale av rammeområde

Imsland skule og barnehage er eit oppvekstsenter med 21 elevar frå 1,-7.klasse og 13 barn i barnehagen. Me har i 2021 hatt tre lærarar i tilsaman 280% stilling, og ein fagarbeidar i 60% stilling som er tilknytta skule og SFO. Har hatt ein annan fagarbeidar også på SFO i 20% stilling, og 20% stilling i barnehagen. Det er tre andre tilsette i barnehagen med i 100% stilling der to av desse er pedagogar. Einingsleiar er 35% styrar og 65% rektor. Imsland skule og barnehage har ein merkantil ein dag i veka i 18% stilling.

### Utvalde resultat

Året 2021 hadde Imsland skule-og barnehage eit mindreforbruk på i overkant av 130 000 kr, same som i 2020.

### Viktige hendingar

Året 2021 var også prega av korona med sjukefråvær i periodar. Me har hatt ulike nivå, t.d. gult nivå og raudt nivå i 2021.

Me jobbar bra med fagfornyinga i skulen, og fekk nyutdanna lærar i august 2021.

Barnehagen har også vore prega av korona i periodevis, men har kunne drifta fullt som vanleg.

## Status økonomi



Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	5 726	6 077	6 214	138

## Sandeid barnehage

### Omtale av rammeområde

Sandeid barnehage er ein 4 avdelings barnehage. Eininga har til saman 22 barn under 3 år og 38 barn over 3 år. Dette utgjør tilsaman 82 plassar. Eininga har ei grunnbemanning på 15,62 årsverk fordelt på 17 ansatte.

Sandeid barnehage har mange barn og lite plass. Fleire av leikeapparat ute, er gamle og klar for utskiftning.

### Utvalde resultat

Sandeid barnehage har hatt ei positiv fagleg utvikling dette året. Eininga har vore pilotbarnehage i eit utviklingsprosjekt der pedagogisk leiing har vore tema. Eininga har hatt tett samarbeid med HVL.

Avdelingane har hatt stort fokus på leikemiljøet på avdelingane. Har fått til gode og stimulerande leikemiljøer.

### Viktige hendingar

Einga fekk auka anfall barn ved nytt barnehageår og ved nyttår. Dette førte til at eininga fekk meir bemanning.

Utfordring å få folk til vikariat stillingar.

Covid 19 har prega dette året. Har til tider vore vanskelig å få tak i vikarar.

Utfordringa med lite plass i barnehagen har vore ei utfordring under Covid 19. Utfordring med å finne plass til dei ulike kohortane.

Etter at pedagognorma auka, har eininga altfor lite kontor plass til pedagogane.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	7 376	8 216	7 907	-309

## Vågen barnehage



### **Omtale av rammeområde**

Vågen bhg er ein 3 avdeings barnehage. Vi har 42 barn i barnehagen - 12 ansatte og 1 lærling. Vi fyller ut pedagognormen på huset. Einingsleiar er fagansvarlig for lærlingene i kommunen. Vi har også 3 veiledere som tar inn studenter frå NHH. Gjennom året tek vi også inn elever som er i utplassering.

Vi er ein Livsglede bhg som betyr at vi har jevnlege møter med dei eldre på Omsorgsenteret der ein har aktivitetar saman.

Vågen barnehage har eit stort og variert uteområde. Den ligg heilt inntil skog og turmiljø, med unike moglegheiter rundt!

I 2020 fikk me sett opp eit opplevelsesmiljø med hyttelandsby og leikeapparater av naturmateriale i kort avstand til barnehagen. Dette er til bruk for alle i nærmiljøet. Ein stad barna elsker å gå!

Vi har eit godt samarbeid med Vågen skule gjeldene overgang bhg - skule - og bruk av ute og inneområde gjennom året.

Uteområde er godt brukt, og vi ser nå at fleire av apparata trenger oppdatering.

### **Utvalde resultat**

Vi har fortsatt arbeidet knytta opp mot Rekom og tidlig innsats.

Pga frávær har ein ikkje fått gått så grundig inni det som ynskja og ikkje fått gjort så mykje som ein hadde tenkt. Her ser vi likevel ei endring i arbeidet personalet utøver til det beste for barna!

Vi ser at dette er eit arbeid som har vore lærerikt å følgje for bhg. Vi vil utfordre oss enda meir på faglig tema og nyskaping i bhg neste år.

Som leiar har eg også påstarta styrarskulen ved NHH - noko som er lærerikt og nyttig i arbeidet som leiar!

### **Viktige hendingar**

Covid 19 har ført med seg mykje arbeid gjeldande organisering gjennom dei forskjellige trafikklys sonene. Men vi har eit stort uteområde og mange rom i barnhagen så utføring av korhorter gikk veldig fint! Utfordringa kunne kome dersom frávær av personal. Vi har vore heldige med vikarar ledige.

Ein har jobba tett saman heile personalet for å finne dei beste løysingane på utfordringane. Saman har vi fått det til!

Vi har ikkje vore direkte ramma av strame tiltak grunna Covid smitta i bhg. Ingen i personalet var smitta i 2021.

Det har vore god oppfølging gjennom jevnlege møter med leiinga i kommunen. Sender skryt her for godt gjennomført arbeid!



## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	5 482	5 945	5 496	-449

### Vats barnehage

#### Omtale av rammeområde

Vats barnehage er pr i dag ein barnehage med til saman 31 barn. Dette utgjør 40 plasser pga småbarn teller 2 plasser. Det er barn til 2 avdelingar, men pga plass og praktisk så har me delt dei i 3 avdelingar. skal få et barn med spesielle behov på småbarnsavdeling.

#### Utvalde resultat

I Vats barnehage er det 31 barn pr 31.des 2020. Barnetalet er halvert på 5 år. Barnehagen har no 10 ansatte. Lærling frå august. Færre barn og ansatte gjer det meir krevjande å organisere, færre løysningar å spele på. Samtidig har det skapt mykje uro (kvar vår) for ansatte som heile tida må forholde seg til kven som må bytte arbeidsplass. Skule- og barnehagebruksplan har og innverknad.

#### Viktige hendingar

Viktigaste hendinga i 2020 for Vats barnehage er covid 19. Krevande for ansatte med mykje meirarbeid med smitteforebygging samtidig ivareta brukarane våre som skal ha gode dagar. På drift har det og vært stor utfordring å få tak i vikarar når me treng det.

All mangel på fysiske møter har gitt utfordringar på planlegging og organisering. Samtidig så har me arbeid med kompetanseheving saman med HVL (Rekom) . Me har tilegna oss nye arbeidsmåtar og løyst nye utfordringer dagleg. Ser dette krever meir av ansatte. Bruker teams og Webinar for å få til god samhandling og utvikling.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	4 669	4 730	4 914	184

### Skjold barnehage

#### Omtale av rammeområde

Skjold barnehage er ein 7 avdelings barnehage med totalt 105 barn og med 26,6 årsverk fordelt på 32 tilsette. I tillegg har me to lærlinger.



Barnehagen er bygd i 3 bolkar og ligg på Vikaneset, med flott uteområde. Bygget er i god stand, og fungerer greit.

Søknad til hovudopptak for barnehageåret 22/23 ser ut for å vera stor. Det er auke i søknader, og det kan sjå ut for at me vert sprengd på kapasitet. Me må gjerne auke til 8 avdelingar for å klare å "ta unna" søknadsmassen. Likevel kan det sjå ut for at kapasiteten på småbarn vert sprengt.

### Utvalde resultat

Barnehagen hadde i 2021 eit overskot på 299.239kr.

Utfordringa med økonomien er drifts postane som er lave og ikkje justert trass auke i barnetal og avdelingar. Dette gjer at ein alltid får overforbruk på desse postane. Bunnlinja reddes av at ein enten har fått meir refusjonar enn budsjettert, mindre forbruk på fast løn pga billigare vikarar etc. Dette er lite berekraftig, og gir lite handlingsrom.

### Viktige hendingar

Covid-19 har også i 2021 påverka drifta også i Skjold barnehage. Det har vore eit krevjande år, der mangel på vikarar slit på tilsette og på leiarar. Dette er ei stor utfordring som må tas på alvor og prøve å bygge ei løysing rundt. Den beste løysinga slik eg ser det er at ein har ei auka grunnbemanning, der vikar er meir innebygd i ressursen. Då vert ressursen enten nytta til vikar eller til styrking. Vinn vinn for alle.

I ei så stor eining som Skjold barnehage så er det ferieavvikling gjennom heile året, velferdspermisjonar og anna fråvær som krev vikar. Og når dette er umogleg å få tak i slit det på dei tilsette, og spiralen vert negativ. Som leiar bruker eg mykje tid og krefter på organisering av dagleg drift.

Utviklingsarbeid har grunna covid-19 vore krevjande, men me håpar no at det vert enklare å få tid og anledning til å gjennomføre det.

Fantastisk godt samarbeid med PP-tjenesten, som også har vore utviklande for særleg pedagogane. Likeså det å ha spesial pedagog tett på som ein del av teamet ser me som veldig førebyggjande og utviklande.

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	12 757	14 171	14 470	299

### PPT

#### Omtale av rammeområde

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) blir drive saman med Etne kommune, med Vindafjord som vertskommune og kontorstad rådhuset i Vindafjord. PP-tenesta sine oppgåver og drift er heimla i barnehagelova kap VII, §33 og i opplæringslova § 5-6. Tenesta skal hjelpe barnehagar og skular i arbeidet



med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for barn/elevar med særlege behov.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal også sørgja for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Målgruppa er barn 0-6 år, elevar i 1.-10.klasse med særlege behov og vaksne med behov for spesialundervisning på grunnskulen sitt område. PP-tenesta er barnehage og skule sitt sakkunnige organ for opplæring. PP-tenesta har 6,5 årsverk i Etne og Vindafjord kommune. pr. 31.12.21 har tenesta totalt 288 aktive personsaker.

## Utvalde resultat

### Utvikling:

Nøkkeltal nasjonalt	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Sakkunnig vurderingar barnehage*	2,9%	3,1%	3,2%	3,3%	3,4%	
Sakkunnige vurderingar skule	7,9%	7,85%	7,81%	7,7%	8,0%	7,70%

Nøkkeltal Vindafjord	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Antal personsaker Vindafjord	236	225	198	177	184	194
Sakkunnige vurderingar barnehage	2,7%	2,7%	2,8%	4,0%	4,3%	5,37%
Sakkunnige vurderingar skule	8,9%	7,1%	6,92%	7,02%	7,51%	8,14%

\*For åra 2016-2019 var det tal i høve til barnetal i bhg. Dette er justert i høve barnetal i kommunen. Nøkkeltala skule er pr. 01.10.2021 og barnehage pr 15.12.2021.

## Viktige hendingar

### Oppsummering og vurdering

PPT har levert 166 sakkunnige vurderingar i 2021 til Etne og Vindafjord. PP-tenesta nyttar i større grad tid til utgreiing av behov og rettleiing til barnehagar og skular, både i individ og systemsaker. Målet for både Etne og Vindafjord kommune er at utviklinga av tal sakkunnige vurderingar skal fylgja nasjonalt nivå.

PP-tenesta er med i arbeidet for tidleg innsats og førebyggjande arbeidet. Kvar barnehage og skule har ein PP-rådgjevar som fast kontaktperson og samarbeidspart. Det vert sett opp samarbeidsplan for samarbeidet. Tenesta har delteke i LMP, «Læringsmiljøprosjektet» pulje 5, i Vindafjord kommune og i implementering av IBS, «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», i Etne kommune. Det er sett i gang ASK-nettverk (alternativ og supplerande kommunikasjon) på tvers av dei to kommunane. Fem rådgjevarar har teke etterutdanning i analyseverktøyet CLASS. PP-tenesta har dette året hatt auka etterspurnad for individbaserte tenester gjennom bestilling av utgreiinga og sakkunnige vurderingar. Sakkunnige vurderingar har etter lova første prioritet. Det ei utfordring å auka innsats for fleire barn/elevar med vekt på inkludering, likeverd og tilpassa opplæring gjennom intensive og systematiske tiltak i det ordinære, på same tid som det er auke i tilvisingar av individualsaker og bestilling av sakkunnige vurderingar. Tenesta har hatt hatt mål om å arbeida som ordinært gjennom tida med pandemi, slik at



sårbare barn og unge skulle få oppfylginga dei har hatt behov for. Kurs, møte og noko samarbeid har i periodar vorte gjennomført på TEAMS.

Som del av arbeid med Mld.St. 6 (2019-20) er det utarbeida rettleiar og rutine «Helse og PPT er eit felles lag rundt barn og unge». Dette vart teken inn i drift frå 01.08.21.

Både Etne og Vindafjord er BTI-kommunar. Stafettloggen skal verta nytta i samarbeid for barn sitt beste og fylgja tilvisingar til PP-tenesta.

Mandatet for PP-tenesta vert frå 01.08.24 utvida og vil omfatta alle barn og unge. Statped skal også overføra fleire av oppgåvene sine til kommune og PPT. Dette vil krevja høg spisskompetanse og utfordra tenesta dersom stillingsvolumet er på nivå som i dag.

Det er starta førebuande kommunal prosess for å førebu søknad til "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis".

Det er behov for auka stillingsvolum for logoped. Det er ei utfordring at kommunen ikkje har stillingsheimel eller avtale for synspedagog og psykolog.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	<b>3 800</b>	<b>4 326</b>	<b>4 382</b>	<b>55</b>

## Kultur og læring

### Omtale av rammeområde

Eininga dekkjer over eit breitt fagfelt og fleire ulike lovverk. Hovdudområda er kultur og idrett, kulturskule, vaksenopplæring, bibliotek og frivilligsentral. Eininga held til i det nye kultur- og læringsenteret på Sjøperlo i Ølen sentrum.

### Utvalde resultat

	2018	2019	2020	2021
<b>Kulturskule elevar (GSI)</b>	232	187	186	<b>186</b>
<b>Kulturskule elevplasser (GSI) *</b>	261	191	191	<b>191</b>
<b>Kulturskule venteliste</b>	41	33	36	<b>27</b>
<b>Kulturskule, musikk for barnehagebarn</b>	100	100	0	<b>0</b>
<b>Bibliotek, utlån (barn og vaksne)</b>	22196	21189	16429	<b>18473</b>
<b>Bibliotek utlån digitale bøker</b>	2702	1624	2014	<b>1254</b>



<b>Bibliotek besøk alle</b>	11531	15733	13925	<b>21418</b>
<b>Bibliotek SF, tal besøk/ snitt pr. veka</b>	2034/42,5	1940/40,5	997/26,5	<b>1610/47</b>
<b>Bibliotek SF, samla utlån bøker og digitale</b>	4069	4187	1739**	<b>2398</b>
<b>Vaksenopplæring, elevar norsk og sam.k.</b>	44	37	26	<b>37</b>
<b>Grunnskule, §4A-1 gr. Dugleikar og fag (1.-7.) (GSI)</b>	42	35	23	<b>34</b>
<b>Grunnskule, §4A-1 eksamensretta (GSI)</b>	6	10	13	<b>13</b>
<b>* elevar kan ha fleire elevplassar</b>				
<b>** ikkje digitale bøker</b>				

Kultur og idrett omfattar blant anna friluftsliv og- område, aktivitetstilbod barn og unge, ung kultur møtes (UKM) kunst og kulturformidling, den kulturelle spaserstokken, folkehelse, museum, bygdebokarbeid, kulturminneforvaltning og sakshandsaming blant anna med tilskot til lag og organisasjonar. Vindafjordmuseet er nå ein del av regionsmuseet Haugalandmuseet. Bygdeboka, Heimar og folk i Sandeid, vart lansert i februar 2021. Ut på tur blir drifta i samarbeid med aktive frivillige i bygdane. Det er særst populært og mange deltek. Prosjektstillinga 50% allemedkoordinator vart avvikla til sommaren. Den har vore drifta med Bufdir- og folkehelsemidlar, men vart ikkje videreført. Kommunen har dette året vedteke å arbeide i tråd med fritidserklæringa. Møteplassen for ungdom UngTysdag både fysisk og digitalt (Discord") har vore eit fint tilbod sjølv under koronarestriksjonar. 2021 vart det mellom anna søkt om midlar for aktivitet for å leggje tilrette for å motverke einsemd, for eldre. Me mottok til saman 200 000,- , og det vart i løpet av året gjennomført flott kulturturne i bygdane. oppstart av seniormøteplass i regi av frivilligsentalen. Med god dugnadsinnsats har Vindafjord får si eiga dagsturhytte, Vadhytta stå klar i Kolbeinhaugslia vil bli ferdigstilt medio mars 2022.

Vindafjord bibliotek skal vera ein aktiv, uavhengig møteplass, der innbyggjarane får tilgang til kunnskap, informasjon, kultur, opplevingar, offentleg samtale og debatt på tvers av kulturell, religiøs og økonomisk bakgrunn. Tilbod til barn og unge skal ha eit særleg fokus.

Også 2021 blei prega av Covid 19 blant anna ved at biblioteket var stengt i perioden 17/3 til 14/4. I denne perioden var det høve til å tinga bøker/media og få desse utlevert på biblioteket, eller hentestadane for «Bok i butikk». Det har vore restriksjonar på arrangement.Totalt har det vore avvikla 34 kulturelle arrangement, kor 18 av desse var retta mot barn/familiar med totalt 492 deltakarar. Det vart halde totalt 31 arrangement i kategorien kurs/opplæring/verkstad, kor 14 av desse var retta mot barn/unge, med totalt 456 deltakarar.

Døme på aktivitetar/arrangement er Vindaverkstaden, språktreff (der biblioteket er med-arrangør i samarbeid med vaksenopplæringa og frivillige), sommarskule, saumkurs for ungdom, bokbad/forfattarsamtalar og litterære pusterom. Biblioteket har tatt i mot 2 skuleklassar for opplæring/ omvising, samt hatt 27 digitale formidlingar til skuleklassar.

Det blir satsa på å vere ein aktør for sosial utjamning. I det høve er biblioteket med på eit samarbeid for utlån til utstyr til aktivitetsparken. I tillegg er det investert i gaming-utstyr til bruk i biblioteket, samt nettbrettlysning egna for bruk i bibliotek. Desember 2021 blei biblioteket meirope, slik at lånarar etter særskilt avtale kan bruke biblioteket 07-22 alle dagar.

Gjennom tilskot frå Nasjonalbiblioteket driv Vindafjord bibliotek bibliotekteneste i Sandeid fengsel to dagar i veka. I tillegg til utlån av bøker, blir det drive med lesestimulerande tiltak og arrangement.



Tilbudet har grunna smittevern tidvis vore redusert, og ein har i liten grad hatt høve til å ha arrangement. Det var totalt 1610 besøkande og eit utlån på 2398. Det blei avvikla 6 arrangement.

Kulturskulen er heimla i lov om opplæring og skal organiserast i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles. Den viktigaste målgruppa er barn og unge, men kulturskulen skal og vera eit kulturpedagogisk senter som kan gje tilbud om tenester til andre i kommunen, som vaksne og eldre.

Med desentralisert tilbod, og lærarar som underviser på fleire skular, har også 2021 vore utfordrande med tanke på situasjonen med Covid 19. I periodar har ein nytta digitale løysingar for å halda kontinuiteten i undervisninga, men i utøvande fag så er det særleg utfordrande, og rekruttering av nye elevar og framføringar har vore nedskalert i høve til eit vanleg arbeidsår. Me fekk likevel gjennomført prosjektsamarbeidet med Nordea bank, som gav oss både kunnskap og økonomisk støtte til kompetanseheving innan prosjektleiing og produksjon.

Kulturskulen er i stadig utvikling, og nasjonale føringar gjeve gjennom samarbeid mellom KS, kulturskulerådet og utdanningssektoren er retningsgjevande for det lokale utviklingsarbeidet. Meld. St.18 « Oppløve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge» som kom i mars 2021, gjev uttrykk for eit samla politisk satsingsområde, der kulturskulen har ei viktig rolle. For å vera budd for framtidig behov og utfordringar, er kompetanseheving viktig. Hausten 2021, starta me difor opp med «vurdering for læring», eit utdanningsprogram, utarbeidd av Høgskulen Innlandet, i samarbeid med norsk kulturskuleråd. Arbeid med rammeplan, fagplanar og kulturskule 3.0, er vesentlege element i denne utdanninga. Alle lærarane i Vindafjord kulturskule tek del i dette programmet.

I stor grad er elevane ved vaksenopplæringa busette flyktningar med rett og plikt i introduksjonsprogrammet, men i år har ein også hatt fleire betalingsselevar på dagtid. Tilbudet er framleis 30 timar i veka. Inkludert i desse timane får elevane det blitt undervist i grunnleggande dugleikar på grunnskulen sitt nivå 1. - 7. trinn. Går elevane vidare til eit eksamensretta løp, kjøper VK den opplæring frå Breidablik læringscenter i Haugesund. I år har det vore satsa på vurdering for læring og tekstkompetanse for lærarane, og ein lærar har gjennom ordninga kompetanse for kvalitet gjennomført vidareutdanning i norsk som andrespråk.

Frivilligsentralen har fortsatt å koordinera besøksvener, turvener og handlehjelp gjennom koronatida. Kompis og Kafe for kreftramma i samarbeid med helse har det ikkje vore i 2021. Derimot har aktivitet for barn gjennom prosjekt Camp Vindafjord, UngKreativ og Ungekstrem blitt gjennomført i sommar, vinterferien og haustferien. Midler frå SR-bank stiftinga til "For Alle" kjem vel med, og gledar mange barn til aktivitet. Med midler frå Bufdir arrangert "Kongesommer", ferietilbod for familiar. Frivilligsentralen har gjennom heile året vore aktivt inne med å koordinera frivillige til vaksineringsarbeidet i kommunen.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	13 793	14 585	15 661	1 076

## Felles Oppvekst og kultur



## Omtale av rammeområde

Felles oppvekst og kultur administrerer vidareutdanning for lærarar, tilskot til private barnehagar, spesiellpedagogisk hjelp i barnehagar og styrking, kommunal - og fylkeskommunal skyss, gjesteelevar i andre kommunar, kursverksemd for oppvekst generelt. Også andre felles postar som dekkjer rammeområdet slik som lisensar og abonnement mm.

## Utvalde resultat

I 2021 var det sju stk som tok vidareutdanning innan skule. Tre stk tok rektorutdanning. Det var lite kursverksemd og elles andre arrangement grunna Covid-19. Den store årlege konferansen, "PåGlimedBTI" blei gjennomført digitalt, også andre planleggingsdagar.

Elles er den pedagogiske IKT-planen i skule følgt med tanke på investering og innkjøpt av storskjermar og elles utbyting av dei eldste iPadane.

Det vert jobba godt med tema det psykososiale miljøet i barnehage og skule, Bjoa og Skjold skule er med i Olweusprosjekt, Bjoa er sertifisert, Skjold er i ferd med å bli det. Vikedal og Ølen skule er framleis med i eit læringsmiljøprosjekt i regi av Udir. Her er også dei private barnehagane i desse bygdene med på lag.

## Viktige hendingar

Me er med i statleg varig ordning for barnehage og skule, ReKom og DeKom, som står for regional kompetanseordning (bhg) og desentralisert kompetanseordning (skule). Den desentraliserte ordninga skal bidra til at alle barnehage - og skuleeigararar gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak. Statsforvaltar, barnehage- og skuleeigar, universitet eller høgskuler og andre relevante aktørar skal samarbeide for å kartlegge behov for kompetanseutvikling og planleggja utviklingsarbeidet.

Den årlege "PåGlimedBTI" konferansen blei dette året digital med Kjetil Andre Hansen og Einar Øverenge, som hovudforelesarar, tema inkludering.

2021 var første år utan SLT-koordinator (etter kommunestyre sitt vedtak om å avvikla), handlingsplanen for SLT har blitt følgt godt opp med overordna styringsgruppe bestående av kommunalsjefane for helse og omsorg, samfunnsutvikling oppvekst.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
Sum	43 068	36 879	38 227	1 348

## Helse og omsorg

### Omtale av rammeområde

Rammeområdet omfattar følgjande einingar: Barnevern, Helse, Rus og psykiatri, Tilrettelagde tenester, Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, Heimetenester og NAV. I tillegg omfattar området kommuneoverlege, smittevernoverlege og tenestekontoret.



## Utvalde resultat

### Felles helse og omsorg

2021 blei nok eit år som var sterkt prega av Covid innanfor alle tenesteområdene, nye periodar med strenge Covid tiltak, og stort fokus på vaksinerings.

Det var god vaksinedekning som skulle til for at samfunnet skulle kunne komme i

Eit av dei viktigaste måla for 2021 var difor å bidra til at alle i Vindafjord blei vaksinert i det tempoet som tilgang på vaksiner opna for, etterkvart som det blei opna for nye aldersgrupper og og påfølgjande 2. doser og etterkvart 3. dose. Organiseringa av vaksinearbeidet fungerte på ein god måte og det var god kapasitet på gjennomføring slik at Vindafjord kommune låg godt an på vaksineframfrift gjennom heile året.

### Vindafjordtunet

- Langvaksordsordning på inntil 13,5 timer for dei som ønskjer- spesielt sjukepleiarar for å kunne rekruttera og behalde.
- Eksisterande bemanning har klart å handtere ressurskrevjande brukarar gjennom året, utan bistand frå vikarbyrå.
- Har oppretthaldt kompetanseløft hjå tilsette tross pandemi.
- Søkt og fått aktivitetsmidler frå Statsforvaltar på til saman 2 154 000,- som har gått til bebuarane ved Vindafjordtunet både inneområder og uteområder. Ein har og gjennom midlane hatt ein aktivtør som har arbeida 50% frå august 2021.
- God økonomistyring gjennom året har gitt Vindafjordtunet handlingsrom.

### Ølen omsorgssenter

- Det har vore jobba med ny bemanningsplan og klargjering for ny turnus
- Ølen omsorgssenter søkte og fekk midlar frå statsforvaltar til å betre forholda for bebuarar.
- Fleire tilsette er under vidareutdanning knytta til kompetanseløftet.
- På grunn av leiarskifte har eininga hatt konstituert leiing deler av året,

### Heimetenesta

- Tenesteområde har tilpassa seg ein kvardag, prega av pandemi.
- Det er utarbeida nye rutinar og sjekklister for å sikra tilsette og brukarar.
- I periodar har ein måtta stenga ned tenesta praktisk bistand for å prioritera naudsam helsehjelp.
- Det er utarbeida pandemi planar på overordna tenesteområde og på sone nivå.
- Heimebaserte tenester hadde hausten 2021 meldt tilsyn frå arbeidstilsynet. Hensikten med tilsynet var å sikra at det i tilstrekkeleg grad vart jobbe systematisk for å førebygga fysiske og psykiske skadeverknader knytt til eksponeringar i heimetenestene under pandemien.
- Velferdsteknologi, alle tryggleiksalarmene er skifta ut, dei nye har brann sensor som vil varsle dersom det oppstår brann. Det er og mogleg å knytta andre sensorar for å trygga heimebuande som for eksempel lokalisering, tilsynsløysingar og dør sensorar. Heimebaserte tenester er og



med i ein pilot for å ta i bruk medisindispenserar og kan visa til svært god resultat. Det er ved år slutt utplassert over 30 dispenserer.

### Rus og Psykiatri

- I avdeling psykisk helse og rus har det i 2021 vore ca 150 nye tilvisingar, og størstedelen er personar som har komme inn på lågterskel og har hatt behov for korttids behandling. Ca. halvparten av dei nye henvedingane er personar under 40 år.
- På Hauatunet har ein person flytta ut og ein person har vore på veksel-opphald i 2021.
- I Sandeid fengsel har det vore færre innsette grunna Covid- pandemien. Det var bare 257 nye innsette i løpet av 2021. Grunnen til dette var at det var avgrensing grunna Covid- 19 pandemien.

### Helse

- Alle tenestane er tilpassa ein ny kvardag prega av Covid 19.
- Alle nasjonale og lokale krav knytt til pandemien er gjennomført innan fristar.
- Alle tilsette har fått ein auka kompetanse knytt til smittevern.
- Nødvendige kontinuitetsplaner knytt til drift og bemanning er laga.
- Aktuelt utviklingsarbeid i nokre av avdelingane har måtte blitt utsett grunna Covid 19.
- Det har vore tidkrevjande arbeid knytt til bemanning i beredskapsarbeid.
- Nytt journalsystem er installert på Ølen legekantor. Dette vil gi ein meir effektiv kvardag og ein enklare måte å jobbe på for fastlegar og helsesekretærene.

### NAV Vindafjord Etne

Det har og vore ein nedgang i utbetaling av økonomisk stønad frå 2020 til 2021 på rundt 0,5 mill. Det er veldig positivt å sjå ein reduksjon i unge sosialhjelpsmottakarar under 25 år, og at mottakarar med forsørgingsplikt går ned.

Ei viktig oppgåve til NAV kontoret er råd og rettleiing, og det har vore ein auke i vedtak på denne tenesta.

Kategori	2020	2021
<b>Mottakarar av økonomisk stønad</b>	172	<b>159</b>
<b>Mottakarar med økonomisk stønad som hovudinntekt</b>	62	<b>53</b>
<b>Unge mottakarar under 25 år</b>	41	<b>36</b>
<b>Mottakarar med forsørgingsplikt</b>	58	<b>53</b>
<b>Deltakarar i kvalifiseringsprogrammet</b>	8	<b>5</b>
<b>Brukarar med § 17 vedtak (råd og rettleiing)</b>	19	<b>61</b>
<b>Brukarar med § 27 vedtak (Mellombels bustad)</b>	3	<b>3</b>



Gjennom 2021 var det 5 deltakarar i programmet. I løpet av året var det 1 som gjennomførte programmet, denne gikk over til ordinært arbeid. Grunna korona- forlenging av statlege ytingar som dagpengar og arbeidsavklaringspengar, har det vore færre aktuelle deltakarar til Kvalifiseringsprogrammet dette året.

### **NAV Vindafjord (flyktningar)**

Vindafjord kommune fekk ikkje oppmoding frå IMDI om å busetje flyktningar i 2021. Det vert likevel busett 1 person. Det var 8 personar som kom til Vindafjord på familiesameining. Det har vore 32 deltakarar i introduksjonsprogrammet i 2021, kor 8 av desse har avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av året:

Jobb	<b>0</b>
Vidaregåande skule	<b>4</b>
Grunnskule	2
Høgare utdanning	<b>0</b>
Oppfølging frå NAV	<b>2</b>

Tenesta har jobba med innføring av ny integreringslov som tredde i kraft januar 2021. Gjennomføring av livsmeistring er starta opp, og to tilsette i tenesta har sertifisert seg som ICDP-retteliarar. Alle tilsette i tenesta har delteke på Flyktningkompetent kommune gjennom RVTS. Hausten 2021 gjorde tenesta ein ekstra innsats for å skaffe fleire språkpraksisplassar. Tenesta fekk innvilga midlar frå statsforvaltaren til symjekurs for vaksne og inngjekk samarbeid med Ølen IL om gjennomføringa av kurs.

### **Barnevern**

Etne Vindafjord barnevernsteneste har opplevd ein stabilitet i personal og drift gjennom 2021. Det har gjort at tenesta har kunne møte det krevjande korona-året på ein forsvarleg måte.

Tenesta driv innafor lovkrava.

### **Viktige hendingar**

#### **Felles helse og omsorg**

Det viktigaste samfunnsoppdraget i tilknytning til Covid året 2022 var vaksine gjennomføringa, i 2021 vart det satt over 15 070 vaksinedosar i Vindafjord det gir eit gjennomsnitt på 1,72 pr innbyggjar i Vindafjord. 72 % av befolkningen er full-vaksinert og 77,4 % har minst ein dose.

#### **Vindafjordtunet**

Korona i 2021 har fortsatt gitt langtidsfråvær etter utbrotet i 2020. Utover året har ein hatt mindre fråvær knytt til Korona.



Korona har gitt meirarbeid i pleie og administrasjon i form av desinfisering av overflater som tilsette sjølv har gjennomført, nye rutinar og prosedyrar, besøksavtalar i starten av året.

Samstundes har ein oppdatert pandemiplanar, øvd på rett bruk av smittevern, sikra utstyr mm.

Ein ser gjennom 2021 at å rekruttera- særskilt sjukepleiarar vert vanskeleg. Ein har hatt utlysingar på 100% faste sjukepleiar stillingar utan søkerar- dette er eit stort varsku! Den kanskje viktigaste- og kjekkaste hendinga ved Vindafjordtunet 2021 var tilskotsmidlane frå Statsforvaltaren som gjorde at ein fekk oppretta : kino/ mediarom, stove med lesestol, lekestol og peis. Oppgradering av sansehagar og benker som møteplasser rundt huset. Ein fekk gjennomført bryggedans med danserar og livemusikk, faste kjøreturar med bebuarane der dei ønska, ulike aktivitetar, innkjøp av Tovertafel - Tryllebord. Mat traller , bok traller, musikk traller og hønehus. Lesevenn og sykkelvenn.

Eininga har samarbeid med blant biblioteket, frivillige eldsjeler i distriktet, Jakt og Fiske laget som var med å stelle i stand båttur på vatnet samt bygge brygge til framtidige båtturar. Dette og mykje meir har gitt gode og store muligheiter for individretta tiltak men og sosiale møteplasser for å hindre einsemd.

### **Heimetenesta**

Året 2021 har vore eit krevjande og utfordrande år, grunna pågåande pandemi. Grunna utbrot av Covid-19 pandemi vart tenesta utfordra på mange felt. Tilsette har vist stor vilje for stadige endringar av tenesta for å tilpassa våre tenester nye nasjonale og lokale føringa for å hindra covid-19 smittespreiing. Tilsette har måtta tileigna seg ny kompetanse og forholde seg stadige endringar og ein til tider uoversiktleg arbeids-kvardag. Nye metodar for kurs, møter og opplæring er tatt i bruk og leiane har i periodar hatt heimekontor og utført fjernleiing.

### **Rus og Psykiatri**

#### Psykisk helse og rus:

Det som pregar spesielt dei unge som tar kontakt er at dei slite litt med å finna sin plass i livet. Det kan vera problem med relasjonar/vennskap og parforhold, følelse av utenforskap. Dei treng hjelp til å ta val i forhold til skule, arbeid, studiar og liknande. Nokre kan kjenna på både angst og depresjon.

Det er ofte eit samarbeid med Nav kring ein del av desse. Me vurderer det som viktig å gi hjelp før problema blir for store og fastlåste.

Gjennom pandemien har vi sett ein auke i unge som tar kontakt, dei har vore mye aleine og ein merker at samfunnet har stått stille. Pandemien har ført til at fleire har kjend på einsemd.

#### Hauatunet:

Koronaen påverka drifta på den måten at bebuarane hadde litt mindre besøk, faste ting ein gjorde saman med bebuarane, felleskaffi, sitte saman i stova osv. vart kutta ut ei stund , og at når ein gjennomførte felles samlingar så skulle ein halde avstand. Denne brukargruppa blir påverka av slikt sjølv om endringane i praksis ikkje var så store. I 2021 var det ingen tilsette eller bebuarar som hadde korona. Dei forholdsvis strenge tiltaka pluss vaksineringsgjorde at folk heldt seg friske.

#### Helseavdelinga i Sandeid fengsel

Frå oktober -2021 har ein kunne gitt tilbod om fysioterapi til innsette som har hatt behov for det i Sandeid Fengsel. Det har vore inne fysioterapeut om lag 2 gonger pr. mnd.



Ein del av arbeidsoppgåvene har vore å ta teste dei innsette for Covid- 19. Tilsette frå helseavdelinga har også hjelpt til ved vaksiner og på test stasjonen i Vindafjord Kommune. Dei innsette har også fått tilbod om vaksine på lik linje som resten av befolkninga. Fram til 31/12- 21 var det ingen påviste Covid-19 tilfelle, men den dagen fekk me eit smitte utbrot som varte heile januar 2022.

### **NAV Vindafjord Etne**

NAV kontoret har ikkje merka noko særleg auka trykk på dei kommunale tenestene grunna Covid-19 i 2021. Det som har vore utfordrande er tiltak og gruppeaktivitetar som har fått redusert tilbod grunna smittevern. Me har tatt i bruk digitale alternativ, men det er ikkje alle som kan nytta seg av dette. Me kjenner på ei bekymring i forhold til etterverknadane av pandemien både når det gjeld langtidsledige, barnefamiljar og unge vaksne, spesielt i forhold til psykisk helse og utanforskap.

I 2021 fekk NAV innvilga prosjektmidlar frå statsforvaltaren, og fekk tilsett ein aktivitetskoordinator i august. Aktivitetskoordinatoren skal jobba med ulike aktivitetstilbod, samt auka samarbeid på tvers med andre einingar i kommunen og næringslivet.

### **NAV Vindafjord (flyktningar)**

#### Kursrekke for tilsette gjennom RVTS

For mange flyktningar er det ein stor overgang å koma til eit framand land, og det krev mykje kompetanse av tenesteapparatet som skal ta i mot dei. Kommunen tilbyr difor kursrekker gjennom RVTS for å heva kompetansen til dei tilsette slik at me er meir rusta for å gje denne gruppa ei god oppfølging. Kursrekka vil gjennomførast i 2021/ 2022.

#### Ny Integreringslov

Den nye Integreringslova tredde i kraft 01.01.2021. Dette betyr at me må rigge drifta for nye lovkrav. Den nye lova omhandlar blant anna dette:

- I forhold til norskopplæring vil det handle meir om kva nivå den enkelte er på, ikkje antal timar
- Det vil vera meir fokus på formell utdanning
- Obligatorisk foreldreveiledningskurs for alle foreldre
- Livsmestring som tema i introduksjonsprogrammet
- Meir krav til kompetansen for norsklærerane
- Fylkeskommunen skal inn med karriereveiledning
- Integreringskontrakt mellom kommunen og deltakaren

#### Covid-19

Heile året har vore prega av pandemien, slik at smittevern og vaksiner har vært eit gjennomgåande tema. Me har jobba mykje med å motivera flyktningruppa til å ta vaksine, og har lukkast med høg grad av vaksinedekking.

#### **Helse**

Vindafjord kommune har gjennom heile pandemien klart å tilby tenester knytt til TISK-strategien etter nasjonale krav og forventningar. Interkommunalt testkontor for Vindafjord og Etne kommunar, og (masse-)vaksiner har vore drifta gjennom heile året. Interkommunal luftveisslegevakt blei avvikla i juli 2021 og denne pasientgruppa blei før tilbake i ordinær drift med tilrettelegging ift smittevern.

I arbeidet knytt til pandemien har det mest krevjande dette året har vore dei stadige endringar i TISK strategien, omstille drift til nye krav og å ha nok ressursar tilgjengeleg til ein kvar tid.



Smittevernlegen har vore omdisponert til smittevern arbeid heile året og samarbeida tett med smittevernkantoret. Dei har vore ein nødvendig og viktig raud tråd gjennom heile pandemien. Kommunen lukkast me å skaffe vikar for smittevernlege, tross store rekrutteringsutfordringar knytt til fastlegeordninga. På helsestasjonen/skulehelsetenesta opplev me utfordring knytt til bemanning og rekruttering.

Til tross for store og krevjande utfordringar har samarbeidet mellom kommuneoverlege/smittevernlege, smittevernkantor, fastlegane og dei andre avdelingane innan helse vore ein styrke gjennom denne pandemien.

I tenestene knytt til barn og unge har det vore stor pågang og i periodar kø for å kome til. Me har siste halvår gått med redusert bemanning i skulehelsetenesta, då me ikkje har lykkast å få tilsett kvalifiserte folk i ledige stillingar. Dette påverkar også dei tilsette, som får meirarbeid grunna dette.

Ergo- og fysioterapi-avdelinga har vore drifta tilnærma normalt gjennom det siste året. I periodar har nokon av gruppe tilboda vore redusert. Utover dette har dei fleste fått det tilboda dei skal ha.

### Barnvern

Barneverntenesta har starta samarbeid med omkringliggende kommunar og/eller intrakommunalt på områder som fosterheimsoppfølging, kompetanseprogram for nyttilsette, kommuneadvokat, familieteam og barnevernvakt. Barnevernsfeltet er i stor endring nasjonalt og lokalt. Viser her til barnevern- og ansvarsreform som trer i kraft frå 2022. Det blei lagt fram ei tilstandsrapport for kommunestyre våren 2021.

### Status økonomi

#### Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2020	2021	2021	
1300-Vindafjordtunet	48 648	47 587	52 215	4 628
1340-Ølen omsorgssenter	44 188	42 047	34 474	-7 572
1350-Heimetenesta	34 078	39 347	36 428	-2 919
1400-Rus og Psykiatri	20 705	23 947	23 756	-191
1410-Barnevern	21 389	22 544	20 850	-1 694
1415-NAV Vindafjord Etne	19 289	10 934	9 187	-1 746
1416-NAV Vindafjord (flyktningar)	371	10 306	9 586	-721
1417-NAV Etne	0	0	0	0
1418-NAV Etne (flyktningar)	0	0	0	0
1420-Helse	29 974	31 273	30 046	-1 227
1430-Tilrettelagte tenester	44 684	46 103	49 533	3 430
1495-Felles Helse og omsorg	-2 475	-7 844	-21 210	-13 366
<b>Sum</b>	<b>260 852</b>	<b>266 242</b>	<b>244 865</b>	<b>-21 377</b>

### Kommentar til status økonomi

#### Felles for helse og omsorg

2021 blei nok eit korona år som har innverknad på store deler av drifta i helse og omsorg, samstundes er det framleis store avvik på enkeltområder innanfor sektoren som ikkje er knytt til korona situasjonen.

Samla nominelt avvik inkludert barnevern er rundt 21 millionar. Merk at denne summen inkluderer eit avvik i pensjon på ca 5 millionar som ikkje var budsjettert for på sektoren. Dette er pensjonskostnader



som drift ikkje har nokon innverknad på. I tillegg viser refusjonskrav for ressurskrevjande brukarar ein mindreinntekt på vel 2,2 millionar. Netto avvik på drift justert for desse to blir då rundt 14 millionar .

Det største driftsavviket i sektoren er no kjøp av tenester for brukarar som kommunen ikkje klarer å drifte sjølv. Avviket her er over 8 millionar i 2021. Desse tiltaka må evaluerast.

Sjølv om det er store interne avvik mellom avdelingane er kommunen si institusjonsdrift nær balanse, og etter at Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter vart samanslått under felles leiging ved årskiftet 2021/2022 er det forventa enda betre utjamning og ressursbruk.

### **Vindafjordtunet**

Vindafjordtunet gjekk i 2021 med eit underforbruk på 4,6 millionar. Dette skuldast hovudsakleg:

- God økonomistyring
- Fokus på gode løysingar utan at det har gått utover tenester eller tilsette.
- Refusjonar knytt til korona.
- Lagt ned fire plasser som derav gav handlingsrom i forhold til fordeling av personal ved mellom anna fråvær.
- Ingen tiltak bevilga i 2021 for Vindafjordtunet.

### **Ølen omsorgssenter**

Ølen omsorgssenter hadde i 2021 eit overforbruk på 7,5 mill. Dei viktigaste forklaringane til dette er:

- Meirforbruk på lønn, inkludert ressurskrevjande brukar med behov for 1 til 1 bemanning (ca 1,7 mill. per år)
- Vikarbyrå: 1,4 mill
- Høgt korttidsfråvær 4.kvartal

### **Heimetenesta**

Heimebaserte tenester har eit samla meirforbruk på kr 2,9 mill. Mesteparten skuldast ein BPA på kr 2,2 mill. og utgifter for å dekkja opp for forsvarlig helsehjelp for ressurskrevjande brukarar som det ikkje ligg budsjett post på.

Hausten 2021 har vore svært krevjande med mange nye og alvorleg sjuke brukarar, dette har ført til at tilsette har blitt pålagt overtid for å dekkja opp for å gje forsvarleg helsehjelp, det er betalt ut kr 214 000 i overtid. Under ferieavviklinga sommaren 2021 var det innleigd vikarar frå vikarbyrå for å dekkja opp for tilsette som var ute i ferieavvikling, totalt kr 600 000.

### **Rus og Psykiatri**

Eininga viser eit meirforbruk på ca 190 000 kr. Hovudårsak til dette er ressurskrevjande brukarar som det har vore naudsynt med auka bemanning rundt, for å klare å gje forsvarlege tenester til.

### **Barnevern**

2021 var eit krevjande koronaår, men ein stadfestar at tenesta har ei sunn drift målt ut i får dei viktigaste parameter, inkludert økonomi. Eininga når lovkrav og har tilstrekkeleg bemanning og drifta på fleire sentrale områder innafor vedteken budsjetttramme.



Aktivitetsnivået for 2021 er noko lågare enn 2020. Dette kan ha fleire årsaker. t.d knytt til korona-restriksjonar, men det kan og vera starten på at kommunen som heile jobbar målretta mot oppvekstreforma - ved at fleire familiar som treng og ønsker hjelp får dette utanfor barneverntenesta.

Rekneskaperen viser ein markant betre resultat på einskilde område td. tiltak utanfor heimen (2520). Her nyttar ein rundt 4 millionar mindre enn i 2019.

Dette skyldast blant anna at ein no driftar fleire tenester sjølv, tilstrekkeleg bemanning gjennom året, interkommunalt samarbeid om kommuneadvokat, barnevernvakt og anna.

Overforbruket totalt sett på omlag 1,7 millionar skyldast i all hovudsak nokre få saker som gjer meirforbruk på omfattande tiltak i heimen. Her er kommunen per no ikkje rigga for å gje denne hjelpa sjølv og kjøper tenester i frå ideell privat aktør. Tiltak gitt til flyktningfamiliar vert i Vindafjord kostnadsført i tenesta. Om ein held desse tiltaka utanfor, er ein no nær budsjettbalanse og KOSTRA-snittet.

### **NAV Vindafjord Etne**

Samla meirforbruk i 2021 blei 1,7 millionar. Overforbruket skuldast hovudsakleg:

- Kvalifiseringsprogrammet (KVP) har eit meirforbruk på rundt 600.000. Dette skuldast at me har fleire deltakarar i programmet enn budsjettet. Dette er ein lovpålagt teneste og dei som fyller vilkåra har rett på program.
- Økonomisk sosialstønad har eit meirforbruk på rundt 900.000.

### **NAV Vindafjord (flyktningar)**

Samla meirforbruk i 2021 blei 750 000 kr. Overforbruket skuldast hovudsakleg at:

- Introduksjonsprogrammet har eit meirforbruk på 0,6 mill. Dette skuldast i hovudsak kjøp av undervisningstenester for deltakarar i programmet som ikkje dekkes av vaksenopplæringa, samt utgifter til tolketenesta.
- Administrative kostnader har eit meirforbruk på rundt 100.000. Dette skuldast i hovudsak lønn og lisensar og kjøpt av inventar og utstyr.
- Økonomisk sosialstønad og kvalifiseringsprogrammet har eit meirforbruk på rundt 50.000.

### **Helse**

Eininga viser et meirforbruk på 1,2 mill. Avvika skyldast i hovudsak:

- Redusert inntekt i jordmortenesta grunna lave fødselstal dette året og manglande inntekt på vaksinekontor grunna pandemi og ressursar omdisponert til smittevern.
- Legetenesta viser eit meirforbruk knytt til innleige av fastlegevikar, for å fristille smittevernlege i nødvendig pandemiarbeid og fastlege i permisjon
- Sentralt auke i driftstilskot til privat praktiserande fysioterapeutar og utbetaling av basistilskot til private næringsdrivande fastlegar gir også eit meirforbruk dette året.
- Det er også generelt meirforbruk knytt til lisensar, vedlikehald av programvarer og innkjøp av nytt datautstyr knytt til skifte av journalsystem på begge kommunal legekontor.

### **Tilrettelagte tenester**

Eininga har eit mindreforbruk på 3,4 millionar 2021. Dette skuldast reduksjon i behov for ressursbruk hjå ressurskrevjande brukarar. Eininga har gjennom året gjennomført fleire justeringar på kvar avdeling. I 2 avdelingar har me hatt ei auke i ressursbehovet og i ei avdeling har me redusert bemanningsbehovet.



Eininga har hatt fokus på god og jamn drift gjennom kontinuerleg fokus på HMS arbeid, arbeidstidsordningar, heiltidsstillingar, rekruttering og strukturert leiarskap.

Etablering av heile stillingar og oppdatering av bemanningsplanar på kvar avdeling har vore eit stort fokus i eininga i 2021. Dette er og eit tiltak i forhold til å rekruttere og behalde naudsynt kompetanse innan helse og omsorg.

### Felles Helse og omsorg

Fellesområdet har eit meirforbruk på omlag 13,3 millionar.

Tenestekontoret har vesentleg avvik på fleire områder. Ressurskrevjande brukarar hos private tilbydarar kostar kommunen stadig meir. Frå desember 2021 kom brukar nr 3 på lista. Det vert arbeidd med å endre/reducere utgifter på alle tiltak, men dette er brukarar som kommunen ikkje har gode løysingar til samt at ressursbruken blir stor, og det er fare for at ein mister tilsette på grunn av krevjande arbeid. Samla er det her eit overforbruk på 8,6 millionar.


Resten av meirforbruket skuldast hovudsakleg felles pensjonsutgifter med omlag 5 millionar (meirforbruket for heile rammeområdet ligg her).

## Økonomistatus per konto

Beløp i 1000



	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2020	Rev. bud. 2020	Rekneskap 2021
Lønn	266 827	255 894	273 132	283 480
Refusjon lønn	-11 507	-4 944	-5 194	-10 672
<b>Sum Lønn</b>	<b>255 320</b>	<b>250 950</b>	<b>267 938</b>	<b>272 808</b>
Drift	34 257	24 475	29 312	35 562
Kjøp av produksjon	36 733	26 070	26 905	38 109
Overføringer	13 124	14 197	14 779	14 482
Finansutgifter	2 753	104	1 716	2 670
<b>Sum Utgifter</b>	<b>86 868</b>	<b>64 847</b>	<b>72 710</b>	<b>90 824</b>
Brukerbetaling	-21 333	-18 235	-18 680	-20 629
Refusjoner	-57 841	-57 367	-62 187	-60 326
Overføringer	-13	0	-10	-108
Finansinntekter	-2 149	-547	-14 906	-16 326
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-81 336</b>	<b>-76 149</b>	<b>-95 783</b>	<b>-97 389</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>260 852</b>	<b>239 648</b>	<b>244 865</b>	<b>266 242</b>

## Driftsutgifter og inntekter (graf)





## Detaljvisning drift (graf)



## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

	Vindafjord 2020	Vindafjord 2021	Kostragruppe 11	Rogaland	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>					
Barnevern nettdriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	3,7 %	3,6 %	3,4 %	3,3 %	3,4 %
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	51,3 %	49,5 %	40,9 %	43,4 %	42,1 %
<b>Produktivitet</b>					
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) (B)	26,5 %	31,5 %	36,5 %	33,1 %	34,8 %
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	17,3	17,0	17,1	18,3	16,3
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	293 109	312 921	319 527	319 401	307 527
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 482 951	1 543 922	1 523 166	1 456 037	1 426 618
<b>Dekningsgrad</b>					
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	34,9 %	39,6 %	29,8 %	31,2 %	31,3 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	19,4 %	20,0 %	17,0 %	17,8 %	18,5 %



Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc (B)	100,0 %	100,0 %	83,7 %	97,0 %	92,1 %
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens (B)	46,9 %	42,9 %	26,8 %	31,8 %	28,5 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år (B) **)	4,6 %	4,2 %	3,8 %	4,0 %	4,0 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	4,9 %	4,3 %	4,6 %	4,1 %	4,4 %
<b>Kvalitet</b>					
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	7,6	7,5	9,2	7,7	9,6
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	52,9	53,9	45,7	43,9	50,4
Gjennomsnittlig listelengde	786,0	734,0	1 115,0	1 146,0	1 021,0
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 154,0	1 213,0	1 176,0	1 286,0	1 143,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	5,0	5,4	5,3	4,5	5,5

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Status økonomiplan tiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
<b>Vedtatt førre periode</b>		
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot	-1 350	Ferdig
Tilbakeføring etter styrking i rammeområdet	-1 000	Ferdig
Saksbehandlar Barnevern - prosjekt	-680	Ferdig
Auka inntekt refusjon frå stat	2	Ferdig
<b>Sum</b>	<b>-3 028</b>	
<b>Nye tiltak</b>		
Auka bemanningsbehov tilrettelagte tenester	0	Ferdig
Ny ressurskrevjande brukar	0	Ferdig
Oppgradering av alarmanlegg	128	Ferdig
Auka budsjett tiltak barnevern	741	Ferdig
Legevaktavtale med Haugesund	750	Ferdig
Auka budsjett økonomisk sosialstønad	1 000	Ferdig
Finansiering av vikarpool - Heimetenesta	1 205	Ferdig
Finansiering av vikarpool - Ølen omsorgssenter	1 320	Ferdig
Nye løysingar pga nedtrapping av inndelingstilskot	1 350	Ferdig
Finansiering av vikarpool - Vindafjordtunet	1 687	Ferdig
Kjøp av tenester for ressurskrevjande brukarar	2 169	Ferdig
<b>Sum</b>	<b>10 350</b>	
<b>Sum tiltak</b>	<b>7 322</b>	

### Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000



## Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Kommentar
Velferdsteknologi - løysingar	1 940		0 lht. plan	Investeringsbehov knytta til velferdsteknologi er justert frå teknologi til heimebuande til institusjon og heildøgnsomsorg bustader. Velferdsteknologi for heimebuande er dekkja av felles avtale for alle kommunane på Haugalandet .Ny teknologi for pasientvarsling og tilsyn er eit anbefalt prosjekt i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Prosjekt er under oppstart
<b>Sum</b>	<b>1 940</b>		<b>0</b>	

## Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,60 %	5,25 %	6,84 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,88 %	6,26 %	8,14 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,71 %	5,91 %	7,62 %

## Status politiske vedtak

### Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
<b>Evaluering av omstilling frå integrerte til spesialiserte tenester i pleie og omsorg.</b>	<b>Helse og omsorg</b> I 2019 omorganiserte ein tenesta, der ein gjekk frå integrerte til spesialiserte tenester. Denne omorganiseringa vert no evaluert, og målet er å ferdigstille denne i 2021.	Forsinka	Det er ikkje gjort ei brei evaluering som var planlagt pga Covid, men drifta av institusjonsplassar er vurdert og vedtatt slått saman til ei felles eining slik at Vindafjordtunet og ølen omsorgssenter no har felles einingsleiar. I tillegg er organisering av dagtilbodet for eldre endra slik at det no er eindel av heimeteneste sitt ansvarsområde .
<b>Framlegg av tilstandsrapport for Etne Vindafjord barnvernteneste</b>	<b>Helse og omsorg</b> Føremålet med ein tilstandsrapport er å gi kommunestyret betre innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillinger i barnevernet. Målet er betre prioriteringar og kontroll i kommunen.	Ferdig	Behandla i kommunestyret i juni 2021.
<b>Gjennomgang av arbeidstidsordningar og vurdering av turnusar i pleie og omsorg</b>	<b>Helse og omsorg</b> Som ein del av arbeidet med å finne gode arbeidstidsordningar som gir gode føresetnadar for drift i pleie og omsorg,	Ferdig	



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	<p>vil ein vurdere ulike turnusordningar opp mot dagens ordning.</p>		
<b>Institusjonsplassar</b>	<b>Vindafjord</b> <p>Vi ser at det er eit stort behov for å ta ned drifta frå dagens nivå. Vi støtter satsingar på blant anna velferdsløysingar som ved hjelp av meir bruk av teknologi, gjer at fleire kan bu heime lenger på ein trygg måte. Vi vil difor tilrå at ein søker å redusere talet på institusjonsplassar med ytterlegare to plasser. Kommunedirektøren står fritt til å vurdere kor det blir mest tenleg å ta ned plasser for å oppnå naudsynt innsparing. Erfaringa dei siste åra med stort meirforbruk gjer at me må ha eit sterkt fokus på kostnadskontroll og god budsjettstyring. Vi forutset at færre institusjonsplassar vil gje utslag i reduserte kostnader med 2 mill. kr.</p>	Ferdig	
<b>Plan for kvalitetsreforma "Leve heile livet"</b>	<b>Helse og omsorg</b> <p>Framdriften i arbeidet med "Leve heile livet" blei sterkt påverka av den pågåande covid-19 pandemien. I løpet av første halvår 2021 tek kommunedirektøren sikte på å leggje fram ei sak for kommunestyret som syner planar og sikrar politisk involvering og forankring.</p>	Ferdig	Planlagt vedtatt i desember 2021.
<b>Ressursbruk Helse og omsorg</b>	<b>Vindafjord</b> <p>Budsjettprosessen har vist at det er potensial for å redusere kostnader ved våre to omsorgssenter og i heimetenesta. Ved å fokusere ekstra på struktur, leiging og i større grad sjå potensialet hjå våre tilsette, meiner me det er mogleg å jobbe «smartare» og redusere kostnader.</p> <p><b>Grunnbemanning:</b> Det vert opplyst at det er problem med å skaffe nok tilsette, særleg sjukepleiarar. Dette er det grunnleggjande problemet. Dette gir som utslag at vikarpoolen ikkje fungerer etter intensjonen, og at ein må leige inn vikarbyrå. Det er fare for at det i periodar er underbemanning og dermed ekstra slitasje på tilsette.</p> <p><b>Tiltak 1:</b> Auke grunnbemanning</p> <p><b>Tiltak 2:</b> Motivera våre tilsette til å arbeide meir. Mange av våre tilsette har delstillingar og potensial til å auke</p>	Ferdig	



## Oppdrag

## Beskriving

## Status

## Beskriving av status

stillingsprosenten, eller ta ekstravakter.

Me vil foreslå at ein i dialog med dei tilsette sine tillitsvalde, finn ordningar som motiverer til dette.

Eit døme er at ein i god tid før ferieavvikling kan setje seg opp på vakter. Dette kan vera motivert av at den tilsette sjølv kan påverke kva tid ein skal arbeide, samt av ein eventuell bonus.

**Vikarbyrå:** Kommunen leiger i dag vikarbyrå tilsvarande åtte fulltidsstillingar.

**Målsetjing:** Redusere bruk til innleige av vikarbyrå til eit minimum og satse på meir bruk av egne tilsette og satse ennå meir på rekruttering.

**Tiltak:** Det er viktig at vi i størst mogleg grad bruker egne tilsette sin restkapasitet i staden for bruk av eksterne vikarbyrå. Det gjev større tryggleik for tenestemottakarane og for dei andre medarbeidarane. Kanskje ein til dømes kan gje fast tilsette som tek ekstra vakt eit ekstra tillegg. Så langt det er mogleg må ein også stimulere dei som går i delstillingar til å koma opp i større stillingar.

Vidare vil vi oppfordre til aktiv bruk av studentar og ungdom i utdanning som vi kan knyte til oss, gjerne ved bruk av stipendordningar. Det vil kunne føre til at fleire vil arbeida og busetje seg i kommunen vår på sikt.

**Vikarpool:** Det vert opplyst at dei tilsette går i fast turnus og i praksis er ein del av den faste grunnbemanninga. Vikarpoolen fungerer dermed ikkje etter målsettinga.

**Tiltak 1:** Det må vurderast korleis vikarpoolen kan fungere etter målsetting. Grunnbemanning er ein faktor som påverkar dette. Vil ein vikarpool etter intensjonen vera eit positivt bidrag (ein buffer) for å redusere bruken av vikarbyrå? Er det argument og grunnlag for å oppretthalde vikarpoolen?

**Struktur og leiing:**



## Oppdrag

## Beskriving

## Status

## Beskriving av status

Det er behov for å gå grundig inn i organiseringa av våre omsorgssenter og heimetenesta. Eksempel på vurderingar:

-Kan ein finne andre strukturar? Er det for mange nivå, er det funksjonar som kan «slås saman» for dei ulike tenestene, kan det vera felles leiding på våre to omsorgssenter, bør våre omsorgssenter bli meir spesialiserte, m.m.?

-Er det rett person/ kompetanse på rett stad, eller kan ein nytte kompetansen betre?

«**Overgang til ei ny tid**» er tittelen på kommunedirektøren sitt budsjettframlegg. Det vil over tid bli fleire eldre i kommunen. Kommunedirektøren legg opp til at fleire skal kunne bu lenger heime og at færre skal vere på institusjon. Investering i velferdsteknologi er ein del av denne omstillinga. Det same er å bruke meir ressursar på heimetenesta. Me kan ikkje sjå at det ligg inne betydeleg satsing på heimetenesta i budsjett eller økonomiplan. Det er derfor avgjerande at me straks i denne budsjettperioden, set i gong arbeidet me har belyst ovanfor. Det vert vanskeleg å ta overgangen til ei ny tid, dersom dagens drift ikkje er optimal.

Organisasjonen må gjerast i stand til å møte den nye tida og det må planleggast korleis overgang til ei ny tid skal gjerast og finansierast. Planar innanfor dette området kan ikkje vera statiske. Utviklinga innan demografi og dermed behov, tilseier kontinuerleg omstilling og dynamikk i planarbeidet. **Me gir her eit klart signal om at ein alt no må starte arbeidet med å ruste opp helse- og omsorg til ei meir berekraftig drift.**

Me ser det som positivt at politiske utval vert orientert og nytta som sparringpartnar i dette arbeidet, der det er naturleg. Det vil bidra til at politisk nivå har meir kunnskap og forståing og dermed eit betre grunnlag til å gjera framtidige vedtak.



## Omtale av rammeområde

Vindafjordtunet i Nedre Vats driftar 48 institusjonsplasser.

Ved institusjonen driftar ein 34 plasser for personar med demens og 14 plasser i somatisk langtid samt ansvaret for natt og nattpatrulje i Skjold- Vats og Vikebygd.

Ein har ila 2021 tatt ned 4 institusjonsplasser i demensomsorga.

Inn På Tunet ved Øvregård og dagsenter for heimebuande personar med demens vert og drifta av Vindafjordtunet i 2021.

I 2022 går dagsenter for heimebuande personar med demens over til Heimetenesta.

## Utvalde resultat

- Langvaksordning på inntil 13,5 timer for dei som ønskjer- spesielt sjukepleiarar for å kunne rekruttera og behalde.
- Eksisterande bemanning har klart å handtere ressurskrevjande brukarar gjennom året, utan bistand frå vikarbyrå.
- Har oppretthaldt kompetanseløft hjå tilsette tross pandemi.
- Søkt og fått aktivitetsmidler frå Statsforvaltar på til saman 2 154 000,- som har gått til bebuarane ved Vindafjordtunet både inneområder og uteområder. Ein har og gjennom midlane hatt ein aktivtør som har arbeida 50% frå august 2021.
- God økonomistyring gjennom året har gitt Vindafjordtunet handlingsrom.

## Viktige hendingar

Korona i 2021 har fortsatt gitt langtidsfråvær etter utbrotet i 2020. Utover året har ein hatt mindre fråvær knytt til Korona.

Korona har gitt meirarbeid i pleie og administrasjon i form av desinfisering av overflater som tilsette sjølv har gjennomført, nye rutinar og prosedyrar, besøksavtalar i starten av året.

Samstundes har ein oppdatert pandemiplanar, øvd på rett bruk av smittevern, sikra utstyr mm.

Ein ser gjennom 2021 at å rekruttera- særskilt sjukepleiarar vert vanskeleg. Ein har hatt utlysingar på 100% faste sjukepleiar stillingar utan søkerar- dette er eit stort varsku!

Den kanskje viktigaste- og kjekkaste hendinga ved Vindafjordtunet 2021 var tilskotsmidlane frå Statsforvaltaren som gjorde at ein fekk oppretta : kino/ mediarom, stove med lesestol, lekestol og peis. Oppgradering av sansehagar og benker som møteplasser rundt huset. Ein fekk gjennomført bryggedans med danserar og live musikk, faste kjøreturar med bebuarane der dei ønska, ulike aktivitets, innkjøp av Tovertafel - Tryllebord. Mat traller , bok traller, musikk traller og hønsesus. Lesevenn og sykkelvenn.

Ein har samarbeid med blant biblioteket, frivillige eldsjeler i distriktet, Jakt og Fiske laget som var med å stelle i stand båttur på vatnet samt bygge brygge til framtidige båtturar.

Dette og mykje meir har gitt gode og store muligheiter for individretta tiltak men og sosiale møteplasser for å hindre einsemd.



## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	48 648	47 587	52 215	4 628

### Ølen omsorgssenter

#### Omtale av rammeområde

Ølen omsorgssenter drifta i 2021 27 institusjonsplassar totalt. i tillegg til bustadar og heimetenesta.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	44 188	42 047	34 474	-7 572

### Heimetenesta

#### Omtale av rammeområde

Heimebaserte tenester består av heimesjukepleie og praktisk bistand og er delt i indre og ytre strok. Indre strok har base på Ølen omsorgssenter og gjer tenester til heimebuande i Ølen, Ølensvåg, Bjoa, Sandeid, Vikedal og Imsland. Det er 18,63 årsverk fordelt på sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og assistentar. Ytre strok har base på Vindafjordtunet og gjer tenester til Vats, Skjold og Vikebygd. Det er 20,43 årsverk fordelt på sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og assistentar.

Heimetenesta har tatt i bruk velferdsteknologi som teknologisk assistanse som skal understøtta og forsterka tryggleik, sikkerheit og mobilitet i dei tiltaka som inngår i tenestene våre.

Heimebaserte tenester har eigne syn og høyrsel kontaktar som hjelper dei med nedsett høyrsel til å søkja hjelpemidlar og finna gode løysingar som fungerer i kvardagen. Det er 20% stilling øyremerka syn hørsel.

Hukommelsesteamet har 40 % stilling fordelt på 2 personar og er eit tilbod til personar med svikt i minnet og deira pårørande. Teamet hjelper til med kartlegging og utgreiings samtalar.

Kreftkoordinatorar har 1 årsverk fordelt på to personar. Kreftkoordinatorane har oppfølging og samtalar med kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen. Dei underviser tilsette og pasient/pårørande og samarbeider tett med heimetenesta og spesialist helsetenesta. Kreftkoordinatorane drifta og kveldskafe for dei som er råka av kreft og deira pårørande.

#### Utvalde resultat

- Tenestemråde har tilpassa seg ein kvardag, prega av pandemi.
- Det er utarbeida nye rutinar og sjekklister for å sikra tilsette og brukarar.



- I periodar har ein måtta stenga ned tenesta praktisk bistand for å prioritera naudsam helsehjelp.
- Det er utarbeida pandemi planar på overordna tenesteområde og på sone nivå.
- Heimebaserte tenester hadde hausten 2021 meldt tilsyn frå arbeidstilsynet. Hensikten med tilsynet var å sikra at det i tilstrekkeleg grad vart jobbe systematisk for å førebygga fysiske og psykiske skadeverknader knytt til eksponeringar i heimetenestene under pandemien.
- Velferdsteknologi, alle tryggleiksalarmene er skifta ut, dei nye har brann sensor som vil varsle dersom det oppstår brann. Det er og mogleg å knytta andre sensorar for å tryggja heimebuande som for eksempel lokalisering, tilsynsløysingar og dør sensorar. Heimebaserte tenester er og med i ein pilot for å ta i bruk medisindispenserar og kan visa til svært god resultat. Det er ved år slutt utplassert over 30 dispenserer.

## Viktige hendingar

Året 2021 har vore eit krevjande og utfordrande år, grunna pågåande pandemi. Grunna utbrot av Covid-19 pandemi vart tenesta utfordra på mange felt. Tilsette har vist stor vilje for stadige endringar av tenesta for å tilpassa våre tenester nye nasjonale og lokale føringa for å hindra covid-19 smittespreiing. Tilsette har måtta tileigna seg ny kompetanse og forholde seg stadige endringar og ein til tider uoversiktleg arbeids-kvardag. Nye metodar for kurs, møter og opplæring er tatt i bruk og leiane har i periodar hatt heimekontor og utført fjernleiing.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	34 078	39 347	36 428	-2 919

## Rus og Psykiatri

### Omtale av rammeområde

Eining Rus og Psykiatri består av følgjande avdelingar:

- Psykisk helse og rus teneste samt dagsenter for personar med psykiske utfordringar, denne avdelinga er samlokalisert i Sandeid. Avdeling Psykisk helse og rus gjev individuell oppfølging tilpassa enkeltmenneske sitt behov, utfordringar og ressursar. Avdelinga gjev målretta miljøarbeid og gruppetilbod gjennom fysiske og sosial trening.
- Hauatunet - består av 8 omsorgsbustader, med heildøgntenester for personar med psykiske lidningar, lokalisert i Ølen. Dei gjev individuell oppfølging og miljøterapi.
- Fengselshelseteneste i Sandeid fengsel. Helsetenesta i Sandeid fengsel gjer tenester til innsette som har utfordringar både med fysiske og psykisk helse og mange har rusutfordringar.
- Psykososial støttegruppe - organisering og deltaking i kommunalt kriseteam ligg også innanfor eininga.

### Utvalde resultat

I avdeling psykisk helse og rus har det i 2021 vore ca 150 nye tilvisingar, og størstedelen er personar som har komme inn på lågterskel og har hatt behov for korttids behandling. Ca. halvparten av dei nye henvedingane er personar under 40 år.

På Hauatunet har ein person flytta ut og ein person har vore på veksel-opphald i 2021.



I Sandeid fengsel har det vore færre innsette grunna Covid- pandemien. Det var bare 257 nye innsette i løpet av 2021. Grunnen til dette var at det var avgrensing grunna Covid- 19 pandemien.

## Viktige hendingar

### Psykisk helse og rus:

Det som pregar spesielt dei unge som tar kontakt er at dei slite litt med å finna sin plass i livet. Det kan vera problem med relasjonar/vennskap og parforhold, følelse av utenforskap. Dei treng hjelp til å ta val i forhold til skule, arbeid, studiar og liknande. Nokre kan kjenna på både angst og depresjon.

Det er ofte eit samarbeid med Nav kring ein del av desse. Me vurderer det som viktig å gi hjelp før problema blir for store og fastlåste.

Gjennom pandemien har vi sett ein auke i unge som tar kontakt, dei har vore mye aleine og ein merker at samfunnet har stått stille. Pandemien har ført til at fleire har kjend på einsemd.

### Hauatunet:

Koronaen påverka drifta på den måten at bebuarane hadde litt mindre besøk, faste ting ein gjorde saman med bebuarane, felleskaffi, sitte saman i stova osv. vart kutta ut ei stund , og at når ein gjennomførte felles samlingar så skulle ein halde avstand. Denne brukargruppa blir påverka av slikt sjølv om endringane i praksis ikkje var så store. I 2021 var det ingen tilsette eller bebuarar som hadde korona. Dei forholdsvis strenge tiltaka pluss vaksinerings gjorde at folk heldt seg friske.

### Helseavdelinga i Sandeid fengsel:

Frå oktober -2021 har ein kunne gitt tilbod om fysioterapi til innsette som har hatt behov for det i Sandeid Fengsel. Det har vore inne fysioterapeut om lag 2 gonger pr. mnd.

Ein del av arbeidsoppgåvene har vore å ta teste dei innsette for Covid- 19. Tilsette frå helseavdelinga har også hjulpet til ved vaksinerings og på test stasjonen i Vindafjord Kommune. Dei innsette har også fått tilbod om vaksine på lik linje som resten av befolkninga. Fram til 31/12- 21 var det ingen påviste Covid-19 tilfelle, men den dagen fekk me eit smitte utbrot som varte heile januar 2022.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	20 705	23 947	23 756	-191

## Barnevern

### Omtale av rammeområde

Vindafjord kommune er vertskommune for felles barnevernsteneste med Etne kommune. Barnevernstenesta si hovudoppgåve er å løysa kommunen sine pålagde oppgåver etter Lov om barnevernstenester. Dette inneber å syta for at barn og unge som lever i høve som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernlova blei i 2018 ei rettighetslov for barn.



Frå 2022 trer ny ansvarsdeling mellom stat og kommune i kraft, som betyr at kommunen får meir ansvar for oppgåver og økonomi. Frå 2023 trer ny barnevernlov i kraft. Arbeidet med dette er i gong.

### Utvalde resultat

Etne Vindafjord barnevernsteneste har opplevd ein stabilitet i personal og drift gjennom 2021. Det har gjort at tenesta har kunne møte det krevjande korona-året på ein forsvarleg måte.

Tenesta driv innafor lovkrava.

Utvalde nøkkeltal	
Meldingar	139
Ferdigstilte undersøkingar	77
Barn med hjelpetiltak i heimen per 31.12.21	43
Barn under omsorg per 31.12.21	18
Akutt plassert med samtykke per 31.12.21	0
Akutt plassert utan samtykke per 31.12.21	0
<b>Totalt i tiltak per 31.12.21</b>	<b>57</b>

### Viktige hendingar

Barneverntenesta har starta samarbeid med omkringliggende kommunar og/eller intrakommunalt på områder som fosterheimsoppfølging, kompetanseprogram for nytilsette, kommuneadvokat, familieteam og barnevernvakt. Barnevernsfeltet er i stor endring nasjonalt og lokalt. Viser her til barnevern- og ansvarsreform som trer i kraft frå 2022. Det blei lagt fram ei tilstandsrapport for kommunestyre våren 2021.

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	21 389	22 544	20 850	-1 694

### NAV Vindafjord Etne

#### Omtale av rammeområde

NAV skal arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha eit meningsfullt liv i eit sosialt fellesskap. Vidare skal ein gi råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale vanskar. NAV kontoret består av 21,4 faste årsverk. NAV Vindafjord- Etne har ansvar for statlege arbeids- og velferdsoppgåver, økonomisk sosialhjelp inkludert



krisehjelp og mellombels husvære, kvalifiseringsprogrammet (KVP), FRAM, økonomisk rådgjeving, gjeldsrådgjeving, startlån og bustøtte gjennom Husbanken og Integreringstenesta.

### **Økonomisk sosialstønad**

Ei av utfordringane til Nav er auke i økonomisk sosialstønad grunna endring i arbeidsmarknaden og auke i levekårs-utfordringane blant dei mest utsette gruppene. Inntektsutviklinga dei siste åra og den forventa utviklinga på arbeidsmarknaden forsterkar inntrykket av fattigdomsproblem og levekårsutfordringane for dei komande åra. Situasjonen tyder på at andelen med låg inntekt blant barn, ungdom og unge vaksne samt innvandrarakar vil auka.

I 2018 vert det gjort endringar på den statlege ordninga arbeidsavklaringspengar (AAP). Dette går ut på at det mellom anna vert eitt år kortare tid i AAP ordninga, samt strengare inngangsvilkår. I februar 2020 vert det og innført ein minstesats for unge under 25 år på arbeidsavklaringspengar. Dette kan auke behovet for supplerande økonomisk sosialhjelp for denne gruppa.

### **Tiltak og aktivitetsplikt**

NAV sitt hovudfokus er å få folk i arbeid, og me jobbar aktivt for at ingen skal gå passivt på ytingar. Me ser at det å få folk i aktivitet og arbeidsretta tiltak er bra, og det har ein stor effekt i forhold til å koma seg tilbake i arbeidslivet. Kommunane er pålagt å setja i gong tiltak som kvalifiseringsprogrammet (KVP) og aktivitetsplikt for sosialstønadmottakarar under 30 år.

NAV kontoret etablerte FRAM hausten 2016, som eit tiltak for unge vaksne som mottar økonomisk sosialhjelp. I 2019 opna me opp for at andre aldersgrupper og ytingar kunne ha god nytte av FRAM. Dagen på FRAM startar med felles frukost, for så å jobba med ulike tema. Døme kan vera sjølvutvikling, personleg økonomi, eigenmotivasjon mot utdanning/arbeid, trening på jobbintervju, CV- skrivning og jobbsøknader m.m.

Me har grunna pandemien hatt mindre aktivitet på FRAM også i 2021. Me har fått nye lokalar til gruppeaktivitetar som heiter Spire, og starta opp igjen med FRAM i november. Me har hatt noko utfordringar med oppmøte grunna sjukdom/symptom på korona, i tillegg til elles vanskar med å berre møte opp fysisk og vera sosial med andre. Grunna korona situasjonen, og at fysisk gjennomføring var vanskeleg etter som terskelen for å vara heime var veldig låg, starta me i desember med digital oppfølging. Me kalla deltakarane inn til individuelle videosamtalar, og dette førte til godt oppmøte og deltakarane kom med gode tilbakemeldingar på denne type oppfølging. Våre tankar for tida framover er at den digitale oppfølginga er eit godt supplement til fysisk oppmøte. Me ynskjer å tilpasse aktiviteten i størst mogleg grad etter deltakarane sine behov.

NAV fekk i 2021 innvilga prosjektmidlar frå statsforvaltaren til ein aktivitetskoordinator som skal jobba med ulike aktivitetstilbod, samt auka samarbeid på tvers med andre einingar i kommunen og næringslivet. Me har søkt om å få forlenga dette prosjektet i 2022.

I tillegg er Vaktmeistereamet eit tiltak NAV kan nytta seg av. Dette ligg under Tilrettelagte tenester.

### **Utvalde resultat**



### Økonomisk sosialstønad

Det har og vore ein nedgang i utbetaling av økonomisk sosialstønad frå 2020 til 2021 på rundt 0,5 mill. Det er veldig positivt å sjå ein reduksjon i unge sosialhjelpsmottakarar under 25 år, og at mottakarar med forsørgingsplikt går ned.

Ei viktig oppgåve til NAV kontoret er råd og rettleiing, og det har vore ein auke i vedtak på denne tenesta.

Kategori	2020	2021
Antall mottakarar av økonomisk stønad	172	159
Antall med økonomisk stønad som hovudinntekt	62	53
Unge mottakarar under 25 år	41	36
Mottakarar med forsørgingsplikt	58	53
Antall i kvalifiseringsprogrammet	8	5
Antall med § 17 vedtak (råd og rettleiing)	19	61
Antall med § 27 vedtak (Mellombels bustad)	3	3

### Kvalifiseringsprogrammet

Gjennom 2021 var det 5 deltakarar i programmet. I løpet av året var det 1 som gjennomførte programmet, denne gjekk over til ordinært arbeid. Grunna korona- forlenging av statlege ytingar som dagpengar og arbeidsavklaringspengar, har det vore færre aktuelle deltakarar til Kvalifiseringsprogrammet dette året.

### Viktige hendingar

#### Covid-19

NAV kontoret har ikkje merka noko særleg auka trykk på dei kommunale tenestene grunna Covid-19 i 2021. Det som har vore utfordrande er tiltak og gruppeaktivitetar som har fått redusert tilbod grunna smittevern. Me har tatt i bruk digitale alternativ, men det er ikkje alle som kan nytta seg av dette. Me kjenner på ei bekymring i forhold til etterverknadane av pandemien både når det gjeld langtidsledige, barnefamiljar og unge vaksne, spesielt i forhold til psykisk helse og utanforskap.

#### Aktivitetskoordinator

I 2021 fekk NAV innvilga prosjektmidlar frå statsforvaltaren, og fekk tilsett ein aktivitetskoordinator i august. Aktivitetskoordinatoren skal jobba med ulike aktivitetstilbod, samt auka samarbeid på tvers med andre einingar i kommunen og næringslivet.



## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
Sum	19 289	10 934	9 187	-1 746

### NAV Vindafjord (flyktningar)

#### Omtale av rammeområde

Integreringstenesta består av 3,6 årsverk som jobbar med flyktningar både i Vindafjord og Etne. Tenesta har oppfølging av busette flyktningar i 5 år etter busetting. I nokre tilfelle strekk oppfølginga seg noko over 5 år, t.d. for personar som ikkje rekk å fullføra introduksjonsprogrammet innan 5 år. Oppfølginga inneber koordinering av introduksjonsprogram, arbeid og kvalifisering, økonomi og sosiale tenester, bustad, fritid, familieliv, helse og anna miljøarbeid.

Kvalifisering til ordinær utdanning og arbeid er ei av våre største utfordringar. Det er oppretta faste møtepunkt mellom rekrutteringskontakt i NAV og programrådgjevar slik at NAV med sin arbeidsmarknadskunnskap kan vera med å kartlegga framtidig behov for arbeidskraft, og dermed legge opp meir berekraftige løp for elevane. Det jobbast og aktivt med å få etablert fleire språktreningsplassar og arbeidstreningsplassar i kommunen.

Det er etablert eit tettare samarbeid mellom Integreringstenesta og vaksenopplæringa, og det er utarbeida ein samarbeidsavtale.

Det er ei utfordring å tilby godt tilpassa introduksjonsprogram til deltakar som treng tilrettelegging og tett oppfølging. Nokre deltakarar har svak progresjon i norskopplæringa, og språknivået er såpass lågt at det er vanskeleg å sette i gong ordinær praksis. Pandemien har ført til ein del venting med tanke på avtale og oppstart av praksisplassar. Generelt er det utfordrande å få tak i praksisplassar innan helsesektoren.

Det at mange må reise til Haugesund for å gå på grunnskule og vidaregåande skule er ei utfordring, spesielt for barnefamiliar der gjerne begge foreldra har same reiseveg. Det er og ei utfordring at elevar ved vaksenopplæringa i Vindafjord lærar nynorsk, medan dei går over til bokmål ved grunnskule i Haugesund.

I 2021 har me hatt mange foreldre i introduksjonsprogrammet. Ein del av desse har barn i skulealder, så når SFO er stengt er manglande barnepass ei utfordring for foreldra si deltaking i fulltidsprogram. Me ser også at barn frå 4 - 7 klasse kan ha vanskar for å vere heime aleine. Sommarskulen «gøy på landet» bidrog til meir aktivitet, men det var likevel ein del periodar som var sårbare.

#### Utvalde resultat

Vindafjord kommune fekk ikkje oppmoding frå IMDI om å busette flyktningar i 2021. Det vert likevel busett 1 person. Det var 8 personar som kom til Vindafjord på familiesameining. Det har vore 32 deltakarar i introduksjonsprogrammet i 2021, kor 8 av desse har avslutta introduksjonsprogrammet i



Løpet av året:

Jobb	0
Vidaregåande skule	4
Grunnskule	2
Høgare utdanning	0
Oppfølging frå NAV	2

Tenesta har jobba med innføring av ny integreringslov som tredde i kraft januar 2021. Gjennomføring av livsmeistring er starta opp, og to tilsette i tenesta har sertifisert seg som ICDP-retteleiarar. Alle tilsette i tenesta har delteke på Flyktningkompetent kommune gjennom RVTS. Hausten 2021 gjorde tenesta ein ekstra innsats for å skaffe fleire språkpraksisplassar. Tenesta fekk innvilga midlar frå statsforvaltaren til symjekurs for vaksne og inngjekk samarbeid med Ølen IL om gjennomføringa av kurs.

## Viktige hendingar

### Kursrekke for tilsette gjennom RVTS

For mange flyktningar er det ein stor overgang å koma til eit framand land, og det krev mykje kompetanse av tenesteapparatet som skal ta i mot dei. Kommunen tilbyr difor kursrekker gjennom RVTS for å heva kompetansen til dei tilsette slik at me er meir rusta for å gje denne gruppa ei god oppfølging. Kursrekka vil gjennomførast i 2021/ 2022.

### Ny Integreringslov

Den nye Integreringslova tredde i kraft 01.01.2021. Dette betyr at me må rigge drifta for nye lovkrav. Den nye lova omhandlar blant anna dette:

- I forhold til norskopplæring vil det handle meir om kva nivå den enkelte er på, ikkje antal timar
- Det vil vera meir fokus på formell utdanning
- Obligatorisk foreldreveiledningskurs for alle foreldre
- Livsmestring som tema i introduksjonsprogrammet
- Meir krav til kompetansen for norsklærerane
- Fylkeskommunen skal inn med karriereveiledning
- Integreringskontrakt mellom kommunen og deltakaren

### Covid-19

Heile året har vore prega av pandemien, slik at smittevern og vaksining har vært eit gjennomgåande tema. Me har jobba mykje med å motivera flyktninggruppa til å ta vaksine, og har luktast med høg grad av vaksinedekking.

### Status økonomi



Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	371	10 306	9 586	-721

## NAV Etne

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	0	0	0	0

## NAV Etne (flyktningar)

### Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	0	0	0	0

## Helse

### Omtale av rammeområde

Eining helse er ansvarleg for fastlegeordninga i Vindafjord. Fastlegeordninga inneheld to kommunale og eit privat legekontor. Tilsaman 11 fastlegar + ein turnuskandidat. Eining helse drifrar også den Interkommunale legevaktordninga Etne/Vindafjord legevakt, fysio- og ergoterapitenesta og helsestasjon- og skulehelseteneste. Denne eininga er også ansvarleg for oppfølging av familie-teamet, i samarbeid med barnevernet.

Under pandemien har også eining helse vore ansvarleg for all oppfølging av TISK strategien, ressurs og organisering knytt til interkommunal test-stasjon og luftveis- legevakt. Me har også organisert og utført all influensa og korona -vaksinering.

### Utvalde resultat

Alle tenestane er tilpassa ein ny kvardag prega av Covid 19.

Alle nasjonale og lokale krav knytt til pandemien er gjennomført innan fristar.

Alle tilsette har fått ein auka kompetanse knytt til smittevern.

Nødvendige kontinuitetsplaner knytt til drift og bemanning er laga.



Aktuelt utviklingsarbeid i nokre av avdelingane har måtte blitt utsett grunna Covid 19.

Det har vore tidkrevjande arbeid knytt til bemanning i beredskapsarbeid.

Nytt journalsystem er installert på Ølen legekantor. Dette vil gi ein meir effektiv kvardag og ein enklare måte å jobbe på for fastlegar og helsesekretærene.

### Viktige hendingar

Vindafjord kommune har gjennom heile pandemien klart å tilby tenester knytt til Tisk strategien etter nasjonale krav og forventningar.

Interkommunalt test kontor og vaksinerer har vore drifta gjennom heile året.

juli 2021 - Avvikla interkommunal luftveisslegevakt og denne pasientgruppa blei før tilbake i ordinær drift med tilrettelegging ift smittevern.

Lykkast å skaffe vikar for smittevernlege, tross store rekrutteringsutfordringer knytt til fastlegeordninga. På helsestasjonen/skulehelsetenesta opplev me utfordring knytt til bemanning og rekruttering.

I arbeidet knytt til pandemien har det mest krevjande dette året har vore dei stadige endringar i TISK strategien, omstille drift til nye krav og å ha nok ressursar tilgjengeleg til ein kvar tid.

Smittevernlegen har vore omdisponert til smittevern arbeid heile året og samarbeida tett med smittevernkantoret. Dei har vore ein nødvendig og viktig raud tråd gjennom heile pandemien.

Til tross for store og krevjande utfordringar har samarbeidet mellom kommuneoverlege/smittevernlege, smittevernkantor, fastlegane og dei andre avdelingane innan helse vore ein styrke gjennom denne pandemien.

I tenestene knytt til barn og unge har det vore stor pågang og i periodar kø for å kome til.

Me har siste halvår gått med redusert bemanning i skulehelsetenesta, då me ikkje har lykkast å få tilsett kvalifiserte folk i ledige stillingar. Dette påverkar også dei tilsette, som får meirarbeid grunna dette.

Ergo - og fysioterapi avdelinga vår har vore drifta tilnærma normalt gjennom det siste året. I periodar har nokon av gruppe tilboda vore redusert. Men utover dette, har dei fleste fått det tilbodet dei skal ha.

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	29 974	31 273	30 046	-1 227

### Tilrettelagte tenester



## Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	44 684	46 103	49 533	3 430

## Felles Helse og omsorg

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	-2 475	-7 844	-21 210	-13 366



## Forvaltning, drift og utvikling

### Omtale av rammeområde

Rammeområde omfattar einingane Areal og forvaltning, Kommunaltekniske tenester og Reinhold. Vidare ligg den økonomiske overføringa til Haugaland Brann og Redning i dette rammeområdet.

### Utvalde resultat

#### Rapportering på prioriterte strategiar og tiltak i årsbudsjettet for 2021

For fleire detaljar sjå under kvar eining

#### Planarbeid

Kommunen er godt i gang med revisjon av kommuneplanen. Planprogrammet blei vedtatt i juni 2021 og kommunen har gjennomført ein omfattande medverknadsprosess til både samfunnsdelen og arealdelen. Planarbeidet er ei oppgåve for heile kommuneorganisasjonen, men rammeområdet og særleg eining Areal og forvaltning er sterkt med i dette arbeidet.

#### Byggjesak og tilsyn

Det er ført tilsyn etter Vindafjord kommune sin vedtatt «Strategiplan for tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter etter plan- og bygningslova». Som oppfølging til strategiplanen vart det utarbeidd ein handlingsplan. Handlingsplanen vart godkjent i utval for drift, utvikling og kultur i november 2021 og gjeld for 2022 og 2023.

#### Landbruk – vilt/fisk

Vindafjord har i perioden 2019-2021 hatt arbeidsgjevaransvar for den interkommunale stillinga i prosjektet "Frivillige tiltak i landbruket på Haugalandet ". Prosjektstillinga skal gi informasjon og rettleiing om kva tiltak ein grunneigar kan gjere på sin landbrukseigedom, som bl.a. kan bidra til redusert næringsavrenning til lokale vassdrag. Arbeidsområdet er heile Haugalandet. Frå januar 2022 overtar Tysvær kommune arbeidsgjevaransvaret.

#### Tilsyn med private avløpsanlegg

Sidan mai 2018 har kommunen hatt ein 3-årig prosjektstilling på tilsyn av private avløpsanlegg og handsaming av søknader om utsløppsløyve av sanitært avløpsvatn frå hus og hytter. I 2021 vart det utarbeida ein sluttrapport «Tilsynsordning med private avløpsanlegg 2018-2021» som oppsummerer prosjektperioden og foreslår vidare arbeid.

#### Vatn og avløp

Kommunen er godt i gang med hovudplan vatn og ROS-analyse. Det er og utarbeida høyringsforslag til ny VA-forskrift. Denne skal gjennomgåast på ny før den skal ut på høyring

### Utvalde nøkkeltal

	2017	2018	2019	2020	2021
Nye bustadar og tilbygg	55	35	41	49	41
Ferdigattest	78	67	40	112	95
Oppmålingsaker	100	80	71	65	118



Vedtekne reguleringsplanar	8	2	9	2	5
Produksjonstilskot	380	386	376	375	380
Innovasjon Norge	19	18	12	14	14
Skogbruk (NMSK)	29	13	16	30	31

## Viktige hendingar

### Korona

Arbeidet i 2021 har vært påverka av korona-situasjonen. Hovudfokus for året har vore å oppretthalde ei god og forsvarleg drift med dei avgrensingar og utfordringar pandemien har ført med seg.

Det er brukt mykje ressursar gjennom pandemien på å bistå helse-einingane med praktisk hjelp knytt til deira viktige arbeid.

Dialogmøte med både landbruksnæringa og plan- og bygnnæringa er ikkje utført i 2021 grunna Covid-19 situasjonen.

2021 har vore eit driftsmessige meir krevjande år for reinhald enn 2020, noko resultatet også viser. I 2020 var det heilt nedstengt i ein lang periode og det var lengre periodar med tilnærma normal drift og mindre smitte. I 2021 har drifta jamnt over vore prega av betydelege smittevernstiltak, meir smitte og meir frávær store deler av året.

### VAR område

6.1.21 blei det meldt om brot på inntaksledningen i Skjold, ingen produksjon av nytt vatn frå vannverket i Skjold der vanleg produksjon er ca 1000 L per minutt. Det er vatn i basseng til om lag 14 timars forbruk.

Lekkasjepunktet blir raskt identifisert. Gravemaskin, deler og personell kjem raskt på plass for å utbetre lekkasjen. Lekkasjen var midt i ei myr og gjer utbetringar ekstra utfordrande . Det er 10 kuldegrader ute og liten tid å få på plass operativt vannverk. Kommunen fekk låne brannslange og pumpe av sivilforsvaret for provisorisk anlegg og fekk på plass operativt vannverk ved midnatt. Etter dette jobbar driftsavdelinga på spreng for å få på plass ny inntaksleidning. Så lenge pumpa gjekk var det døgnkontinuerleg vakt. 26. januar blir ny leidning sett i drift og intensiv jobbing har gitt tryggare vassforsyning dei neste 50 åra.

### Vindafjordhallen

Det er utarbeida mogelheitsstudie for nye Vindafjordhallen som resulterer i vedtak om å sette i gang prosjektering av nye Vindafjordhallen i Vats med svømmeanlegg, terapibasseng og bygdahus. Det skal og utarbeidast ei skisser for eit mogleg nytt oppvekstsenter på tomta. Kommunen kjøper ei nabotomt som kan gje betre utnytting til nybygg.

### Sal av areal til ølen næringspark

Vindafjord kommune har i lengre tid jobba med å få regulert næringsareal til ein næringspark på Nerheim i Ølen (som etter kvart fekk namnet Ølen næringspark). Etter vedteken reguleringsplan og godkjent teknisk plan vart det vedteke å gå saman med private næringsaktørar og opprette eit aksjeselskap (Ølen Næringspark AS) som skulle stå for utbygginga av næringsarealet. Området vart først



kjøpt opp av kommunen og blei i 2021 vidareseid til Ølen næringspark. Næringsområde er under utbygging og det meste av området er seld ut til næringsaktørar.

## Vakre Vindafjord

Den nye undersida til heimesida vår [Vakre Vindafjord](#) blei lansert sommaren 2021.

## Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2020	2021	2021	
1500-Areal og forvaltning	9 622	9 209	11 189	1 980
1510-Kommunaltekniske tenester	19 872	21 747	20 775	-972
1515-VAR område	-6 609	-8 213	-7 426	787
1520-Reinhold	13 846	15 238	15 358	120
1530-Brann og redning	10 336	10 408	10 465	56
1595-Felles Forvaltning, drift og utvikling	3 418	-1 038	-2 426	-1 388
<b>Sum</b>	<b>50 485</b>	<b>47 351</b>	<b>47 934</b>	<b>583</b>

## Kommentar til status økonomi

Samla mindreforbruk for rammeområde i 2021 blei omlag kr 500 000.

Mindreforbruk for eining areal og forvaltning er kr 1 980 000. Avviket skuldast hovudsakleg:

- Mindre utgifter knyta til abonnement/driftsavtale for programvarer .
- Sparte lønskostnadar på grunn av svangerskapspermisjonar og langtidssjukemelding.
- Meir gebyrintekt på oppmåling og byggjesak. Stor aktivitet i tal saker på begge områda.
- Generelt mindre kostnadar til reiser, kurs, materiell/forbruksvarer grunna Covid-19

Meirforbruk for kommunaltekniske tenester er kr 970 000. Avviket skuldast hovudsakleg:

- Høge energikostnadar samanlikna med fjoråret (+2,9 mill.) og samanlikna med budsjett (+1,5 mill)
- Høge brøytekostnadar samanlikna med fjoråret (+1,1 mill.) og samanlikna med budsjett (+500')
- Nødvendige reparasjonar og eit budsjett med lite vedlikehaldsmidlar gir meirforbruk. Det er brukt ca 4,7 mill. meir til vedlikehald enn det som er budsjettet.
- Alle ekstrakostnadar knytt til Covid er dekkja av tilførte midlar.
- Ekstra inntekter som følge av utleige av Dommersnes.
- Generelt mindre kostnadar til reiser, kurs, materiell/forbruksvarer grunna Covid-19

For VAR område viser det eit totalt mindreforbruk på ca kr 785 000. Området gjerast opp mot sjølvkostfond og avvik vil og skuldast indirekte kostnadar og rentenivå. På dei direkte budsjettpostane er det avvik på:

- Lekkasje på inntaksleidning i Skjold har gitt mykje ekstra kostnadar.
- Høge straumprisar (+180 000 samanlikna med budsjett)
- Alle terminar for kommunale avgifter er fakturert. Inntekter litt over budsjett. Tilknytningsavgifter godt over budsjett.
- Høge kostnadar knytt til bruk av konsulent pga arbeid med ny VA-forskrift, hovudplan vatn og ROS-analyse



- Det er budsjettert med overforbruk for å nytte fondsmidler frå sjølvkostfond. Det er henta meir midlar enn budsjettert frå fond for vatn, og mindre enn budsjettert frå fond for avløp.

Mindreforbruk for eining Reinhold er kr 120 000


- Eininga har fått dekka 710.000 av koronakostander i 2021.
- Mange endringar i reinhaldsprosedyrar gjennom heile året grunna pandemien. Mykje periodereinhold har blitt løyst ved vikar og ført til ekstrautgifter. Mange vurderingar knytt til kva som er ordinært reinhold og kva som skal førast på korona.
- Generell forventning og fokus på reinhold har auka.

## Økonomistatus per konto


Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2021
Lønn	42 799	45 747	45 812	46 811
Refusjon lønn	-1 730	-45	-45	-1 874
<b>Sum Lønn</b>	<b>41 069</b>	<b>45 702</b>	<b>45 767</b>	<b>44 937</b>
Drift	37 410	32 761	34 248	47 757
Kjøp av produksjon	14 105	14 149	14 374	14 109
Overføringer	7 875	6 175	17 399	17 973
Finansutgifter	6 474	535	535	2 819
<b>Sum Utgifter</b>	<b>65 864</b>	<b>53 620</b>	<b>66 556</b>	<b>82 658</b>
Brukerbetaling	-43 670	-43 165	-43 165	-46 035
Refusjoner	-10 216	-5 395	-5 633	-14 674
Overføringer	-2 117	-745	-745	-746
Finansinntekter	-445	-1 904	-14 846	-18 789
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-56 448</b>	<b>-51 210</b>	<b>-64 389</b>	<b>-80 244</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>50 485</b>	<b>48 112</b>	<b>47 934</b>	<b>47 351</b>

## Driftsutgifter og inntekter (graf)



## Detaljvisning drift (graf)



## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

	Vindafjord 2020	Vindafjord 2021	Kostragruppe 11	Rogaland	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>					
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på bioenergi, konsern	16,5 %	12,7 %	2,6 %	2,6 %	3,1 %
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	83,5 %	87,3 %	82,9 %	86,5 %	83,2 %
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	9,9	13,0	17,4	14,5	16,3
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) **)	424	451	60	95	135
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	8,2 %	8,6 %	8,5 %	8,9 %	9,4 %
<b>Produktivitet</b>					
Avløp - Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	3 908	4 431	3 810	3 737	4 435
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	110	143	146	140	137
Herav utgifter til renholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	178	195	168	167	173
Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	494	596	669	653	638



Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	111	100	150	101	110
<b>Kvalitet</b>					
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannnett med kjent alder (år)	32,0	33,0		32,0	33,0
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1)	460	401	357	423	533
<b>Økonomi</b>					
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Brann og ulykkesvern	919	992	1 300	492	1 135

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Status økonomiplan tiltak

### Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
<b>Nye tiltak</b>		
<b>Vakre Vindafjord - videreføring av prosjekt</b>	0	I arbeid
<b>Drifts- og vedlikeholdsfond Ølen aktivitetspark</b>	50	Ikkje starta
<b>Interkommunalt samarbeid og økonomisk spleiselag om kunnskap om sjøareal</b>	56	I arbeid
<b>Fjellstøl - riving av gammel varmestove</b>	200	Ferdig Ferdigstilt
<b>Sum</b>	<b>306</b>	
<b>Sum tiltak</b>	<b>306</b>	

## Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Status Kommentar
Oppgradering kommunale vegar og infrastruktur	2 879	411	Forsinka Midlar sett av til oppgradering eller rehabilitering av eksisterende kommunale vegar.
Oppgradering tilrettelagde og kommunale bustadar	6 540	1 263	Iht. plan Midlane er satt av til generell oppgradering av dei kommunale bustadane, oppgradering av kommunale bustadar i Skjoldali og nødvendig ombygging på bufellesskapet i Sandeid. Arbeid pågår med bustadane i Skjoldali. Prosjektering pågår for bufellesskapet i Sandeid. Auka behov for midlar vart meldt inn i budsjettprosessen for 2022.
Sal eigedommar	0	163	Iht. plan Kommunen har i samsvar med bustadsosial handlingsplan solgt eigedommane Steinbruvegen 22-24 og 26-28 i år.
Solbakken - 7 nye tilrettelagde bustadar	31 954	7 307	Iht. plan Midlar til bygging av 7 omsorgsbustader for psykisk/fysisk funksjonshemma i Ølen for å erstatte Seljebakken, som skal nyttast til andre føremål. Utvida kostnadsramme vedtatt i september. Byggestart i oktober og mesteparten av grunnarbeid var ferdig i desember 2021. Bygget skal stå ferdig i løpet av oktober 2022.
Strategisk eigedomskjøp	22 475	2 871	Forsinka Det er sett av 6 mill. kr til strategisk eigedomskjøp i planperioden. Det gjeld særleg eigedomar som eignar seg til areal for kommunal tenesteyting, samt næringsutviklings- og bustadføre mål.
Trafikksikring	4 923	3 363	Iht. plan Avsette midlar vert nytta til trafikksikringstiltak i hovudsak knytt til strekninga 4 km frå skule og til tiltak som kan fjerne behov for skuleskyss grunna farleg skuleveg mellom heim og busstopp. Midlane vert også nytta som kommunal eigenandel i prosjekt der kommunen får fylkeskommunale trafikksikringsmidlar. For dette arbeidet vert det gjeve tilskot frå fylket på 50 %. Aktuelle prosjekt erfortau rundt Karineset, Skjold - ferdigstilt
Brann, ambulanse, legevakt, legekantor	-2 558	-466	Ferdig Beredskapssenteret er ferdigstilt. Overskriding er i hovudsak knytt til leveranse av spesialutstyr, manglar ved prosjektering og endringar og tilleggsbestillingar undervegs. Nokre av kostnadane for tilleggsutstyr skal dekkast av HBR IKS og Helse Fonna. Det vil bli utarbeidd sluttrapport på prosjektet.
Dagsturhytte	1 100	536	Iht. plan Det er vedtatt at kommunen deltek i "Dagsturhytteprosjektet" til Rogaland fylkeskommune. I tråd med vedtak i kommunestyre er det føresett at kommunen får dekkast alle sine utgifter til sjølve hytta gjennom ekstern finansiering og mva-kompensasjon. Ved val av plassering i Kolbjørnshauglia vedtok formannskapet i ny sak at ekstrautgifter i samband med oppføring av toalett kan dekkast av kommunen med inntil kr 100 000. Grunnarbeid for hytta er ferdig og resten av hytta vil bli ferdigstilt i mars 2022. Sjå elles omtale av Dagsturhytta under oppvekst og kultur.
Gjenoppbygging Skjold skule - Vindafjord	487	352	Ferdig Prosjektet er ferdigstilt med kostnadar noko under budsjett.
Idrettshallstomt Ølen	4 000	1 338	Iht. plan Kommunen har kjøpt eigedom i tiknytting til SR-stadion i Ølen for å sikre utviklinga til eigdommen som i første omgang vil gjere det mogleg å få bygd eit nytt idrettsanlegg/idrettshall. Området er regulert til



## Investering

## Budsjett for året

	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
			idrettsfremål og det er tillate å opparbeide vegar, parkering, tribunar, idrettsanlegg, garderobar og klubbhus. Planen opnar for utbygging, men i forkant av ei utbygging er det krav om arkeologisk utgraving av store deler av det automatisk freda kulturminne som ligg innafor same område. Dette er kostnadsrekna til ca. 3,8 millionar kronar og utgravinga blei gjennomført sommaren 2021. I gjeldande reguleringsplan er det utfordringar med tilkomsten til idrettsanlegga og reguleringsplanen er derfor nå under revisjon for å sikre god tilkomst og oppdatere idrettsformål som er framtidsetta. Planen har vore oppe til 1. gangsbehandling. I høyringa kom det fram krav om større grunnborringar. Første del av dette arbeidet er gjort, men blir svært kostnadskrevjande.
Kloakk	43 431	10 709 lht. plan	Midlar nytta til fleire prosjekt knytt til avløpshandtering. Aktuelle prosjekt er t.d.:kloakkleidning på strekninga Isvik - Dalavik, samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen - arbeid pågåarkloakksanering Litle Nerheim, Ølen - samarbeidsprosjekt med Ølen vassverk og Haugaland kraft - ferdigstiltrehabilitering av kloakkleidningar i Vikedal sentrum, samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen - arbeid pågåroppgradering Karineset reinseanlegg, Skjold - prosjektering pågåroppgradering av pumpestasjonar, t.d. Nesheim, Nedre Vats - prosjektering pågå
Kommunale bygg og uteanlegg	8 308	2 283 lht. plan	Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for kommunale bygg og uteanlegg. Aktuelle prosjekt nå er ombygging knytt til samlokalisering av NAV - arbeidet er ferdigstiltombygging garderobe Ølen omsorgssenter - arbeidet er ferdigstiltmiljøstasjon Steinsland - arbeid pågåropparbeiding av uteområde Sandeid samfunnshus - på vent grunna tilbakemeldingar frå Rogaland fylkeskommuneoppgradering av ventilasjonsanlegg på Rådhuset - det er gjort fleire tiltak på eksisterande anleggriving av gammalt bygg Fjellstøl - arbeidet er ferdigstiltal av hardbruskbustadar - arbeid pågår
Kultur- og idrettspark	303	172 Ferdig	Parken er i all hovudsak ferdigstilt, kun avvik etter 1 års-befaring gjenstår å rette. Fekk utbetalt 1,3 mill. frå VAF i desember 2020. Rest spelemidlar 600 000,-. Innvilga søknad på spelemidlar gir betre uttelling enn budsjettert. Sluttoppgjer gjenstår.
Kultur og læringscenteret Sjøperlo	-7 049	1 470 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt. Sluttoppgjer pågå. Meirkostnadane skuldast bl.a. dyrare grunn- og betongarbeid (pæling) enn forutsatt, manglar ved prosjektering og endringar og tilleggsbestillingar undervegs. Prosjektet inkluderer også inventar, som tidlegare har vore ført på eiga prosjektnummer (21013). Det vil bli utarbeidd sluttrapport på prosjektet.
Nerheim - næringsstomter	17 849	21 128 lht. plan	Kostnadar her er knytt til konsulenttenester og juridisk bistand i arbeidet med å danne utbyggingsselskap for området. Ølen næringspark AS er stifta. Selskapet har kjøpt opp området og står for utbygginga av området. Arbeidet her er godt i gang. Området er ikkje overskøyta til selskapet enda, då endeleg tomteinnndeling skal på plass først.



## Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Kommentar
Oppgradering bruer og kaiar	2 797	0	Forsinka	Midlar sett av til oppgradering av kommunale bruer og kaiar. Det er i 2020 utført inspeksjon på alle bruer og kaiar i kommunen, som viser at det er behov for store utbetringar framover.
Oppgradering omsorgssenter	8 895	1 091	Iht. plan	Ventilasjonsanlegg for delar av Vindafjordtunet er gamle og fungerer dårleg. I første omgang skal eit av dei 4 anlegga skiftast ut. Dette vert eit omfattande prosjekt som vil påvirke både tilsette og bebuarar. Prosjektering pågår. Det er og planlagt å installere naudstraumsaggregat ved Vindafjordtunet. Arbeid med dette er ikkje starta, då det har vist seg utfordrande å finne gode løysingar for dette.
Prosjektleiing/kostkontroll	1 168	1 153	Iht. plan	Årleg prosjekt med utgifter til prosjektleiing og kostkontroll av investeringsprosjekta. Midlane er trekt ut på eit prosjekt i staden for å fordele det til kvart enkelt prosjekt.
Skule og barnehagebygg	5 217	325	Iht. plan	Midlane her er sett av til nødvendig oppgradering av skule/bhg-bygg. Aktuelle prosjekt er reparasjon av el-tavle for Ølen gymbygg - ferdigstilt utskifting av ventilasjonsanlegg på Ølen gymbygg - VVS konsulent startar med dette når prosjektering av ventilasjonsanlegg på Vindafjordtunet er ferdig.
Tilrettelegging ladepunkt elbil	0	5	Ikkje vurdert	
Utbygging kommunale vegar	9 074	1 773	Iht. plan	Rammeløyving til utbygging nye kommunale vegar. Det er sett av midlar til ny veg i Liofeltet i Vikebygd og veg Gartnerihagen i Ølen. Arbeidet med ny veg i Gartnerihagen i Ølen pågår.
Vatn	26 484	14 816	Iht. plan	Midlar nytta til fleire prosjekt knytt til vassforsyning. Aktuelle prosjekt er t.d.: ny vassleidning på strekninga Isvik - Dalavik, samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen - arbeid pågår rehabilitering av vassleidningar i Vikedal sentrum, samarbeidsprosjekt med Rogaland Fylkeskommune - arbeid pågår ny inntaksleidning for vassverket i Skjold - ferdigstilt oppgradering Imsland vassverk - ferdigstilt oppgradering Vikebygd vassverk - ferdigstilt oppgradering av reinseanlegg Skjold vassverk - ferdigstilt Tvillingleidning over Vikedalselva - ferdigstilt
Vindafjordhallen - KS-sak 060/18 - kr 950	902	-141	Ferdig	Prosjektet er avslutta og entrepenørkostnadar er refundert.
Vossasvingen - TS-midlar 1,5 mill	-1 019	36	Ferdig	Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom Vindafjord kommune, Statens vegvesen/Rogaland fylkeskommune og Haugaland kraft. Det er lagt vass- og kloakkleidningar i traséen. Prosjektet er i all hovudsak fullført, anleggsbidrag frå fylkeskommunen og Haugaland kraft er mottatt, men deler av sluttoppgjer gjenstår.
Sum andre prosjekt	980	4 671		
<b>Sum</b>	<b>189 139</b>	<b>76 630</b>		

## Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,76 %	1,80 %	2,57 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,55 %	4,19 %	5,74 %



Fråvær

Korttid

Langtid

Samla  
fråvær

Årleg sjukefråvær 2021

0,82 %

6,52 %

7,34 %

## Status politiske vedtak

## Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
<b>Berekraftig utvikling</b>	<b>Vindafjord</b> <p>Vindafjord kommune skal i økonomiplanperioden ha fokus på berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold. Me må definere kva berekraftig utvikling betyr for vår kommune, gjerne ved å definere eigne konkrete mål og lage strategiar for gjennomføring. Berekraft skal speilast i eldreomsorga og skulen, like mykje som i landbruket og næringslivet.</p> <p>Kommunen er i ei særstilling i rolla si som utøvar av mynde, tenesteytar og samfunnsutviklar. Kommunen bør ta ei leiande rolle og engasjere bedrifter, organisasjonar og innbyggjarar for å fremma berekraftig utvikling. Gjennom det komande arbeidet med kommunepleanen kan me kople FN sine berekraftsmål til eigne mål, strategiar og tiltak.</p>	Ferdig	
<b>Gjere ei vurdering/evaluering av vask av smittetøy på vaskeriet</b>	<b>Forvaltning, drift og utvikling</b> <p>Vaskeriet er ikkje tilpassa god og effektiv drift ved smitte på omsorgsentra. Skal vaskeriet fortsetje med å vaske smittetøy er det behov for ein barrieremaskin. Dette vil gi ein god handtering av smittetøy. Me bør vurdere om det er riktig å tilretteleggje for vask av smittetøy i eige vaskeri eller om det er andre betre løysingar.</p>	Iht. plan	
<b>Rapport etter første prosjektperiode for Prosjekt Vakre Vindafjord</b>	<b>Forvaltning, drift og utvikling</b> <p>Ved utløpet av første prosjektperiode på 3 år, primo 2021 skal det leggjast fram rapport som samlar og tydeleggjer</p>	Ferdig	Rapport levert til KS juni 2021



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	prosjektet. Rapporten kan m,a, innehalda mål, oversyn over gjennomførte tiltak, leing, tiltaksplan vidare, økonomi, evalueringar og evt. framlegg til endringar som krev vedtak.		
<b>Utarbeida ein vedlikehaldsplan for det kommunale vegnettet, bruar og kaiar for å betre kunna utføra strategisk vedlikehald</b>	<b>Forvaltning, drift og utvikling</b> Vegvedlikehald har ikkje hatt høg økonomisk prioritet i kommunen sine budsjett. Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon er det vanskjeleg å sjå at dette vil betre seg. Det kommunale vegnettet er på ca. 10 mil. Det er utfordrande å ha eit godt nok førebyggjande vedlikehald. Vegbudsjettet ligg langt under tal for samanliknbare kommunar, samstundes som lengda kommunal veg som skal haldast ved like aukar t.d. ved opparbeiding av nye bustadfelt.	Ikkje starta	Utsatt pga korona og manglande kapasitet. Tidlegast oppstart til hausten pga vakanse.
<b>Utarbeide handlingsplan for oppfølging av strategi "Tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter etter plan- og bygningslova"</b>	<b>Forvaltning, drift og utvikling</b> Eininga utarbeidd i 2020 strategien "Tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter etter plan- og bygningslova. Strategiplan 2020-2024". Målet er - å sikra god kvalitet på byggetiltak og at dei er i samsvar med gitte vedtak og føresegner i plan- og bygningslova - skapa haldningar for god byggeskikk og lovlydigheit i byggesaker - stimulera føretak til auka kvalitet i alle delar av byggeprosessen	Ferdig	
<b>Utarbeide rapport og forslag til fast tilsynsordning av private avløpsanlegg</b>	<b>Forvaltning, drift og utvikling</b> Sidan mai 2018 har kommunen hatt ei 3-årig prosjektstilling på tilsyn av private avløpsanlegg og handsaming av søknader om utsleppsløyve av sanitært avløpsvatn frå hus og hytter. Stillinga har mellom anna jobba med å få på plass eit fast tilsynssystem. Siste del av prosjektperioden blir løyst i 50 % stilling og prosjektperioden varer då ut 2021. Det skal i det siste året skrivast ein rapport som gjere greie for rutinar og organisering av tilsynet, samt leggja fram ei sak med vurdering av framtidig behov for tilsyn og forslag til fast tilsynsordning.	Ferdig	Sak med rapport og behov for framtida vil komme opp til behandling i neste DUK
<b>Utføre kartlegging og vurdering av nedlegging/privatisering av fleire kommunale vegar og kaiar</b>	<b>Forvaltning, drift og utvikling</b> Vegvedlikehald har ikkje hatt høg økonomisk prioritet i kommunen sine budsjett. Ut frå kommunen sin	Ikkje starta	



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	<p>Økonomiske situasjon er det vanskeleg å sjå at dette vil betre seg. Det kommunale vegnettet er på ca 10 mil. Det er utfordrande å ha eit godt nok førebyggjande vedlikehald. Vegbudsjettet ligg langt under tal for samanliknbare kommunar samstundes som lengda kommunal veg som skal haldast ved like aukar t.d. ved opparbeiding av nye bustadfelt. Dette etterslepet gjer det svært utfordrande å forvalta naturressursar og menneskeskapte verdiar forsvarleg. I 2021 skal det derfor kartleggast og vurderast nedlegging/privatisering av fleire kommunale vegar og kaiar for å oppnå at budsjettmidlar og omfang stemmer betre overeins.</p>		

## Areal og forvaltning

### Omtale av rammeområde

Eining Areal og forvaltning dekkar fagområda plan, byggjesak (inkl. deling), oppmåling/matikkelføring/kart landbruk (jord- og skogbruk), vilt- og fiskeforvaltning, adressering, eigedomsskatt, utslepp frå og tilsyn med private avløpsanlegg og forureining (i hovudsak frå landbruk). Eininga har og arbeidsoppgåver knytt til forvaltning av vatn (ferskvatn og fjordar) gjennom vassområdeforvaltninga (både i Rogaland og i Vestland) og eit prosjekt på frivillige tiltak i landbruket på Haugalandet.

Eininga arbeider for eit aktivt jord- og skogbruksmiljø og ei positiv samfunnsutvikling med tilrettelegging av planar for tenlege bustad- og næringsområde. Viktige delar av arbeidsdagsoppgåvene er handsaming av søknadar og planar og å yta god service og gi god rettleiing til kundar innanfor alle fagområda.

Eining Areal og forvaltning er lokalisert på Teknisk bygg i Sandeid. Per 31.12.2021 hadde eininga 17,4 årsverk, inkludert ein prosjektstilling på 50 % på utslepp frå og tilsyn med private avløpsanlegg og ei 40 % interkommunal prosjektstilling på frivillige tiltak i landbruket.

### Utvalde resultat

#### Planarbeid

Kommunen er godt i gang med revisjon av kommuneplanen. Planprogrammet blei vedtatt i juni 2021 og kommunen har gjennomført ein omfattande medverknadsprosess til både samfunnsdelen og arealdelen. Planarbeidet er ei oppgåve for heile kommuneorganisasjonen, men eining Areal og forvaltning er sterkt med i dette arbeidet.

Planarbeid omfattar og behandling av kommunale og private reguleringsplanar. I 2021 vart det lagt fram fem detaljreguleringar til førstegongs behandling, og fem detaljreguleringsplanar til andregongs behandling og godkjenning i kommunestyret.



Kommunen har i liten grad den kapasiteten me har behov for når det gjeld arealplanlegging. For liten kapasitet kan gå på bekostning av private forslagsstillarar, gebyrinntektene for kommunen, og ikkje minst den kommunale planlegginga (kommuneplanen, kommunedelplanar/områdeplanar for tettstadar og detaljplanar for einskildområde, td. bustadfelt). Eininga har i 2021 kjøpt tenester frå plankonsulent. Dette har vært nødvendig for å sikre framdrift på privat og kommunal planarbeid.

### **Byggjesak og tilsyn**

Kommunen skal vera buattraktiv for alle aldersgrupper. Det er derfor ei viktig oppgåve å fremja gode bumiljø i nye bustadområde og å ta vare på kvalitetane ved eksisterande bumiljø. Byggjesaksarbeidet er prega av mange enkeltsaker som skal behandlast etter omfattande regelverk og innanfor fastsette fristar.

Eininga har ført tilsyn etter Vindafjord kommune sin vedtatt «Strategiplan for tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter etter plan- og bygningslova». Som oppfølging til strategiplanen vart det utarbeidd ein handlingsplan. Formålet med handlingsplanen er å sikra ei samla og heilskapleg styring av Vindafjord kommune sitt tilsynsarbeid og oppfølging av ulovlegheiter. Handlingsplanen vart godkjent i utval for drift, utvikling og kultur i november 2021 og gjeld for 2022 og 2023.

### **Oppmåling og kart**

Å utføra oppmåling og grensepåvising og å få dette tinglyst er viktig for eigedomsforvaltninga i kommunen. Viktige oppgåver er og ajourføring av kart, inkludert matrikkelføring av eigedomar, bygg og adresser. Dette arbeidet skjer fortløpande.

### **Landbruk – vilt/fisk**

Vindafjord kommune er ein stor jordbruks- og skogbrukskommune. God forvaltning av jord- og skogressursane til det beste for landbruket og busetnad i bygdene er prioriterte oppgåver. Forvaltning av ulike tilskotsordningar og handsaming av søknadar til Innovasjon Norge er viktige og arbeidskrevjande oppgåver.

Viltforvaltning knytt til hjort og rådyr er i periodar arbeidskrevjande. Det blir lagt vekt på å oppnå bestandar av god kvalitet på eit berekraftig nivå, dyr med høgare kroppsvekt, redusert skadeomfang knytt til landbruket og færre trafikkdrepane dyr. Uttak av hjort i jakta 2021 var rekordstort med 1052 felte dyr.

Vindafjord har i perioden 2019-2021 hatt arbeidsgjevaransvar for den interkommunale stillinga i prosjektet "Frivillige tiltak i landbruket på Haugalandet ". Prosjektstillinga skal gi informasjon og rettleiing om kva tiltak ein grunneigar kan gjere på sin landbrukseigedom, som bl.a. kan bidra til redusert næringsavrenning til lokale vassdrag. Arbeidsområdet er heile Haugalandet. Frå januar 2022 overtar Tysvær kommune arbeidsgjevaransvaret.

### **Forvaltning av vassressursane**

Noreg er gjennom EØS-avtalen (vanndirektivet) forplikta til å følgja opp den nasjonale vannforskrifta. På Haugalandet er dette koordinert gjennom ein felles vannkoordinator. Haugesund kommune har arbeidsgjevaransvaret for den tilsette. I Vindafjord har det i 2021 blitt utført tiltak i Oselva, Skiftesbekken, Alvseikjeåna, Aurdalsåna og Svendsbøelva. Formålet var å auke ungfiskproduksjonen ved å betre sjøaurens levekår. Tiltakene besto i hovudsak av å legge ut større stein, gytegrus og utbetre vandringshindre. Prosjektet er finansiert med midlar frå Miljødirektoratet, Rogaland fylkeskommune og Statsforvalteren i Rogaland.



### Tilsyn med private avløpsanlegg

Utslepp frå avløpsanlegg har stor påverknad på vasskvalitet i vassførekomst i Vindafjord kommune. Det er difor viktig at anlegga fungerer som dei skal, og at utsleppet er tilstrekkeleg reinsa før det går til resipienten. Tilsyn av avløpsanlegg er lovpålagt. Sidan mai 2018 har kommunen hatt ein 3-årig prosjektstilling på tilsyn av private avløpsanlegg og handsaming av søknader om utsleppsløyve av sanitært avløpsvatn frå hus og hytter. I 2021 vart det utarbeida ein sluttrapport «Tilsynsordning med private avløpsanlegg 2018-2021» som oppsummerer prosjektperioden og foreslår vidare arbeid.

### Nøkkeltal

	2017	2018	2019	2020	2021
Nye bustadar og tilbygg	55	35	41	49	41
Nye fritidsbygg og tilbygg	11	22	10	9	12
Ferdigattest	78	67	40	112	95
Mellombels bruksløyve	11	23	7	7	28
Oppmålingssaker	100	80	71	65	118
Krav om retting i matrikkelen	19	17	21	12	17
Vedtekne reguleringsplanar	8	2	9	2	5
Planar under arbeid	7	12	7	4	7
Produksjonstilskot	380	386	376	375	380
Regionalt miljøtilskot	224	238	239	232	240
Avløysartilskot ved sjukdom / fødsel	41	43	29	55	54
Innovasjon Norge	19	18	12	14	14
Miljøtiltak i landbruket	36	69	31	33	34
Skogbruk (NMSK)	29	13	16	30	31
Jordlov og konsesjonsaker	26	40	36	41	22
Landbruksvegar	16	14	13	25	23
Eigenfråsegn om konsesjonsfridom	240	191	203	204	236



## Viktige hendingar

Arbeidet i 2021 har vært påverka av korona-situasjonen. Hovudfokus for året har vore å oppretthalde ei god og forsvarleg drift med dei avgrensingar og utfordringar pandemien har ført med seg.

Areal og forvaltning har årlege dialogmøte med både landbruksnæringa og plan- og bygnæringa. Denne type kontaktmøte har eininga ikkje utført i 2021 grunna Covid-19 situasjonen. Eininga har god erfaring med denne type møte, og vil prioritere dette i 2022 og i åra framover.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	9 622	9 209	11 189	1 980

## Kommunaltekniske tenester

### Omtale av rammeområde

Eining Kommunaltekniske tenester har mellom anna ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, anlegg, vegar, idrett- og grøntområde, sal og utleige av næringsareal, samt dei gebyrbelagte tenestene vatn og avløp. Eininga har også ansvar for sakshandsaming innanfor dei ovannemde fagområda. Eininga held til i Teknisk bygg og på Steinsland i Sandeid, og har 25,1 årsverk.

### Bygg- og eigedomsforvaltning

Det er eit stort etterslep i vedlikehald av kommunal bygg. Vedlikehaldsetterslepet har økonomiske konsekvensar. Bygga får kortare levetid, eller krev meir ressursar ved istandsetjing/rehabilitering. Mangel på vedlikehald får også verknad på arbeidsmiljø i form av dårlegare innelima og trivsel. Nedslitne og lite føremålstenelege lokale kan også gi dårlegare tenestetilbod til brukarane.

Budsjettet til eininga vart noko styrka i 2020, men ikkje i 2021. Det er framleis behov for ytterligare styrking for å kunna ha ei god nok eigedomsforvaltning. Høge straumprisar og høge kostnadar til vedlikehald av bygg gir eit overforbruk. Høgare inntekter som følgje av utleige av Dommersnes reduserer overforbruket og gir eit resultat på totalt ca ein million kr i overforbruk for 2021.

Sjå også side om Investeringar for å få informasjon om større prosjekt eininga arbeider med.

### Vegar, bruer og kaiar

Det kommunale vegnettet er på ca. 10 mil kommunale vegar og ca 5 km fortau og gang/sykkelvegar. I tillegg kjem bruer og kaiar. Det er utfordrande å ha eit godt nok førebyggjande vedlikehald. Vegbudsjettet ligg langt under tal for samanliknbare kommunar, og det er behov for omfattande oppgraderingsarbeid av kommunale bruer og kaiar. Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon er det vanskeleg å sjå at handlingsrommet her vil endre seg i særleg grad. Vedlikehaldsetterslepet gjer det svært utfordrande å forvalta naturressursar og menneskeskapte verdiar forsvarleg.



Været har stor innverknad på dette området. Vintersesongen 2021 kom med relativt mykje frost og snø, og utgiftene til brøyting og strøying vart difor store.

### Generelt

Eininga har fokus på kompetanseheving gjennom deltaking på kurs og i interkommunale nettverk. Å ta vare på og vidareutvikle fagmiljø er viktig for å fylle dei forventingar eininga blir møtt med. Eininga har dyktige og engasjerte tilsette, men arbeidsmengda fører til manglande tilbakemeldingar på førespurnadar, lang sakshandsamingstid og at prosjekt må utsetjast. Det er ei utfordring at dokumentasjonskrav og arbeidsomfang aukar. Difor arbeider eininga med å betre rutinar og arbeidsflyt for å nå over mest mogleg med dei ressursane som er tilgjengelege.

### Viktige hendingar

Arbeidet i 2021 har i stor grad vore påverka av korona-situasjonen. Eininga har brukt mykje ressursar gjennom pandemien på å bistå helse-einingane med praktisk hjelp knytt til deira viktige arbeid.

Hovudfokus for året har vore å oppretthalde ei god og forsvarleg drift med dei avgrensingar og utfordringar pandemien har ført med seg.

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	19 872	21 747	20 775	-972

### VAR område

#### Omtale av rammeområde

I 2021 er det gjort mange tiltak for å sikre trygg vassforsyning til abonnentane. Det er til dømes lagt ny inntaksleidning til Skjold vassverk, reinseanlegget er oppgradert, vassforsyningskapasiteten er styrka i Vikebygd, det er gjort tiltak for å sikre vassforsyninga i Vikedal og det er gjort utbetringar på reinseanlegget i Imsland.

I økonomiplanperioden har Statens vegvesen og Rogaland Fylkeskommune store utbyggingsplanar i Vindafjord kommune. Fleire av desse utbyggingane gjeld område der eksisterande VA-anlegg er modent for fornying. Kommunen deltek difor i fleire fellesprosjekt. Eksempel på slike prosjekt er samarbeidet med SVV langs E134 i Skjold og med RogFk i Vikedal sentrum. Dei arbeider med vegutbetring og kommunen fornyar vass- og avløpsleidningar.

Gjeldande hovudplanar for vatn og avløp viser at det er naudsynt med store investeringar i åra framover for å sikra god kapasitet og trygg levering av desse tenestene i framtida. Etterslepet er stort og investeringane medfører auke i vass- og avløpsgebyr. Ny hovudplan for vassforsyning er under utarbeiding, og vil danne grunnlaget for prioriteringar dei kommande åra.

I gjeldande hovudplan for vatn er ein av hovud-konklusjonane at det må setjast større fokus på å redusera tal på og omfang av lekkasjar på vassleidningsnettet. Dette er eit viktig satsingsområde for drifta. I 2021 er det reparert 39 lekkasjar. Det er fornya 5 200 m vassleidning og 500 m avløpsleidning.



Det vert heile tida arbeida med å identifisere potensielle nye abonnentar. Særleg er dette aktuelt i dei områda me legg nye leidningar. Me ser også at det er fleire som har kommunalt vatn og/eller avløp, men som ikkje betaler for dette. Når desse vert oppdaga vert dei etterfakturert for tre år.

## Viktige hendingar

Arbeidet i 2021 har i stor grad vore påverka av korona-situasjonen. Hovudfokus for året har vore å oppretthalde ei god og forsvarleg drift med dei avgrensingar og utfordringar pandemien har ført med seg.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	-6 609	-8 213	-7 426	787

## Reinhold

### Omtale av rammeområde

Eininga sitt reinhold på kommunale bygg består av dagleg reinhold, ekstra periodisk reinhold nokre gonger gjennom året, samt årleg grundigare hovudreingjering. Smittereinhold vert utført ved behov.

Vaskeriet på Vindafjordtunet vert drifta av eining reinhold. Her blir privattøy til bebuarane på begge omsorgssentra vaska, i tillegg til dyner, puter, gardiner, dukar osv.

Eininga sel reinhold til private som ynskjer å kjøpe reinhold ved utflytting av kommunal bustad, til nokre få eksterne byggeigarar, samt økonomisk fordeling kommune og stat/fylke.

Eininga har 32 tilsette fordelt på 25,15 årsverk totalt. Administrasjon 1,1 årsverk, fordelt på 1 årsverk leiar og 0,1 årsverk merkantil. Vaskeri 1,27 årsverk og reinhold 22,78 årsverk

Dei tilsette i eininga representerer mange forskjellige land og kulturar. Dette gir eit variert og lærerikt arbeidsmiljø, men også nokre utfordringar med kommunikasjon og opplæringsbehov.

### Utvalde resultat

Året 2021 har vore sterkt prega av korona, med mange, lange periodar med smittevernstiltak og forsterka reinhold. Dette har belasta drifta både mht vikarbruk, forbruk reinholdsartiklar og fråvær.

Dei tilsette har stått på og vore positive sjølv om dei har hatt eit tøft år med mykje ekstra belastning, både i form av ekstraarbeid og det å ha mykje smitte tett på kvar dag.

2021 har vore eit år som først og fremst har handla om å halde drifta i gang, både i utførande og administrativ del. Har til tider vore vanskeleg å få tak i nok vikarar, spesielt på slutten av året.

På begge omsorgssentra har det i løpet av året vore utført dagleg vask av alle kontaktpunkt, noko som har kravd ekstra ressurser. Likeeins på skular og barnehagar med lange periodar med gult/rødt nivå.



2021 har vore eit driftsmessige meir krevjande år enn 2020, noko resultatet også viser. Dette grunnar seg i at det i 2020 var heilt nedstengt ein lang periode, hadde lange periodar tilnærma "normalt liv" og mindre smitte. I 2021 har det vore drift med smittevernstiltak, meir smitte og meir fråvær store deler av året.

Generell forventning og fokus på reinhald har auka. «Ny normal» vil nok aldri verta heilt som før mht reinhald og hygiene. Dette vil gjelde både forbruk av reinhaldsartiklar, tidsbruk og kvalitet på utføring.

### Viktige hendingar

2021 har vore eit driftsmessige meir krevjande år enn 2020, noko resultatet også viser. Dette grunnar seg i at det i 2020 var heilt nedstengt ein lang periode, hadde lange periodar tilnærma "normalt liv" og mindre smitte. I 2021 har det vore drift med smittevernstiltak, meir smitte og meir fråvær store deler av året.

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	13 846	15 238	15 358	120

### Brann og redning

#### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	10 336	10 408	10 465	56

### Felles Forvaltning, drift og utvikling

#### Status økonomi

*Beløp i 1000*

Rammeområde/eining	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
<b>Sum</b>	3 418	-1 038	-2 426	-1 388



## Vedlegg

### 1. Gjelds- og finansforvaltning

Reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga i Vindafjord kommune styrar dei grunnleggjande prinsippa for forvaltninga av kommunen si finansielle aktiva (plasserte midlar) og forvaltninga av gjeldsportefølja (passiva). Både finans- og gjeldsforvaltninga er gjennomført i 2021 i tråd med vedteke finansreglement, og blir rapport til politisk nivå tre gonger pr. år inkludert årsmelding.

Reglementet for gjelds- og finansforvaltning blei oppdatert i 2021.

#### Gjeld

Per 31. desember 2021 var samla låneportefølje på kr 602 607 549, av dette var kr 30 727 549 (5,1 %) lån frå Husbanken til vidare utlån (Startlån). Av den samla låneporteføljen var om 47 % (280 mill.) lån i verdipapirmarknaden, resten lån i Kommunalbanken. Netto auke i lånegjeld i 2021 var kr 47 962 013. Samla brutto renteutgifter blei kr 7 093 440 mot justert budsjett på kr 9 938 318. Reduksjonen i renteutgifter frå 2020 var på vel 2,3 millionar.

Nøkkeltall	31.12.2021	31.12.2020	31.12.2019
<b>Total lånegjeld</b>	Kr 602 607 549	Kr 554 645 536	<b>Kr 519 679 832</b>
<b>Rentebindingstid</b>	0,97 år	1,42 år	<b>2,01 år</b>
<b>Vekta gjennomsnittsrente</b>	1,19 %	1,48 %	<b>1,86 %</b>
<b>Kapitalbinding</b>	1,78 år	1,84 år	<b>2,64 år</b>
<b>Rentebinding under 1 år</b>	83,41 %	61,60 %	<b>47,56 %</b>
<b>Kapitalbinding under 1 år</b>	51,17 %	57,24 %	-
<b>Rentesensitivitet (ved 1 %-poeng auke)</b>	<b>Kr 5 026 075</b>	<b>Kr 3 416 455</b>	<b>Kr 2 471 798</b>

Delen lån som har rentebinding under 1 år (fast rente) var på 83,41 prosent, ei auke frå 61,60 % ved starten av 2021.

Kommunen har dei siste åra nytt godt av låge rentenivå. Det er ført ein aktiv gjeldsstrategi med kortare tidshorison på låna og hyppige refinansieringar for å oppnå mest mogleg gunstige rentevilkår i marknaden. Kort eller flytande rente er som regel mest lønnsam over tid, og det har ikkje vore vurdert som fornuftig å betale meir for ei rentesikring. Ved slutten av året hadde litt over halvparten, 51 %, forfall det kommande året. Dette medfører ein refinansieringsrisiko, men det blir vurdert til å vere handterbart. Kapitalbindingstida var 1,78 år ved slutten av året, ein liten reduksjon frå 1,84 år på same tidspunkt året før. Indikatoren viser kor lang tid det i snitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller komme til forfall.

Ved inngangen på 2021 var styringsrenta frå Norges Bank på 0 %. Flytande p.t.-rente i Kommunalbanken var 0,9 % og indikativ lånerente for kommunane låg på 0,55 % for lån med rentebinding i 3 månadar og



på 0,9 % for rentebinding i 3 år. I slutten av september blei styringsrenta sett og 0,25 %. I desember blei det sett vidare opp til 0,5 %, og det blei signalisert ytterlegare fem nye hevingar i løpet av 2022 og 2023. P.t.-renta i Kommunalbanken var ved årets slutt 1,3 %. Lån med 3 års bindingstid hadde ei indikativ lånerente på vel 1,95 %, og indikativ lånerente for lån med rentebinding i 3 mnd låg rett under 1 %.

Nasjonalt peiker eit stadig stramare arbeidsmarknad med låg ledigheit på gradvise rentehevingar, det same gjere den sterke inflasjonen både lokalt og nasjonalt. Krigen i Ukraina vil også kunne verke inn på finansmarknadane, og har allereie ført til ytterlegare pris på energi og råvarar.

Sjølv om det er knytt stor usikkert til lånerenta, er det svært sannsynleg at den på eit eller anna tidspunkt vil gå opp. Det er viktig å ta omsyn til, slik at kommunen kan handtere auken når den kjem. Renteutgifter er ikkje del av inntektssystemet, og må difor dekkast innanfor kommunen sine samla rammer. Samstundes vil ein del av renteauka bli dekkja inn gjennom auka gebyr og høgare renteinntekter. Rente-sensitiviteten ved ei auke på 1 %-poeng var vel 5 millionar ved utgangen av 2021.

### **Aktiva**

Kommunen har plassert likviditet i bank, eigenkapitalbevis og sertifikat/obligasjonar. Samla marknadsverdi ved utgangen av året for plasseringane var kr 86 417 541 i obligasjonar og kr 32 238 820 i eigenkapitalbevis i norske sparebankar. Kommunen har plassert pengar gjennom to ulike forvaltarar og avkastninga i 2021 var samla om lag 10 % justert for forvaltningskostnader. Til samanlikning var renta på bankinnskota til kommunen var om lag 1,45 % ved utgangen av 2021.

Stresstesten for kommunen sine plasseringar viser eit samla potensielt tap ved eit brått renteskift på 2 % på kr 683 568 og ein korleksjon i aksjemarknaden på 25 % som gir eit tap på kr 8 059 710. Samla gir dette eit potensielt tap på 8,743 millionar. Kommunen opplevde i månadsskifte mars/april i 2020, i samband med korona-pandemien at slike brå endringar kan gje store effektar for verdipapira. For å kunne stå i mot ein slik tap blei det i samband med revidering av finansreglementet i 2021 vedteke å opprette eit bufferfond på 5,5 millionar. På grunn av det gode finansielle resultatet er dette fondet auka til kr 8,059 mill. per 31.12.21. Dette svarar til eit verditap på 25 % på kommunen sine eigenkapitalbevis.

### **Avvik**

Per 31.12.21 var det ingen avvik i gjelds- og finansforvaltninga.

I løpet av året var det eit avvik ved 1. tertial i finansforvaltninga i høve reglementet som gjaldt då. I finansporteføljen forvalta av Bergen Capital Management AS var durasjonen i porteføljen då 0,46 år. Dette var eit avvik frå gjeldande finansreglement som sa at renteporteføljen skulle ha ei varigheit (durasjon) på mellom 0,5 år og 3,0 år avhengig av renteforventing. Det blei då vurdert til å ikkje vere eit betydeleg avvik, og kommunedirektøren foreslo på same tid og ta bort minimumskravet i det nye reglementet. Dette blei vedteke av kommunestyret i same møte som tertialrapporten blei handsama.



## 2. Resultatmelding revisjonsrapport "Økonomistyring innan helse og omsorg"

Kommunestyret vedtok i sak 044/21 at: 2. Vindafjord kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide ei resultatmelding som skal syne status for og resultat i oppfølginga av revisjonsrapporten. Resultatmeldinga skal følge som vedlegg til årsmelding og årsrekneskap for 2021.

### 1. Utarbeide eit realistisk budsjett som mellom anna tar høgde for ei bemanning som er naudsynt for å dekke ein forsvarleg grunnturnus.

Det er i dei to siste budsjettframlegga vore eit sterkare fokus på realistisk budsjettering innanfor tenestene i helse og omsorg sitt rammeområde. Ein del opplagde underbudsjetteringar er retta opp i og nokre områder er det eit budsjett nærare forventa forbruk, fordi ein ikkje finn rom for alt i kvar budsjetttrunde. Nedanfor viser ein kort kva som er gjort for å få betre samheng mellom drift og behov på ulike einingar/ tenesteområder. Nokre av desse korrigeringane er omfattande og andre er mindre, men dei har i sum utgjort eit betydeleg budsjettavvik som no er redusert.

#### Institusjonar/sjukeheimar

Innanfor dette området har det sidan 2021 vore fokus på å justera inn bemanning som er tilpassa nedjustert drift og felles norm for pleiefaktor på dei ulike avdelingane. Det vil vere eit kontinuerleg fokus på å regulere bemanning etter behovet i tenestene. Det er krevjande å regulere bemanning samstundes som ein skal ha forsvarleg drift og vere ein attraktiv arbeidsgjevar som treng å behalde alle med helsefagleg utdanning på alle nivå. Rekrutteringsutfordringar er ein problemstilling som me allereie kjenner godt i kvardagen.

Det er også gjort eit organisatorisk grep ved å slå saman omsorgssenteret i Ølen og Vindafjordtunet til ei eining med felles leiar.

#### Tilrettelagde tenester/heildøgnsbemanna bustader

I tilrettelagde tenester er budsjettet justert til endringar i brukarbehov som er forventa framover. Det er også der fokus på bemanningsplanar og turnus, slik at ressursar vert nytta best mogleg og at ein legg til rette for høgare stillingsstorleikar

#### Heimetenester, ambulerande heimesjukepleie og praktisk hjelp/dagtilbod

Budsjett for heimetenester er auka både innanfor heimesjukepleie, dagtilbod og praktisk bistand for å møte auka aktivitet og tilrettelegging for at bebuarar i kommunen kan bu heime eller i tilrettelagt bustad så lenge som mogleg. Det er i dette arbeidet også justert for urealistisk budsjettering på enkelt tenesteområder som tidlegare har vore udekkka. Det er og lagt inn midlar til noko auka aktivitet. Det er forventa meir behovsauke i heimetenesta framover.

#### Helse

Innanfor helse er det dei to siste åra justert for underdekning på nokre budsjettpostar som ikkje har hatt full dekning tidlegare, dette gjeld blant anna inngåtte avtalar knytt til legevakt samarbeid med Haugesund kommune og samarbeidsavtalar med private legekantar.

#### Rus og psykiatri

Innanfor Rus og psykiatri er budsjett justert for nye brukarbehov, reelt behov er under vurdering for seinare budsjett

#### NAV

Innanfor NAV er urealistisk lågt budsjett for sosialhjelp justert opp dei to siste åra, og må også vurderast for seinare budsjett.



### Barnevern

Budsjettet er noko styrka, og det er jobba aktivt med å sjå på tiltakssida. Rekneskapen viser ein markant betre resultat på ein skilde område, til dømes tiltak utanfor heimen der kommunen i 2021 brukte omlag 4 millionar mindre enn i 2019.

### **2. Identifisere og dokumentere kva tiltak som er naudsynt å sette i verk for å lukke avvik mellom ressursbehov og budsjetttramme.**

Viser her til oversikten på pkt. 1 som syner at det er jobba bredt for å redusere avvik mellom ressursbehov og budsjetttramme.

### **3. Sikre at einingsleiarane får tilstrekkeleg opplæring i økonomi- og budsjettssystemet og i å utarbeide treffsikre prognosar**

Einingsleiarane har no jobba ei tid med økonomiverktøyet Framsikt og har etterkvart blitt betre på å bruke det. Økonomiavdeling og linjeleiing tilbyr opplæringsdagar og rettleiing for dei som treng bistand. Me meiner at i sum er me blitt betre til å gi prognoser, men dette er eit forbettringspunkt for organisasjonen å jobbe med for å bli betre på. Behov for opplæring blir vurdert fortløpande og alle nye leiarar får tilbod om opplæring.

### **4. Sikre at det er tilstrekkeleg tydeleg kven som har ansvar for å identifisere og melde inn tiltak for å redusere omfanget av eventuelle budsjettoverskridingar undervegs i året, og for å treffe avgjersler knytt til dette.**

Kven som har ansvar for kva er skriftleggjort i oppdatert rutine for månadleg økonomirapportering. Det er eit eige felt i månadsrapporten (jf. svar i pkt. 5) for å rapportere kva tiltak budsjettansvarleg har sett i gang eller skal setje i gang for å redusere omfanget av negative budsjettavvik. Det er sett krav til at alle som prognoserer meirforbruk skal bruke dette feltet. Det er tydeleggjort i rutinen kva type tiltak som er innafor budsjettansvarleg sitt mynde og kva som må løftast opp.

### **5. Sørge for at rapporteringa til politisk nivå er tilstrekkeleg tydeleg med omsyn til:**

**a) Årsaker til ev. avvik mellom ressursbruk og budsjett**

**b) Kva tiltak som blir sett i verk for å redusere forbruk ved ev. overskridingar, og kva kostnadsreduksjon som er venta**

**c) Ev. behov for budsjettjustering (om ikkje tiltaka dekker behovet).**

Kommunedirektøren si oppfatning er at formannskap og kommunestyret no er betre nøgd med rapporteringa gjennom året og at prognoser gir eit betre frampeik på status for året. Med unnatak for høgare pensjonsutgifter, som einingane ikkje har innsikt i, var det relativt god samanheng mellom prognosane gjennom året og faktisk resultat når det vert tatt omsyn til at endringar innan tenestane vil kunne skje gjennom året.



**6. Vurdere om det med omsyn til tydelegheita i den politiske rapporteringa er føremålstenleg at barneverntenesta blir omtalt under rammeområde helse og omsorg i budsjett og rekneskapsrapportering.**

Kommunedirektøren viser her til den tilbakemeldinga som blei behandla i kommunestyret 22.06.21, det er ikkje gjort nye vurderingar knytt til det området.

*«Når det gjeld rapportering til politisk nivå, så «kjenner» kommunestyret i utgangspunktet berre kommunedirektøren, slik at organiseringa skal ikkje ha nokon innverknad her. I tillegg er det slik at barnevernet høyrer heime under Utval for Oppvekst og Omsorg (OPOM) sitt ansvarsområde, der begge aktuelle kommunalsjefar stiller i fellesskap, og kan svare ut dei spørsmål som oppstår.*

*Internt opplever kommunedirektøren det ikkje som ei utfordring å følgje opp verken kva ansvarsområde dei ulike kommunalsjefane har, og kva einingar som ligg under dei ulike kommunalsjefane.*

*På bakgrunn av dette ser ikkje kommunedirektøren behov for å endre organisasjonen på dette området på grunn av budsjettoppbygging og rekneskapsrapporteringa.»*